

Strategiplan for integrering

2021 - 2025



Framsidebilete: Rut Oppedal Rasmussen

INNHALDSOVERSIKT

DEL 1: RAMMEVERK OG FORANKRING	5
EI KORT INNFØRING.....	6
RAMMEVERK FOR PLANPROSJEKTET	7
OVERORDNA MÅL FOR INTEGRERINGSARBEIDET I KVAM.....	7
INNVANDRING TIL KVAM.....	8
FORANKRING OG MANDAT FOR PROSJEKTET.....	10
TIDSRAMME OG RESSUR SAR.....	10
STATLEGE OG JURIDISKE FØRINGAR.....	10
SENTRALE OMGREP OG KUNNSKAPSGRUNNLAG	11
METODAR, FRAMGANGSMÅTAR OG VERKTØY	22
DEL 2: ERFARINGAR MED Å KOMA SOM INNVANDRARAR TIL KVAM.....	24
VAKSNE INNVANDRARAR FORTEL	25
UNGE STEMMER	34
DEL 3: SLIK HAR ME DET.....	43
KARTLEGGING AV KOMMUNALE EININGAR OG TENESTER	44
OPPVEKST.....	44
HELSE OG OMSORG	50
SAMFUNN, NÆRING OG KULTUR.....	57
TEKNISK OG INFORMASJON	59
ØKONOMI OG HR	60
PLAN OG BYGG	61
KVAM HERAD SOM ARBEIDSGJEVAR	62
KARTLEGGING AV FYLKESKOMMUNALE AKTØRAR.....	64
KVAM VIDAREGÅANDE SKULE	64
TANNHELSETENESTA	65
KARTLEGGING AV STATLEGE AKTØRAR I KVAM	66
POLITITATEN.....	66
SKATTEETATEN I KVAM	67
KARTLEGGING AV PRIVATE SKULAR OG BARNEHAGE I KVAM	68
SANDVEN FUS BARNEHAGE	68
FRAMNES VIDAREGÅANDE SKULE	69
KVAM FRISKULE	70
KARTLEGGING AV NÆRINGSLIVET	71
NÆRINGSLIVET I KVAM	71
KARTLEGGING AV HANDALAG OPPLÆRINGSKONTOR.....	74
KARTLEGGING AV FRIVILLIGE LAG OG ORGANISASJONAR I KVAM.....	75
LAG OG ORGANISASJONAR I KVAM	75

DEL 4: SLIK VIL ME HA DET OG SLIK FÅR ME DET TIL78

OVERORDNA MÅL FOR DET VIDARE INTEGRERINGSARBEIDET	79
HOVUDMÅL FOR INTEGRERING PÅ KVART AV LIVSOMRÅDA	80
FRAMDRIFT OG MÅLOPPNÅING	80
IDÉBANK FOR OPERASJONELLE MÅL OG TILTAK	82
ETABLERING OG BUSETJING.....	83
ØKONOMI OG LEVEKÅR	84
FAMILIE, BARN OG UNGE	86
KVALIFISERING.....	91
HELSE	93
ARBEID OG SYsselSETTING.....	95
KOMMUNIKASJON OG INFORMASJON	96
FRTID OG LOKALE, SOSIALE NETTVERK.....	97

VEDLEGG99

DEL 1

***Rammeverk og
forankring***

Ei kort innføring

Strategiplan for integrering 2020-25 er ei vidareføring av den førre strategiplanen frå 2015. Planen som føreligg, skil seg frå den førre når det gjeld organisering, oppbygging og arbeidsmåtar. Ei innvendig mot førre strategiplan var at denne gav for lite rom for medverknad. I arbeidet med ny strategiplan har det difor vore avgjerande å sikra medverknad gjennom heile planprosessen. Dette er mellom anna gjort ved at prosjektet har hatt ei aktiv prosjektgruppe sett saman frå ulike einingar og tenester. Det har også vore ein omfattande kartleggingsrunde av kommunale tenester og einingar, statlege og fylkeskommunale aktørar, frivillige lag og organisasjonar, næringslivet og private skular og barnehagar. I tillegg har det vore ein stor intervjurunde, der 11 vaksne og 16 unge med innvandrarbakgrunn er intervjuet om si oppleving av å koma til Kvam. Den breie kartlegginga i prosjektet er forankra i eit integreringsteoretisk perspektiv som handlar om å ta utgangspunkt i livsverda til dei som planen skal omfatta.

Strategiplanen er delt inn i fire deler: «*Rammeverk og forankring*», «*Erfaringar med å koma som innvandrar til Kvam*», «*Slik har me det*» og «*Slik vil me ha det – og slik får me det til*». I fyrste del vert det gjort greie for forankringa og rammeverket for planen. I andre del vert det presentert empirisk materiale frå samtalar med representantar for innvandrarbefolkninga. Del 3 er utarbeida frå kartlegginga og er ein gjennomgang av situasjonen slik han er no. I del 4 vert hovudmåla for integreringsarbeidet presenterte. Her er det også ein idébank med framlegg til mål og tiltak for det vidare integreringsarbeidet, presenterte i tabellform.

Målet med planen er å skapa ei brei fagleg plattform for integreringsarbeidet og samarbeidet rundt dette i heradet vårt. Det er intensjonen at planen skal vera eit dokument som gjev tydeleg retning for det vidare integreringsarbeidet i Kvam. For at dette skal implementerast på tenestnivå, vil det for fleire aktørar vera behov for å laga eigne handlingsplanar med utgangspunkt i denne planen.

Strategiplan for integrering skal femna om integreringsarbeid for alle innvandrargruppene: Flyktningar, arbeidsinnvandrarar og familiegjenforeinte. Det er eit utgangspunkt og ein premiss for planen at gruppa «innvandrarar» er ei sær heterogen gruppe.

Gjennom kartleggingsarbeidet i integreringsplanen kjem det fram nokre hovudutfordringar når det gjeld integreringsarbeidet. Det viktigaste funnet er at Kvam herad treng meir heilskap rundt dette arbeidet i kommunen. Det er eit stort behov for **auka tverrfagleg samarbeid**. Det er ynskjeleg at alle som i arbeidskvardagen sin møter flyktningar og innvandrarar, har eit meir formalisert samarbeid. Vidare vert det uttrykt at det er eit stort behov for **eit koordinerande organ** i kommunen, som kan ha oversikt og samordna integreringsarbeidet for alle i innvandrarbefolkninga. Noko anna det er behov for, er meir **kompetanse i integreringstematikk** hjå ulike aktørar.

Dei frivillige og næringslivet held alle fram **høgare språknivå** som avgjerande for å få innpass på arenaer i lokalsamfunnet. Dei intervjuet seier alle at dei synest **Kvam er ein god stad å bu**. Mange held fram at dei kjenner seg trygge her, at det er ein god stad for barna å veksa opp, med gode helse-, barnehage- og skuletilbod. Når det gjeld det som er utfordrande, vert det peika på at det er **vanskeleg å koma inn på arbeidsmarknaden i Kvam**. Vidare er det ei gjengs oppleving at det er **utfordrande å skaffa seg sosialt nettverk i lokalsamfunnet**.

Gjennom planprosjektet er det vorte tydeleg at eit viktig mål for kommunen i planperioden bør vera å få til eit **meir heilskapleg integreringsarbeid**. For å få dette til, vil det vera naudsynt å gjera **strukturelle endringar** for å få eit betydeleg betre **tverrfagleg samarbeid** innanfor tenestene i kommunen, og mellom kommunen og andre aktørar.

Rammeverk for planprosjektet

OVERORDNA MÅL FOR INTEGRERINGSARBEIDET I KVAM

Kvam herad sin visjon er «å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid». Hovudmålet for integreringsplanen og arbeidet rundt han er i tråd med kommunen sin visjon. Dette hovudmålet skal seia noko om korleis me tenkjer at framtida i Kvam best kan skapast:

Alle innbyggjarar i kommunen vår deltek og bidreg i kvardagslivet i lokalsamfunnet, og kjenner at dei høyrer til i Kvam.

Det er eit utgangspunkt for integreringsarbeidet i Kvam herad at me møter mangfaldet som ein ressurs og legg til rette for at dei som buset seg i kommunen vår, kjenner seg som ein integrert og aktiv del av lokalsamfunnet. For å vera ein aktiv del av lokalsamfunnet, krevst det at ein kjenner seg trygg nok til å delta og bidra til samfunnet.¹ Gjennom tilhøyrse til og deltaking i lokalsamfunnet kan det skapast grobottn for eit godt og meningsfullt liv, som kan bidra til at ein kan kjenna seg trygg nok til å delta og bidra i samfunnet.

Eit anna viktig moment for å kunna vera aktiv, trygg og deltakande, er kompetanse. Planen legg til grunn at integreringsarbeidet i Kvam skal bidra til å byggja opp den språklege og sosiokulturelle kompetansen hjå personar med innvandrarbakgrunn, slik at dei skal kunna fungera som deltakande aktørar i det norske samfunnet og lokalsamfunnet. For å nå dette målet, er det viktig å leggja til rette for at både barn, unge og vaksne innvandrarar meistrar norsk språk så tidleg som mogleg. Tilgang på arbeidsmarknaden og moglegheit for å nytta eigen arbeidskompetanse er avgjerande for å kunna delta aktivt i lokalsamfunnet.

I planarbeidet er det teke utgangspunkt i åtte livsområde for å seia noko om integrering på ulike felt. Det vert teke utgangspunkt i livsområde som inndelingsmetode fordi integreringsarbeidet i kommunen skal målast ut frå kva behov dette arbeidet skal fylla for målgruppa. Livsområda er som fylgjer: Etablering og busetjing, økonomi og levekår, familie, barn og unge, kvalifisering, helse, arbeid og sysselsetjing, kommunikasjon og informasjon og fritid og sosiale nettverk.

I integreringspolitikken gjeld sektoransvarsprinsippet. Det vil seia at kvar fagsektor har ansvar for utvikling og tilpassing av eige tenestetilbod. Dei ulike tenestene skal utøva, tilpassa og utvikla tenester for alle grupper i samfunnet, også for innvandrarbefolkninga. Kvar eining har slik ansvar for å yta dei tenestene som innbyggjarane i Kvam har rett på. Dei ulike faginstansane har sjølv ansvaret for å ha nok kunnskap og kompetanse for denne gruppa innanfor sitt fagfelt.


¹ Førre plan bygde på to grunnpilarar frå mandatet som då vart gjeve, og desse vil verta vidareførte i målformuleringa i denne planen:

-Alle innbyggjarar skal ha same moglegheit til å delta i samfunnet ut frå individuelle føresetnader og potensial.

-Alle innbyggjarar har ei plikt til å bidra innanfor sine føresetnader og sitt potensial.

INNVANDRING TIL KVAM


Kvam er eit mangfalding samfunn med innbyggjarar frå 52 nasjonar. Innvandrarbefolkninga² i Kvam utgjer 11,7 prosent av den totale folkesetnaden, medan landsgjennomsnittet er på 18,2 prosent³. Frå 2013 og fram til 2020 har auken i delen innvandrarar i Kvam flata ut. Hovudårsaka til utviklinga er redusert arbeidsinnvandring og færre busetjingar av flyktningar.



Figuren viser delen innvandrarar i prosent i Noreg, Vestland og Kvam i perioden 2000 – 2020.

Til Kvam kjem det flest innvandrarar frå Europa (Litauen og Polen). Desse er i all hovudsak arbeidsinnvandrarar. Kvam har og ein del innvandrarar frå Midtausten (Syria) og Afrika (Eritrea, Somalia og Kongo) og Sørøst-Asia (Thailand og Filipinane). Det er ei overvekt av menn som kjem frå Europa, medan det er fleire kvinner frå Asia. Mellom innvandrarar frå Afrika er kjønnsforskjellane små.

Personer med innvandrerbakgrunn. Utvalgte land. 2020




Kilde:

Innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre, Statistisk sentralbyrå

² Innvandrarbakgrunn her definert som personar med utanlandskfødde foreldre som sjølve er fødte i utlandet, eller personar født i Noreg med utanlandskfødde foreldre. Nemninga innvandrar vil verta ytterlegare diskutert seinare i dette kapittelet.


³<https://www.ssb.no/kommunefakta/kvam>, <https://www.ssb.no/innvbef>

Når det gjeld alderssamansetting, viser tal frå 2020 at det er i aldersgruppa 0-17 år me finn flest personar med innvandrarbakgrunn i kommunen vår: 14,2 % av barn og unge i Kvam har innvandrarbakgrunn. Landsgjennomsnittet ligg på 19,2 %.



Figuren viser delen innvandrarak i aldersgruppa 0-17 år i prosent i Noreg, Vestland og Kvam i perioden 2000 – 2020 (Kilde: kommunehelsa statistikkbank 2021)

I den vaksne befolkninga i Kvam er det 11 % med innvandrarbakgrunn. Her ligg Kvam også langt under landsgjennomsnittet som er 18 %. Til forskjell frå landet og fylket kan det sjå ut til at delen innvandrarak i Kvam flatar ut, medan trenden er aukane nasjonalt og regionalt.



Figuren viser delen innvandrarak i aldersgruppa 18+ år i prosent i Noreg, Vestland og Kvam i perioden 2000 – 2020 (Kilde: kommunehelsa statistikkbank 2021)

FORANKRING OG MANDAT FOR PROSJEKTET

Arbeidet med integreringsplanen vart innleia av dåverande fagleiar i flyktingtenesta, Malin Namdal, hausten 2019. I januar 2020 tok Kristin Lundblad over prosjektansvaret, og rådmannen avgjorde i same periode at leiargruppa i heradet ville vera styringsgruppe for planarbeidet. Styringsgruppa har vedteke mandatet og er ansvarleg for at prosjektet vert gjennomført i tråd med måla for arbeidet. Denne gruppa godkjenner alle avgjersler rundt retning og organisering av arbeidet.

TIDSRAMME OG RESSURSAR

Det noverande planarbeidet hadde oppstart i januar 2020. Frå januar til juni har prosjektleiari hatt ein 20 prosent stilling i planarbeidet, og frå august til og med desember 2020 var stillinga 50 prosent. Vidare har prosjektleiari jobba med planarbeid i 20 prosent stilling frå januar til og med mars 2021.

Styringsgruppa har vedteke ei prosjektgruppe som representerer ulike einingar og tenester. I denne gruppa sit Jon Nedkvitne (leiari for eining for samfunn, næring og kultur), Ingegjerd Pedersen Lid (leiari for tenestekontor helse og omsorg), Lena Laupsa (fastlege), Sidsel Haugen (leiari i Grannehjelpa), Grethe Helen Mæland (helsesjokepleiari/helsestasjon for flyktingar), Elin Tonning, (fagleiar i flyktingtenesta), Kjell Arne Gjørn (rektor ved vaksenopplæringa) og Ingunn Hildonen Teigland (prosjektleiari for Betre tverrfagleg innsats (BTI)). I denne gruppa har ulike einingar og tenester vore direkte involverte i arbeidet med planen, og vidare bidrege med viktig kompetanse på ulike felt. Gruppa hadde det første møtet i juni, og det har vore månadlege møte frå august 2020 til mars 2021. Arbeidet med planen har i nokon grad vorte påverka av den pågåande koronapandemien. Dette gjeld fyrst og fremst tidsbruk og framdrift.

Før gjennomgang av tema for integrering og kommunen sitt arbeid på desse områda, er det naudsynt med ein gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget som planen byggjer på.

STATLEGE OG JURIDISKE FØRINGAR

Den 29. oktober 2018 kom regjeringa med sin integreringsstrategi 2019-2022: «Integrering gjennom kunnskap».⁴ Her vert dei politiske måla på integreringsområdet knytte opp til bestemte samfunnsområde. Hovudmål for strategien, er «...høyere deltaking i arbeids- og samfunnsleving for innvandrere» Regjeringa sitt utgangspunkt er at dei som skal leva i Noreg må «...være en del av store og små fellesskap i samfunnet vårt». Vidare byggjer strategien på St.meld 30 (2015-2016), med fokus på arbeidsdeltaking. Det viktigaste målet for strategien er at innvandrarar og personar med innvandrarakgrunn kjem i jobb slik at dei kan forsørge seg sjølv og barna sine. Eit hovudtiltak i strategien er å satsa på utdanning, kvalifisering og kompetanse. Det vert framheva at den langsiktige sosiale og økonomiske berekrafta i samfunnet står sentralt.

Integreringsstrategien har fire innsatsområde, med tilhøyrande mål og hovudgrep for å nå måla. Innsatsområda kan sjåast på som ein omgrepsmodell, på den måten at dei seier noko om kva element (dimensjonar, samfunnsområde, mål, arenaer, eller kombinasjonar av desse) regjeringa ser på som mest sentrale i forståinga si av integrering. Innsatsområda med tilhøyrande modell er vist under:

⁴<https://www.regjeringen.no/contentassets/710bc325b9fb4b85b29d0c01b6b6d8f1/regjeringens-integreringsstrategi-20192022.pdf>

Tabell 3-1 Norge: Innsatsområder og mål i den norske regjeringens integreringsstrategi 2019-2022.

Innsatsområder	Mål
1. Utdanning og kvalifisering	<ul style="list-style-type: none"> • Gi barn og unge med innvandrerbakgrunn gode norskkunnskaper, grunnleggende ferdigheter og faglig kompetanse, gjennom likeverdige utdanningsløp fra barnehage til og med videregående skole. • Økt arbeidsdeltakelse blant innvandrere gjennom bedre kvalifisering og utdanning.
2. Arbeid	<ul style="list-style-type: none"> • Flere innvandrere med godt og stabilt fotfeste i arbeidslivet.
3. Hverdagsintegrering	<ul style="list-style-type: none"> • Innvandrere skal oppleve økt tilhørighet og deltakelse i samfunnslivet.
4. Retten til å leve et fritt liv	<ul style="list-style-type: none"> • Forebygge negativ sosial kontroll og bygge ned barrierer for den enkeltes frihet.

I august 2019 vart forslag til ny integreringslov sendt ut på høyring. Denne lova skal erstatta dagens introduksjonslov⁵, og det vert her lagt til rette for at fleire flyktningar skal få formell utdanning og koma i jobb. Utdanning, kvalifisering og kompetanse vert difor vektlagt i større grad⁶. Lova tredde i kraft 01.01.2021. Den nye lova kjem med større krav til meir individuelle og tilpassa kvalifiseringsløp. Kor lange løp den enkelte skal få, vert avgjort ut frå kompetansen som den einkilde har med seg. Målet med desse endringane er at flyktningane som kjem, skal koma seg fortare ut i jobb.

Barnekonvensjonen må også haldast fram som ei viktig juridisk rettesnor. Frå 2003 gjeld barnekonvensjonen som norsk lov, og han har ein spesiell status ved at han går framfor andre norske lover dersom dei står mot kvarandre. På den måten må alle enkeltpersonar, organisasjonar og styresmakter fylgja barnekonvensjonen. Barnekonvensjonen har fire generelle prinsipp: ikkje-diskriminering, barnets beste, barnets rett til liv og utvikling, og barnets rett til å bli høyr⁷.

SENTRALE OMGREP OG KUNNSKAPSGRUNNLAG

Innvandring og innvandrarar

Nemninga innvandarar og innvandararbefolkning vert ofte nytta utan nokon nærare definisjon I 2008 gjekk SSB frå å nytta nemninga «innvandararbefolkninga» til å nytta termen «innvandarar». Dette vart gjort for betre å kunna spegla det norske samfunnet som fleirkulturelt.⁸ SSB omtalar aldri norskfødde som innvandarar.⁹ Innvandarar vert av SSB definert som «...personer som selv har innvandret til Noreg, og som er født i utlandet av utenlandsfødte foreldre og fire utenlandsfødte besteforeldre.»⁹

Når ein nyttar nemninga «innvandarar», så syner ein til ei svært heterogen gruppe. Grovt forenkla kan ein likevel nytta ei tredeling gjort ut frå på kva grunnlag personar har kome til Noreg: flyktningar, familieinnvandararar og arbeidsinnvandararar.

Inndeling av innvandararbefolkninga

Flyktningar

I juridisk forstand omfattar omgrepet «flyktning» overføringsflyktningar og asylsøkjjarar som har fått innvilga asyl. Dette er kvoteflyktningar/overføringsflyktningar som får vedtak om opphald av UDI. Overføringsflyktningar er personar registrerte som flyktningar hjå UNHCR (the UN Refugee Agency), men som ikkje kan få tilbod ei varig løysning i det landet dei oppheld seg i. Dei vert difor presenterte

⁵ <https://lovdata.no/dokument/NLO/lov/2003-07-04-80>

⁶ regjeringen.no/no/dokumenter/horing-forslag-til-lov-om-integrering-integreringsloven-og-forslag-til-endringer-i-lov-om-norsk-statsborgerskap-statsborgerloven/id2663114/

⁷ https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns_barnekonvensjon.pdf

⁸ <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/nye-betegnelser-om-innvandrere>

⁹ <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/slik-definerer-ssb-innvandrere>

for overføring til eit tredje land. Det er Høgkommissæren for flyktningar i FN som fremjar søknaden for desse flyktningane, og UDI som avgjer kven som får koma til Noreg¹⁰.

Asylsøklarar

Ein person vert kalla asylsøklar når vedkomande har søkt om vern (asyl) i Noreg, og ikkje har fått søknaden sin endeleg avgjort. Når asylsøkjaren har fått endeleg svar på søknaden sin, vert vedkomande ikkje lengre kalla asylsøklar. Dersom svaret på søknaden er positivt, får vedkomande opphald som flyktning på politisk eller humanitært grunnlag. Dersom det er endeleg avslag på søknaden, av UDI eller UNE, må personen reisa ut av Noreg.

Familieinnvandrarar

Dette er familie til flyktningar, til norske statsborgarar og ektefellar til arbeidsinnvandrarar som kjem til Noreg grunna slektskapsforholdet til nokon som allereie har opphald her.

Arbeidsinnvandrarar

Arbeidsinnvandrarar er ei nemning for utanlandske statsborgarar som kjem til eit land for å jobba og bu der i kortare eller lengre tid. Arbeidsinnvandring har stort sett utgjort størsteparten av innvandringa til Noreg sidan 2007. Dei fleste arbeidsinnvandrarar i dag kjem frå Polen, Baltikum og dei andre nordiske landa¹¹.

I planen vil desse gruppene verta omtalt som «innvandrarbefolkninga». I ein del samanhengar vil også termen innvandrar verta nytta. SSB har gjort viktige grep for å problematisera dette omgrepet.⁸ For kor lenge skal menneske busett i Noreg halda fram med å «vandra inn»? Dette er ein viktig tematikk i integreringsdebatten som ein må ha nasjonalt. I planen har me likevel valt å nytta denne nemninga, sidan dette er eit omgrep som er kjent og relaterbart og som framleis vert nytta i mange offentlege samanhengar, som til dømes hjå IMDi. Innvandrarbefolkninga i Kvam er også relativt «ung»: Den gruppa som tidlegare vart omtala som 2. generasjonsinnvandrarar av SSB, er enno under barneskulealder i Kvam. Andre nemningar som vert nytta i planen er og «personar med innvandrarbakgrunn» og i ein del samanhengar også nemninga «innvandrar»

Ei drøfting av integreringsomgrepet

Den vidare drøftinga av integreringsomgrepet vil danna grunnlag for korleis integrering har vore forstått og nytta gjennom planarbeidet: Frå utarbeiding av kartlegging og intervju til analyse av det empiriske materialet, og utarbeidinga av mål og tiltak.

Integrering som prosess på ulike felt

Integrering er ikkje eit eintydig omgrep, og det vert nytta på ulike vis i ulike samanhengar. Det finst mange ulike måtar å operasjonalisera integreringsomgrepet på. Når integrering er oppe til debatt i det offentlege ordskiftet, handlar det oftast om korleis innvandrarar, eller andre grupper, som i større eller mindre grad vert oppfatta å stå utanfor fellesskapet, skal bli ein del av samfunnet. Regjeringa forklarar integrering som «...*en toveis prosess, hvor myndighetene skal sikre gode muligheter, og den enkelte innvandrer må stille opp med egeninnsats*».¹²

I ein samfunnsvitskapleg definisjon vil integrasjon verta brukt «... *både om en prosess, der deltakerne blir gjort og gjør seg selv til deler av helheten, og om den samfunnsmessige tilstanden der deltakerne inngår i et sluttet hele*».¹³ Ei anna overordna forståing av integrering er at det kan omtalast som «*veien inn i det norske samfunnet*».¹⁴ For å oppsummera kan ein seia at integrering er ein prosess der

¹⁰<https://www.udi.no/ord-og-begreper/overforingsflyktninger/>

¹¹ <https://www.imdi.no/sysselsetting-og-arbeidsliv/arbeidsinnvandring/>

¹²<https://www.regjeringen.no/contentassets/519f5492da984d1083e8047011a311bd/regjeringens-integreringsstrategi-2019-22.pdf>

¹³ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2017-2/id2536701/?ch=1>

¹⁴ <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/beskrivelse-av-nyankomne-flyktningers-vei-inn-i-det-norske-samfunnet>

innvandrarbefolkninga innlemmar seg, og vert innlemma, i majoritetssamfunnet over tid.¹⁵ Det er ein føresetnad for integrasjon at einskildmenneske har moglegheit til å delta i fellesskap der dei møter folk som representerer noko anna enn dei sjølve. Slik kan ein verta sosialisert inn i samfunnet sine felles normer og verdsett.¹⁶

Forskning syner at det kan mangla ein heilskapleg strategi for integreringsarbeidet frå kommunale styresmakter si side. Mellom anna gjeld dette kva tiltak som skal setjast i verk, og av kven. Det finst ofte mange lokale aktørar som jobbar med integrasjon, men i mangel av ei koordinerande rolle, så verkar tiltaka fragmenterte. Manglande institusjonelt samarbeid mellom styresmakter og lokale aktørar er ein barriere for felles løft innanfor det lokale integrasjonsarbeidet¹⁷.

Korleis måla integrering?

På oppdrag av IMDi (Integrerings- og mangfoldsdirktoratet) gav PROBA samfunnsanalyse i april 2019 ut ein rapport¹⁸ der det vert drøfta korleis ein skal definera integrering og korleis integreringa skal verta målt. I rapporten vert det føreslått å nytta 24 indikatorar over 5 ulike område. Vidare vert desse fem dimensjonane tilrådde for å forklara og forstå omgrepet integrering:



Dette er eit dynamisk perspektiv på integrering, som tek høgde for at ein kan vera ulikt integrert i og tilknytt majoritetssamfunnet på ulike felt.

IMDi la i juni 2020 fram resultatane frå rapporten «Indikatorer for integrering. Tilstand og utviklingstrekk ved inngangen til 2020». ¹⁹ I rapporten seier Lars Østby at integreringa kan reknast som vellukka dersom (urimelege og ikkje sjølvvalde) ulikskapar mellom innvandrarbefolkninga og majoritetsbefolkninga vert mindre over tid. Funna som vart presenterte, viser at det er gjennomsnittsforskjellar på alle indikatorane, men at desse er stabile, eller vert mindre, over tid. Det er ikkje funne gap som vert større over tid. Det er nokre grupper som har større avstand til gjennomsnittsbefolkninga enn andre, og det gjeld i skulesamanheng for gutar med innvandrarakgrunn og i arbeidslivet for kvinner med innvandrarakgrunn. Vellukka integrering kan i dette perspektivet målast ut frå:

¹⁵ <https://www.imdi.no/contentassets/c646a66dc8e14af2b4d3efd9ff0d434f/indikatorer-for-integrering.pdf>

¹⁶ Ødegård, G., Loga, J., Steen-Johnsen, K. og Ravneberg, B. (2014). *Fellesskap og forskjellighet. Integrasjon og nettverksbygging i flerkulturelle lokalsamfunn*. Oslo: Abstrakt Forlag AS.

¹⁷ Ødegård, G., Loga, J., Steen-Johnsen, K. og Ravneberg, B. (2014). *Fellesskap og forskjellighet. Integrasjon og nettverksbygging i flerkulturelle lokalsamfunn*. Oslo: Abstrakt Forlag AS.

¹⁸ <https://proba.no/wp-content/uploads/rapport-2019-3-hvordan-male-integrering.pdf>

¹⁹ [Integrering i Noreg \(PDF, 2 MB\)](#)

- i kva grad innvandrarbefolkninga har kunnskap og kapasitet til å delta i samfunnet og bidra til fellesskapet
- i kva grad innvandrarbefolkninga faktisk deltek i samfunnet og bidrar til fellesskapet
- i kva grad ulikskapar mellom innvandrarak og majoritet, som kapasitet for deltaking og faktisk deltaking, vert reduserte med auka butid og mellom generasjonar

Integrering på ulike livsområde

I planarbeidet har me teke utgangspunkt i åtte livsområde for å seia noko om integrering på ulike felt. Det vert teke utgangspunkt i livsområde som inndelingsmetode fordi integreringsarbeidet i kommunen skal målast ut frå kva behov dette arbeidet skal fylla for målgruppa. Det er likevel viktig å presisera at ei slik inndeling vil vera ei forenkling av dei faktiske tilhøva, og at mykje av integreringa skjer i «mellomromma» og overgangane mellom ulike arenaer.

I del 4 av planen, som omhandlar mål og tiltak, er det formulert hovudmål for kvart av livsområda. Desse hovudmåla dannar utgangspunkt for utarbeidinga av det vidare integreringsarbeidet i kommunen. Til sist i del 4 er det ein idébank med ein tabell under kvart livsområde. I desse tabellane er det lista opp forslag til mål og tiltak og ansvarsområde. Livsområda er som fylgjer:



I det fylgjande vil det verta ei drøfting av tematikkar rundt desse livsområda og integrering. Her er det teke utgangspunkt i nokre av feltene som det er mest forska på.

Etablering og busetjing

Internasjonalt finst det ulike system for busetjing av flyktningar. Det norske systemet tek utgangspunkt i at eit statleg organ (IMDi) fordeler flyktningar i dialog med kommunane. Stat og kommune samarbeider om å ta imot asylsøkjjarar og busetja flyktningar. Dei fleste som får vern i Noreg, bur på asylmottak før dei vert busette i ein kommune. IMDi formidlar flyktningar som er klare for busetjing til kommunane. Vidare skaffar eller godkjenner kommunane eigna bustad og yter tenester. Fleire omsyn er viktige i busetjingsprosessen, og mellom desse har det å få til rask busetjing lenge vore eit overordna omsyn.²⁰

Når det gjeld samanheng mellom busetjing og vidare integreringsutfall blant vaksne flyktningar, viser det seg at det er korrelasjon mellom ei rekkje kommuneegenskapar (sentralitet, folketal og arbeidsløyse) og fleire integreringsutfall (inkludert sekundærflytting, sysselsetting og utdanningsnivå) målt fem år etter busetjing. Til dømes har flyktningar som vert busette i meir usentrale kommunar

²⁰ https://www.ssb.no/en/befolkning/artikler-og-publikasjoner/_attachment/387492?_ts=16af7e8bc10

større sannsyn for å flytta til ein ny kommune og større sannsyn for å vera i jobb fem år etter busetjing, enn dei som vert busette i meir sentrale kommunar²⁰.

Økonomi og levekår i eit integreringsperspektiv

Den norske samfunnsmodellen byggjer på eit mål om små forskjellar. Store forskjellar i levekår mellom innvandrarak og befolkninga elles kan vera til hinder for integreringa. Personar med innvandrarakgrunn har i større grad økonomiske utfordringar enn befolkninga elles²¹. Utjamning av forskjellar er eit sentralt mål i integreringspolitikken. Vegen til dette går primært gjennom arbeidsdeltaking og å vera økonomisk sjølvforsørgd.

Butilhøve dannar viktige rammer for folks økonomi og levekår. I internasjonale samanhengar utmerkar den norske bustadmodellen seg med høg grad av sjølveigande bustadar, høg del lånefinansierte bustadar og ein låg del offentleg subsidierte leigebustadar. Vidare har den norske bustadmarknaden vore prega av sterk prisstigning gjennom 1990-, 2000- og 2010-talet. Bustadeigedom utgjer ein stor del av formuen for mange. Mekanismane på bustadmarknaden har dermed potensial til å skapa økonomiske vinnarar og taparar, og til å vidareføra økonomisk ulikskap frå generasjon til generasjon. Det er klart færre som eig bustad blant innvandrarak enn elles i befolkninga. Det er også tydeleg at det er meir utbreidd i innvandrarakbefolkninga å bu trengt.

Vidare har innvandrarak lågare medianinntekt enn befolkninga som heile, og dei har i tillegg tydeleg større sannsyn for å vera arbeidsledige enn befolkninga elles²². Ein ser også at innvandrarak med låginntekt har større økonomiske vanskar enn andre med låginntekt. Mykje av grunnen til dette er at innvandrarak med låginntekt har lågare gjennomsnittsinntekt enn resten av befolkninga i denne gruppa.²¹

Når det gjeld barnefattigdom, ser ein at når det gjeld barn av innvandrarak, så bur heile 39 prosent i husstandar med vedvarande låginntekt. Personar med innvandrarakgrunn er klart overrepresenterte i denne gruppa i befolkninga sett under eitt. Fleirtalet av alle barn i familiar med låginntekt har innvandrarakgrunn. Omfanget av barn med innvandrarakgrunn som bur i hushald med vedvarande låginntekt, har hatt ei tydeleg auke frå 2006 til i dag.²²

Kvalifisering

Kvalifisering retta mot flyktningar og innvandrarak omfattar opplæring i norsk og samfunnskunnskap, introduksjonsprogram og andre opplærings-, oppfølgings- og arbeidsretta verkemiddel²³.

Innhaldet i kvalifiseringa spelar ei sentral rolle for den vidare integreringa. Samansettinga av element i eit heildagsprogram er difor vesentleg for integreringsprosessen. Det er vidare svært viktig å tilpassa bruken av verkemiddel til den enkelte deltakaren sine ynske og behov.²⁴

Det at innhaldet i kvalifiseringsopplegget ser ut til å vera ein så viktig faktor for flyktningane si vidare integrering i det norske samfunnet, stiller krav til kommunar som buset flyktningar. Etter innføring av ny introduksjonslov skal desse kommunane setja i verk heildags introduksjonsprogram med kvalifiserande innhald. Det vert då særleg viktig å gjera grundige vurderingar av kva slags samansetting innhaldet i heildagstilbodet bør ha, og i kva grad dei ulike elementa skal brukast for å oppnå den tilsikta kvalifiseringseffekten. Ei anna viktig utfordring vil vera knytt til å få tilgang til og eventuelt etablere eit breitt og variert spekter av kvalifiseringskomponentar, i stort nok omfang til å kunna fylla eit heildagstilbod til nykomne flyktningar.²⁴

²¹ https://bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Etnisitet/okonomi/lavinntekt_og_okonomiske_vansker/

²² ssb.no/inntekt-og-forbruk/artikler-og-publikasjoner/okonomi-og-levekar-for-lavinntektsgrupper-2019

²³ <https://www.imdi.no/kvalifisering/>

²⁴ https://www.fafo.no/media/com_netsukii/414.pdf

Næring, sysselsetjing og integrering

Arbeidslivet er ein av dei aller viktigaste integreringsarenaene. Det å ha tilknytning til arbeidslivet er ofte døropnar til andre sosiale arenaer og til å læra språk og verta kjent med viktige samfunnsnormer. Lokalt næringsliv kan difor, saman med andre arbeidsplassar i Kvam, spela ei nøkkelrolle i integreringsprosessen.

*Næringslivet spiller en viktig integreringsrolle for innvandrere som har fått permanent opphold. Arbeidslivet er den viktigste integreringsarenaen. Vi har et lærende arbeidsliv hvor deltagelse både gir bedre språk og kulturforståelse, samt løftet faglig kompetanse. Vi har sett at det kan være en utfordring å holde yrkesdeltagelsen høy i noen innvandrergupper. Samtidig er det viktig å ta i bruk den arbeidskraften som allerede er i Noreg. På sikt kan lav yrkesdeltagelse i enkelte grupper svekke velferdsstaten.*²⁵

På landsbasis er 67 prosent av innvandrane mellom 20 og 66 år i jobb. Tilsvarande er det 79 prosent i befolkinga elles som er yrkesaktive.

Dei arbeidsretta tiltaka til NAV fungerer på kort sikt, men ikkje over tid. Deltaking i NAV-tiltak har positiv effekt på overgang til arbeid, men mange fell ut av arbeidslivet igjen og inntektsnivået er lågt.²⁶

Det er stor forskjell på korleis jobbdeltakinga til arbeidsinnvandrarar og flyktingar endrar seg med butid i Noreg. Arbeidsinnvandrarar kjem til Noreg nettopp for å jobba. Dei har difor typisk høg deltaking i arbeidslivet dei første åra. Deretter fell arbeidsinnvandrarar raskare ut av arbeidsmarknaden enn tilsvarande personar utan innvandrarbakgrunn.²⁷

Flyktingar og familiegjennforeinte som kjem til Noreg fordi dei treng vern, kan mangla kvalifikasjonar som krevst i norsk arbeidsmarknad. Relativt få av dei som kjem til Noreg som flyktingar, er i arbeid dei fyrste åra. Yrkesdeltakinga stig likevel raskt, og rundt fem år etter ankomst, toppar ho seg på rundt 60-70 prosent for menn og 40-50 prosent for kvinner. Etter mellom sju og ti års butid har sysselsettinga blant flyktingar hatt ein tendens til å falla igjen. Dette gjeld spesielt for menn.

*For samfunnet betyr lav sysselsetting blant innvandrere tap av kjærkommen arbeidskraft, lavere skatteinntekter og ekstra trygdeutgifter. I et større perspektiv vil store gruppers manglende deltakelse i yrkeslivet utfordre velferdsstatens bærekraft.*²⁵

Mange innvandrarar seier sjølv at yrkesdeltaking betyr mest for å oppleva integrering og deltaking. Men det er også eit anna moment som er sentralt å ta med her: Behovet Noreg har for den arbeidskrafta som innvandringa kan føra med seg. Utan innvandring ville befolkningsveksten dei siste 15 åra vore negativ. Den norske arbeidsstyrken har vakse med meir enn 300 000 dei siste ti åra, og meir enn halvparten skuldast innvandring.²⁸

Det er stort behov for arbeidskraft i fleire delar av det norske samfunnet, mellom anna i helsesektoren. I lys av at det er klart lågare sysselsetjing mellom innvandrarar enn i befolkinga elles, representerer innvandringa ein stor ubrukt reserve av arbeidskraft i samfunnet vårt.²⁹

Integrering på oppvekstarenaen

Barnehage og skule

Barnehage og skule er fellesarenaer i samfunnet som skal fremja integrering, læring og sosial tilhøyrse for alle, uavhengig av kulturell bakgrunn.

²⁵ <https://www.nho.no/tema/arbeidsliv/artikler/innvandring-og-integrering/>

²⁶ <https://www.riksrevisjonen.no/rapporter-mappe/no-2019-2020/undersokelse-av-integrering-gjennom-arbeid/>

²⁷ <https://www.imdi.no/om-integrering-i-Noreg/kunnskapsoversikt/innvandrere-i-arbeidslivet/>

²⁸ https://www.nfk.no/_f/p34/ia0ede5fe-6474-4d84-8b4a-0f62ceb6bcb9/innvandring-inkludering-sysselsetting-og-lokal-utvikling.pdf

²⁹ <https://www.samfunnsforskning.no/core/aktuelt/nyheter/ny-rapport-om-arbeid-innvandring-og-kjonn.html>

For pedagogisk tilsette på alle trinn og nivå krev dagens samfunn at desse har ein vedvarande refleksjon over skule og utdanning i ein vidare samanheng, og ser det pedagogiske arbeidet i samanheng med endringsprosessar i samfunnet som gjeld sosial og etnisk kompleksitet.³⁰

Det er fleire faktorar som særleg ser ut til å ha betydning når det kjem til å lukkast på integreringsfronten for skulen: Den fyrste gjeld lærarkompetanse. Skular som har lukkast på dette området, har gjennom fleire år prioritert fleirkulturell og fleirspråkleg kompetanse. Dette gjeld spisskompetanse både i særskilt norskopplæring og fleirkulturell pedagogikk. Skulane vert på denne måten godt rusta til å møte denne samansette gruppa med elevar. Den syner seg også, at det å vera medviten om veikskarar og styrkar med den måten ein har valt å jobba med integrering på, spelar inn på om ein lukkast.³¹

Forskarar framhevar kor viktig det er at barnehage og skule er identitetsbekreftande, mellom anna gjennom å synleggjera det fleirkulturelle. Dette er viktige signal – til både barna og foreldra – som skapar tillit. Det handlar om at alle barn skal kunne oppleve identifisering og gjenkjenning, noko som er viktig for å utvikla eit godt sjølvbilete. Ein del av dette arbeidet i barnehage/skule er å synleggjera og implementera det fleirkulturelle perspektivet i planane dei har. Det viktige her er å møte mangfaldet som ein normaltilstand og ein ressurs, og ikkje som eit problem.³²

Barnevern

Barneperspektivet er heilt grunnleggjande for alt barnevernsarbeid. Det å gjera ei vurdering av omsorgssituasjonen og helsa til barnet kan vera krevjande, uansett bakgrunn. I barnevernssaker som involverer innvandrarfamiliar, vil det ofte vera tilleggsutfordringar knytte til språk, kultur og nettverk. Dette vert forsterka av at familieane har avgrensa kunnskap om det norske samfunnet. Dette er noko som vil skapa usikkerheit om korleis ting fungerer, kven dei kan stola på og kva som vert forventa av dei i ein foreldrerolla.³³

Når barn og foreldre med minoritetsbakgrunn møter barnevernet, møter dei ikkje berre barnevernet som rettleiar og mogleg maktutøvar, slik som andre i befolkninga. Dei møter òg representantar for majoriteten i samfunnet.³⁴ I rapporten «*Myter og realiteter – Innvandreres møter med barnevernet*»³⁵, vert det peika på manglande tillit til barnevernet i minoritetsgrupper. Dette er noko som også kan påverka målgruppa sitt tilhøve til barnehage, skule og helsevesen, sidan desse har plikt til å melda frå til barnevernet. Rapporten syner til at det er viktig å oppretthalda kontakt mellom barn og foreldre, og å unngå alvorlege inngrep som plassering i fosterheim med lite eller inga moglegheit for samvær og adopsjon mot foreldra sin vilje.

Vidare er det liten forskjell i omsorgstiltak mellom barn med innvandrarbakgrunn og resten av befolkninga, men hjelpetiltak i innvandrarbefolkninga ligg vesentleg høgare enn elles i befolkninga. Dette gjeld både råd og rettleiing og fattigdomsreducerande tiltak. Når datamaterialet vert kontrollert for sosioøkonomisk bakgrunn, vert forskjellane mellom innvandrarbefolkninga og befolkninga utan innvandrarbakgrunn reduserte. Dette peikar mot at det er levekår meir enn innvandrarstatus som spelar inn på behovet for kontakt med barnevernet.

³⁰ Horst, C. (2006). *Interkulturel pædagogik*. Vejle: Kroghs Forlag; Engen, T. O. (2011). *Pedagogikk – fra basefag til lærerutdanningsfag*. En prosjektreise i tid og rom. I P. Dyndahl, T. O. Engen & L. Kulbrandstad (red.), *Lærerutdanningsfag, forskning og forskerutdanning. Bidrag til kunnskapsområder i endring* [s. 15-50]. Vallset: Oplandske bokforlag

³¹ <https://www.statsforvalteren.no/siteassets/utgatt/fm-hedmark/dokument-fmhe/02-barnehage-og-opplaring/kurs-og-konferanser/kompetanse-for-mangfold/samling-18-mars/a-lykkes-med-integrering-i-skolen-ved-thor--andre-skrefsrud.pdf>

³² Hauge, A-M. (2004). *Den felleskulturelle skolen*. Oslo: Universitetsforlaget. Gjervan, Marit et al. (2007): *Se Mangfold! Perspektiver på flerkulturelt arbeid i barnehagen*. Oslo, Cappelen Akademisk forlag.

³³ https://www.bufdir.no/globalassets/global/Myter_og_realiteter_Innvandreres_moter_med_barnevernet.pdf

³⁴ B. Berg og V. Paulsen (2021). *Møter mellom minoriteter og barnevernet*. Universitetsforlaget

³⁵ Rapporten er ein del av prosjektet «Myter eller realiteter – møter mellom innvandrere og barnevernet» som NTNU gjennomførte på oppdrag frå Bufdir mellom 2013 og 2017.

Samla viser studien at ein må ha eit breitt fokus når ein skal forklara korleis innvandrarbefolkninga opplever møte med barnevernet, og at dette møtet handlar om mykje meir enn kultur. I rapporten vert det føreslått å forstå møta mellom barnevernet og minoritetsbefolkninga ut frå eit sett med perspektiv:

Barneverntjenestenes utfordringer endrer seg i takt med endringer i befolkningen og endringer i samfunnet. Økt innvandring stiller barnevernet overfor nye utfordringer. Ofte har disse utfordringene blitt omtalt som kulturelle, og svaret på dette har vært økt kultursensitivitet. Vår studie viser at møtene mellom barnevernet og innvandrerbefolkningen handler om mye mer enn kultur. Det handler om både informasjonsmessige, språklige, relasjonelle og kulturelle faktorer. Det trengs et bredt fokus der både det generelle og det spesielle får plass og der det er plass til flere perspektiver; minoritetsperspektiv, levekårsperspektiv og flyktningperspektiv.³⁶

Helse i integreringsperspektiv

Å flytta for å busetja seg i eit anna land representerer ei stor endring i eit menneske sitt liv, både fysisk, psykisk og sosialt. Desse endringane kan påverka helsa på ulike måtar. Kva som utgjer dei største endringane, og korleis den totale effekten av alle endringane påverkar helsa, vil variera frå situasjon til situasjon.

I levekårsundersøkinga blant innvandrarar frå 2016³⁷ ser ein at innvandrarar generelt kjem dårlegare ut på helseindikatorane enn befolkninga elles. Det er viktig å presisera at det var stor variasjon mellom innvandrarar med ulik landbakgrunn, og mellom kvinner og menn. I tillegg til at helsa varierer mykje mellom ulike innvandrargrupper, er samanhengen mellom innvandring og helse svært samansett.³⁷

Vidare er det er ein høgare del blant innvandrarane som har psykiske plager enn i befolkninga elles. Det å kjenna lita tilhøyrse til Noreg og heimlandet var assosiert med psykiske plager, medan det å føla tilhøyrse til begge landa var assosiert med mindre psykiske plager. Sosiale tilhøve, som arbeid og diskriminering, hadde også samheng med helsa til innvandrarane.³⁷

Organisering av helsetenestene i kommunen

I fylgje helse- og omsorgstenestelova § 3-1 står kommunen fritt i organiseringa av helsetenestene. Det bør gjevast ei god orientering om korleis helsetenesta er organisert og fungerer i Noreg. Det er viktig at pasientane vert informerte på ein forståeleg måte om fastlegeordninga, samtykke, teieplikt, og om rettar og plikter som pasient.³⁸

Asylsøklarar, flyktingar og familiegjenforeinte har same rett til helsetenester som befolkninga elles. Retten til helsehjelp for asylsøklarar gjeld frå dei kjem til Noreg for å søkja vern. Flyktingar og familiegjenforeinte har også rett til helsehjelp frå dei kjem til landet. Rettane omfattar både somatisk og psykisk helsehjelp frå kommune- og spesialisthelseteneste, inkludert hjelp for rusmiddelproblem. Alle barn under 18 år som er i Noreg, har rett til både helse- og omsorgstenester.

For mange innvandrarar og andre minoritetar kan det vera vanskeleg og utfordrande å møta det norske helsevesenet. Det er ikkje uvanleg at menneske med innvandrarbakgrunn har dårleg kjennskap til helsetenestene, kva hjelp dei kan få, eller kva rettar dei har. I tillegg kjem ofte ulik forståing av helse, sjukdom og behandling mellom pasient og behandlar. Dette kan gjera kommunikasjonen vanskelegare. Kanskje blir dette spesielt synleg der ikkje berre ulike måtar å gjera ting på, men også der verdiar vert utfordra.

Når det gjeld tannhelsetenester, har undersøkingar frå Skandinavia og andre land vist at små barn med innvandrarbakgrunn har dårlegare tannhelse enn den etniske majoritetsgruppa. Innvandrarbakgrunn

³⁶ https://www.bufdir.no/globalassets/global/Myter_og_realiteter_Innvandrerens_moter_med_barnevernet.pdf: x

³⁷ <https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/rapporter/2019/levkarsundersokelsen-blant-innvandrere-i-Noreg-2016-rapport-2019-v2.pdf>

³⁸ <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/helsetjenester-til-asylsokere-flyktinger-og-familiegjenforente/rettigheter-ansvar-organisering>

er assosiert med fleire risikofaktorar som har betydning for utvikling av karies, som for eksempel mangelfulle tannbørstingsvanar og ugunstig kost og kosthaldsmønster.³⁹ Det er fylkeskommunen som skal sørge for at naudsynt tannhelsehjelp er tilgjengeleg for alle som bur eller mellombels held til i fylket.⁴⁰ Dette gjeld for flyktningar, personar med opphald på humanitært grunnlag, asylsøkarar som bur eller har tilhald i asylmottak og familiegjenforeinte.³⁸

Informasjon og kommunikasjon

Forskning syner at hovudutfordringar som påverkar kommunikasjon med innvandrarbefolkninga er språklege og kulturelle barrierar, analfabetisme, manglande kunnskap om det offentlege systemet og eit tungt forvaltningspråk.⁴¹

Tenestesektorar som Nav, Skatteetaten og Helsedirektoratet har innført fleire viktige tiltak med fokus på tilrettelegging av informasjon for innvandrarak. Dette gjeld mellom anna satsing på omsetjingar, fyrst og fremst til engelsk og polsk. Nav og Skatteetaten har også etablert ein tydeleg språkpolitikk.

Lokalt brukar offentlege tenesteytarar eit breitt spekter av verkemiddel for å betra kommunikasjonen med brukarar med innvandrarbakgrunn: Omsett materiell, tolk, informasjonsmøte, eigne tilsette med innvandrarbakgrunn og tredjepersonar som kjem i fylgje med brukar.⁴²

I samband med covid19-pandemien, er det utarbeidd ein rapport som seier noko om korleis ein kan nå ulike innvandrargrupper med informasjon.⁴³ Ein har gjennom dette arbeidet funne ut at nøkkelen er direkte kommunikasjon, dialog i nærmiljøet og tett samarbeid med lokale ressurspersonar og organisasjonar:

Rapporten viser at direkte kommunikasjon fra lokale ressurspersoner har betydning for å spre informasjon til personer med innvandrerbakgrunn.⁴³

For å nå fram med budskapet sin er styresmakter og offentlege instansar heilt avhengige av at folk forstår innhaldet i budskapet, og at budskapet når fram til alle deler av innvandrarbefolkninga. Manglande forståing av norsk språk og kultur vert eit problem i informasjonsformidlinga frå styresmaktene, fordi all kommunikasjon går føre seg på norsk og fordi det er naudsynt med både norsk og digital kompetanse for å finna fram til omsett informasjon på nett.

Ein fann at informasjonen når betre fram når:

- informasjonstiltaka er relevante for målgruppene sin eigen livssituasjon og kvardagsliv
- den som formidlar informasjonen og informasjonskanalen som vert nytta, har truverd og tillit i målgruppa
- ein nyttar målgruppene sine språk, der både enkelt og klart språk og kulturforståing er ivareteken
- informasjonen har ein tydeleg budskap som ikkje kan misoppfattast og ein legg vekt på kulturforståing ved bruk av omgrep

Frivillige lag og organisasjonar som integreringsarena

Dei frivillige organisasjonane har ei viktig rolle som arenaer for integrering. Gjennom deltaking i sivilsamfunnet får deltakarane erfaring med demokratiske spelereglar gjennom jamlege aktivitetar. Slik kan ein seia at sivilsamfunn og det frivillige kan fungera som skular i demokrati.⁴⁴

³⁹<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/helsetjenester-til-asylsokere-flyktninger-og-familiegjenforente/rettigheter-ansvar-organisering>

⁴⁰ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1983-06-03-54>

⁴¹ <https://www.imdi.no/contentassets/96f8ce054dec4c17ab7a39fa8d002531/rapport-2011-tilrettelegging-av-offentlig-informasjon-for-innvandrere>

⁴² <https://www.imdi.no/arkiv/arkiverte-publikasjoner/tilrettelegging-av-informasjon-for-innvandrere/>

⁴³ <https://www.imdi.no/contentassets/8b229081565a4a53be2b428726d9fb77/nibr-delrapport-2-covid-19.pdf>

⁴⁴ <https://www.imdi.no/om-integrering-i-Noreg/kunnskapsoversikt/innvandreres-deltakelse-i-sivilsamfunn/>

Organisasjonane verkar også som samfunnspolitiske aktørar som kan påverka politiske prosessar. Dersom enkelte samfunnsgrupper deltek i mindre grad i eit lokalsamfunn over tid, vil dette kunna få konsekvensar for tillit og tilhøyrse til lokalsamfunnet. Dette kan igjen føra til låg deltaking på andre arenaer som arbeid og utdanning, i tillegg til at det kan forsterka sosial ulikskap.⁴⁴ For barn er det spesielt avgjerande å delta i fritidsaktivitetar:

*Medlemskap i organiserte fritidsaktiviteter kan ha positive utfall både for de som deltar og for samfunnet som helhet. For personene kan det bidra til bedre skolerresultater og helse, og på samfunnsnivå vil ansikt til ansikt-møter med folk fra ulike grupper og samfunnslag kunne bidra til å skape tillit mellom folk på et generalisert nivå. Deltagelse i organisert aktivitet er difor viktig. (...) barn og unge fra familier med mindre sosioøkonomiske ressurser samt unge med innvandrerbakgrunn deltar mindre i organiserte fritidsaktiviteter – særlig i idretten. Dette gjelder spesielt for jenter med innvandrerbakgrunn (...).*⁴⁵

I frivillige lag og organisasjonar er det ein sterk underrepresentasjon av innvandrarar og deira etterkomarar. Gjennom lag og organisasjonar har det lokale foreiningslivet potensial til å byggja nettverk, tillit og normer for gjensidigheit mellom einskildindivid og grupper: «*Det lokale foreningslivet har potensial til å bygge nettverk, tillit og normer for samhandling mellom individer og grupper. Samtidig vet vi at det ikke er en selvfølge at et slikt potensial aktiveres (...)*». ⁴⁶

Styresmaktene har ei viktig rolle som samarbeidspartar og tilretteleggjarar for å skapa grobotn for lokal samfunnsidentitet: «*(...) Ansvar for å bygge felles møteplasser og styrke lokalsamfunnsidentitet kan ikke overlates til frivillige organisasjoner alene*». ⁴⁶

Integreringsarbeid for å hindra utanforskap

Utanforskap handlar om manglande sosial tilknytning til samfunnet rundt. Det er tale om individ eller grupper som kjenner seg utanfor på ulike arenaer eller fellesskap i samfunnet.⁴⁷ Opplevd utanforskap er eit hinder for å få til god integrering. Det fremste målet for integrering er at personar i målgruppa skal kjenna at dei er delaktige og sjølvstendige deltakarar i samfunnet. For at dette skal vera mogleg, treng personane å kjenna meistring og tilhøyrse når det gjeld dei ulike livsområda. Dersom kjensla av tilhøyrse manglar, kan det få store konsekvensar både for den einskilde og for samfunnet rundt. Manglande tilhøyrse til majoritetssamfunnet er mellom anna ein risikofaktor når det gjeld radikaliseringsarbeid.

Radikaliseringsarbeid kan forklarast som ein prosess der ein person i aukande grad aksepterer bruk av vald for å nå politiske, ideologiske eller religiøse mål. Radikaliseringsprosessar kan skje innanfor alle typar livssyn, politiske retningar og ideologiar.⁴⁸ Utanforskap og framandgjeringsarbeid er fyrste steg på vegen mot radikaliseringsarbeid. Regjeringa har laga ein handlingsplan mot radikaliseringsarbeid og valdeleg ekstremisme.⁴⁹ Målet er å jobba med tidleg førebygging for å hindra å måtta nytta masse ressursar på tenkja på sikring og skadeavgrensing. Det er mykje eit lokalsamfunn kan gjera for å jobba førebyggjande utan at det krev store ressursar. Det er i barnehagen, skulen, i frivillige organisasjonar og nabolaget innsatsen må inn for å gje barn og ungdom med innvandrarbakgrunn kjensla av at dei høyrer til, og at dei er ein ressurs som er viktige for fellesskapen:

Tidlig innsats, gode barnehager og skoler, foreldrestøtte og å redusere barnefattigdommen er tiltak vi vet virker mot utenforskap. Å tro at man skal løse problemet ved å øke straffen for unge kriminelle alene vil være å sette et plaster på et skuddsår. Å miste et barn til varig utenforskap

⁴⁵ <https://www.faf.no/images/pub/2019/10314.pdf>

⁴⁶ Ødegård, G., Loga, J., Steen-Johnsen, K. og Ravneberg, B. (2014). *Fellesskap og forskjellighet. Integrasjon og nettverksbygging i flerkulturelle lokalsamfunn*. Oslo: Abstrakt Forlag AS

⁴⁷ <https://vfb.no/vart-arbeid/arkiv/utenforskap-hos-barn-og-unge/>

⁴⁸ <https://www.regjeringen.no/no/sub/radikaliseringsordbok-for-radikaliseringsarbeid/radikaliseringsarbeid/id2521907/>

⁴⁹ <https://www.regjeringen.no/contentassets/a7b49e7bffa4130a8ab9d6c2036596a/handlingsplan-mot-radikaliseringsarbeid-og-voldelig-ekstremisme-2020-web.pdf>

koster samfunnet langt mer enn å sikre at barn får den hjelpen de har behov for før det går virkelig galt.⁵⁰

⁵⁰ <https://vfb.no/vart-arbeid/arkiv/utenforskap-skjer-ikke-over-natten/>

METODAR, FRAMGANGSMÅTAR OG VERKTØY

Metodisk rammeverk

I arbeidet med planen er det teke i bruk både kvantitative og kvalitative metodiske verktøy. For å henta inn data om korleis offentlege etatar og andre aktørar i Kvam stiller seg til integreringsarbeid, vart det laga kartleggingar som vart sende ut til alle aktuelle respondentar. For å henta inn erfaringar med opplevd integrering i innvandrarbefolkninga, vart det laga og gjennomført djupneintervju og gruppeintervju.

Kartleggingsundersøkinga

Prosjektleiari har i samarbeid med prosjektgruppa utarbeidd ei kartlegging som det har vorte jobba med i ulike einingar, tenester, etatar og organisasjonar i kommunen. Kartlegginga har vore gjort på både leiarnivå og medarbeidarnivå i dei kommunale einingane. På medarbeidarnivå er det i dei kommunale tenestene sett saman fokusgrupper som har jobba saman med spørsmål. Følgjande aktørar har vore med i kartlegginga:

Nav (flyktningtenesta, sosialtenesta, statlege tenester)

Helsetenester (legetenester, helsestasjon, ergo- og fysioterapitenester)

Tannhelseteneste

Barnehage/skule

Vidaregåande skular

Pleie og omsorg

Tekniske tenester

Hjelpetenestene (PPT, barnevernstenesta, familiesenter, utekontakt, Rop)

Skatteetaten

Biblioteket

Handalag opplæringskontor

Politietaten

Næringslivet

Fritidsaktivitetar for barn (idrett, kor og korps, kulturskulen)

Øvrige lag og organisasjonar

Kartlegginga som vert presentert i del 3, er i så stor grad som mogleg ei gjengjeving dei skriftlege svara som prosjektgruppa har motteke på kartleggingane. Dette er gjort for å sikra at den reelle opplevinga dei tilsette har av korleis integreringsarbeidet i kommunen fungerer, trer tydeleg fram. Materialet er samla inn, systematisert og kategorisert under tre overskrifter: «Mandat og juridiske rammer for arbeidet», «planar, rutinar og gjennomføring av dette arbeidet» og «utfordringar». Det har naturlegvis også vore naudsynt med ei viss standardisering av det skriftlege materialet.

Spørsmåla i kartlegginga er sentrerte rundt fylgjande område:

Juridisk forankring for integreringsarbeidet

Noverande mål og tiltak

Kompetanse i einingane

Interne rutinar og planar

Ansvar og organisering

Tverrfagleg samarbeid

Framtidige mål og tiltak

Intervjua

Representantar frå innvandrarbefolkninga i Kvam har vorte intervjua om sine opplevingar i møte med Kvam. Desse representantane er valde ut frå eit ynske om å få snakka med personar frå dei ulike gruppene av innvandrarar i Kvam: flyktningar, arbeidsinnvandrarar og familiegjenforeinte. Det må likevel understrekast at det ikkje er freista å gjera ei representativ undersøking av integreringa av innvandrarane i Kvam.

I kartleggingsfasen med integreringsplanen har prosjektgruppa gjennomført djupneintervju med 11 vaksne og 15 unge representantar for dei ulike innvandrargruppene. Dei vaksne er intervjua individuelt, medan det har vorte gjennomført både einskildintervju og gruppeintervju med dei unge. I intervjugaiden har me gått ut frå ulike tematikkar for vaksne og unge.⁵¹

Gjennom desse intervjua har me fått eit bilete av korleis det kan opplevast å busetja seg i Kvam. Det er viktig å påpeika at dette er ein kvalitativ og ikkje kvantitativ analyse. Desse stemmene er tekne med for å gje eit empirisk grunnlag for å seia noko om korleis det kan opplevast å bu i Kvam som innvandrar. Føremålet med intervjua er å få fram ulike livsverder i denne heterogene gruppa, og gje rom og stemmer til representantar for dei menneska i lokalsamfunnet som planen skal vareta.

Intervjua og samtalane er transkriberte i ettertid, og i teksten er det henta inn sitat frå dette desse transkripsjonane. Det gjort naudsynte metodiske grep for å anonymisera og vareta integriteten til dei som er intervjua, både under intervju og i etterkant ved presentasjon av datamaterialet.

⁵¹ Sjå vedlegg 3 og 4

DEL 2

Erfaringar med å koma som innvandrar til Kvam

VAKSNE INNVANDRARAR FORTEL

Vegen til Kvam

Det er mange ulike årsaker til at personar buset seg i Kvam, og vegane til Kvam er like mangfaldige. Nokre har reist frå eit ordna tilvære for å arbeida i kommunen vår eller har kome fordi dei har familie her. Andre kjem flyborne frå eit tilvære i flyktningleir, medan andre igjen har måtta flykta frå krig og konflikt – utan å ana kva som venta dei og kvar dei ville enda opp.

Eg måtte flykta frå heimlandet mitt på grunn av eit terrorangrep. Eg brukte tre år på vegen til Kvam, og budde i tre land undervegs. Eg var innom ti land på vegen, og eg visste ingenting om kvar eg skulle enda opp. Eg flykta frå heimlandet mitt til Syria. Der hadde eg kontakt med andre frå same land. Me måtte betala pengar, så vart me henta med bil om kvelden og køyrde heile natta. Me måtte koma oss over grensa til Tyrkia før morgonen. Me måtte springa over grensa i mørket (...).

Me var 23 menneske som reiste med båten klokka 4 om natta. Båten vart øydelagt midt på havet, det kom vatn inn i båten, og alle måtte hoppa ut av båten. Heldigvis var det ein liten holme der. Det var veldig kaldt og veldig dramatisk, men ingen døydde. Nokre menn svømte kjempelangt etter hjelp, og me vart hjelpte i land i Tyrkia. Då var me redde og kalde. Sidan eg ikkje hadde ID-papir, måtte eg vera i fengsel i sju dagar. Neste gong eg var med i båt over havet, kom me fram. Denne gongen var det fengsel i tre månader. Men det var heldigvis eit godt fellesskap blant kvinnene i fengselet. Etter tre månadar fekk eg papir på at eg kunne bu i Hellas. Me budde ti menneske på eitt rom. Eg budde i Hellas i to år, og eg prøvde mange gonger å koma vidare nordover i Europa. Og til slutt gjekk det. Eg reiste gjennom fleire land før eg kom til Noreg og Oslo S og var då 19 år gamal. Eg kom saman med ei veninne, og me kjende ingen, men fekk hjelp av snille folk frå heimlandet mitt som me møtte tilfeldig. Eg hadde intervju over mange dagar med politiet og UDI. Så vart eg sendt til eit asylmottak på ein liten plass. Me hadde ingen naboar, og eg sakna folk. De var ei tung tid med masse uvisse og uro. Etter eit halvt år fekk eg svar om opphald i Noreg, og eg fekk vita at Kvam hadde valt å ta i mot meg. - Kvinne i 20-åra

Det var ei gruppe som hadde teke kontroll i landsbyen. Dei ville gifta seg med jentene. Ein mann som ville gifta seg med meg, og eg var berre 16 år. Eg og familien kunne ikkje bestemme noko sjølv. Kva skulle eg gjera? Eg ville ikkje gifta meg! Familien min hjelpte meg så eg kunne flykta. Eg var ikkje redd, eigentleg. Eg prøvde å tenkja at no kan eg få ein ny start. Dette er min tur, og eg er heldig.

- Kvinne i 30-åra

Opplevingar av å koma til Kvam

Det er variasjon i opplevingane av møta med Kvam, men dei fleste omtalar dette møtet som godt. Dei som har kome raskt i kontakt med naboar og gode hjelparar, opplever at møtet med lokalsamfunnet er positivt og godt. Andre opplever at dei har vore meir einsame den fyrste tida. Alle som er intervjuar held fram gode møte med menneska rundt seg er noko som har hatt avgjerande betydning for tilværet deira i det nye samfunnet.

Norske naboar fortalte meg om livet her, det har vore til stor hjelp. Det var viktig. Eg har fantastiske hjelpsame naboar og utleigar. - Kvinne i 40-åra

Me vart tatt godt imot. Vart møtt på Flesland av programrådgjevar og ein ekstra tilsett som snakka mitt språk. Me kom til klart hus og det var mat på kjøkkenet. Me vart vist rundt i butikken og tatt godt vare på av helsevesenet. Me kom svoltne og fekk mat - vart sjuke og fekk hjelp. - Mann i 20-åra

Føler eg møtte dei «rette» folka i starten. Gode møte med snille menneske på skulen til barna. Både lærarar og foreldre til dei andre barna. Læraren som viste respekt gjennom at ho første skuledag helste velkommen på mange forskjellige språk, også vårt språk. Det gjorde sterkt inntrykk. Det var SÅ bra, at me blei møtt så varmt. Veldig viktig for mor at barna blei så godt tatt imot. - Kvinne i 30-åra

Språk er nøkkel til alt. På vaksenopplæringa møtte eg ei anna mamma frå same land. Me var nye nesten samtidig. Det er stor betydning når ein er ny, at ein treffer folk med ganske like interesser og utfordringar som har same morsmål. Generelt er trivsel direkte relatert til om du har nokon du kan prata med, som bryr seg og som ein kan spørja. - Kvinne i 40-åra

Flyktningane som har vorte intervjuet, seier at dei synest dei har vorte godt mottekne, alt i alt. Dei som har kome dei siste åra, svarar at heile mottaksprosessen har vore god, medan dei som kom for ei tid tilbake, seier dei følte seg meir overlatne til seg sjølv når det gjaldt å læra korleis kvardagen i Kvam fungerer: Korleis dei skulle greia seg i huset, finna fram i butikken og forhalda seg til naboar og korleis det var vanleg å kle seg. Det har også mykje å seia at det vert brukt tid på å gje vesentleg informasjon når det gjeld matvarer og butikkar heilt i starten. Felles for alle er at det er ein stor tryggleik at det vert nytta tolk når det skal gjevast viktig informasjon.

Systemet i kommunen var vanskeleg å forstå. Språket var vanskeleg. Det skulle vore meir bruk av tolk. - Mann i 30-åra

Møtte programrådgjevar på busstoppet. Han hadde gjort alt klart. Eg budde saman med fleire andre. Dei som tok imot gjorde god jobb. Ordna alt til oss og viste oss alt. Men det var lang ventetid før intro, og me hadde ingenting å gjera før; så me sat heime og møtte ingen folk. Det var vanskeleg å vita korleis ein kan få kontakt. Me kunne liksom ikkje berre gå på dørene å banka heller. Men me hadde heldigvis kvarandre. - Kvinne i 20-åra

Innimellom kjenner nokre av dei som kjem at dei ikkje passar inn og får negativ merksemd.

Det skjer av og til at folk ser stygt på meg eller seier ting som ikkje er så kjekke. Som då eg var på butikken når det var kaldt og vinter, og eg prøvde å småprata med ei eldre dame. Men ho vart ho litt sint på meg. Eg sa at det var kaldt, sidan det var vinter og kaldt, og då sa ho – viss du syns det er så kaldt her, kvifor kom du hit då? - Kvinne i 30 åra

Eg har måtta forandra meg. Barna syntest at eg var veldig annleis enn norske mødrer. Norsk mødrer er veldig rolege, eg måtte forandra meg, roa meg.

- Kvinne i 40-åra

Eg har opplevd at folk ser stygt på meg, og eg har blitt skjelt ut på butikken. Eg tenkjer at folk som gjer slikt, ikkje har det bra med seg sjølve, men det er likevel ubehageleg.

- Kvinne i 30-åra

Andre kan fortelja om heilt andre erfaringar:

Eg har aldri opplevd diskriminering eller urettferdigheit elle noko anna uynskt. Det har vore viktig for meg, som ein person som har flytta til ein plass der eg var ukjent både med kultur og samfunn.

- Kvinne i 20 åra

Forventningar til det nye tilværet

For alle som er intervjuet, er det viktigaste med å koma til Noreg å få tryggleik og stabilitet, og å gje barna ein trygg oppvekst med god skule og godt helsetilbod. Etter kvart har nokre av dei også byrja å få mål for si eiga framtid om utdanning og fast jobb. Felles for alle er også at språk er eit veldig viktig delmål på vegen.

Eg hadde ei veninne som budde her, og derfor var det eg som søkte om å koma hit. Eg har ikkje opplevd noko eg ikkje er nøgd med. Å vera her vart akkurat som eg tenkte.

- Kvinne i 20-åra

Einaste målet til familien vår var å koma til ein stad der me var trygge, at me kunne sjå på barna og tenkja at her treng me ikkje vera redde for å flykta.

- Kvinne i 30-åra

Eg hadde forventningar om å koma til eit land der eg kunne kjenna meg trygg, og kanskje få meg utdanning og jobb. Eg var overtydd om at eg kunne læra meg norsk på seks månader, og at eg skulle vera i jobb innan eit år. Men språket viste seg å vera vanskeleg. Eg synest det har vore svært vanskeleg å bli kjent med norske. Eg føler at eg har gjort ein innsats. Etter seks år føler eg at eg nesten er i mål. Eg har lært norsk og teke utdanning.

- Kvinne i 30-åra

Eg lærte norsk i heimlandet mitt før eg flytta hit, men det hjelpte ikkje. Eg tenkte at livet ville bli lettare, eller likt som i landet mitt. Men, det har vore veldig, veldig vanskeleg her. Men det er lettare for meg no. Eg kjenner fleire menneske og er betre i språk.

- Kvinne i 30-åra

Det vert påpeika at det er ein stor fordel dersom ein kjenner litt til Noreg før ein kjem, og at ein også etter ankomst treng å få repetert denne kunnskapen.

Ei dame underviste oss. Me lærte om kultur, kle, likestilling. Utan den forkunnskapen ville møtet med Noreg vore kaotisk. Dette «kurset» burde vore repetert etter ankomst. Når ein lærer i stressituasjonar, gløymer ein mykje. Elles håpa me å bli møtt med respekt, og det syntest me at me vart. Me var redde for å bli sett på som verdilause, fattige, men vart positivt overraska her. Me fekk auka håp. - Kvinne i 40-åra

Fleire seier at dei hadde forventningar om at det skulle gå raskt å verta kjende med folk:

Eg hadde nok forventningar om at det var lettare å bli kjent med folk her. Eg tenkte og at fleire snakka og forstod engelsk. - Mann i 30-åra

Eg forventar av meg sjølv at eg skal hjelpa andre for å bli integrert. Eg tenkjer også at eg sjølv må gjera meir og læra meir. Tenkjer at eg må smila og seia hei og vera positiv. Ting tek tid, ein må bruka tid på å bli kjent med nordmenn. - Kvinne i 20-åra

Nokre fortel om sterke forventningar til seg sjølve:

Eg hadde berre ei forventning: Eg måtte bruka min sjanse. Eg tenkte: No kan du få utdanning og få jobb ... du kan tenkja på framtida og få deg ein familie. Eg har nesten kome i mål, men det går lengre tid med utdanning enn eg trudde. - Kvinne i 30-åra

Oppløving av å nytta kompetansen sin og få tilgang på arbeidsmarknaden

Alle dei som er intervjuar fortel at det er vanskeleg å få seg jobb i Kvam. Enkelte spør om kvifor det er slik. Handlar det om at Kvam ikkje er så stort? Er ikkje arbeidsgjevarane interesserte i å tilsetta folk med innvandrarbakgrunn?

Noreg og Kvam er svært ulikt frå heimlandet mitt. Eg kjem frå ein stor by der det er ganske enkelt å få jobb. Der vart eg invitert til jobbintervju på grunn av kompetansen min. - Kvinne i 30-åra

Felles for dei som har kome til Kvam med utdanning i bagasjen er at dei ikkje har fått nytta denne, til trass for at dei har hatt relevante utdanningar.

Eg har fått godkjent utdanninga mi hos NOKUT, men ser at det norske språket også er viktig å meistra. Eg føler meg litt åleine i arbeidet med å finna jobb. Skulle ynskja at kommunen var meir delaktig og aktiv, og såg på kva kompetanse eg har med meg frå heimlandet og korleis bruka denne i Kvam. Skulle ynskja at det var ein plan frå kommunen for å hjelpa meg med å finna arbeid der eg får bruka

evnene og kompetansen min. Eg har kontakta Nav, men har ikkje lukkast med å koma nærmare arbeidsmarknaden. - Kvinne i 30-åra

Opplevinga av å få utvikla seg i det nye tilværet, artar seg gjerne svært annleis hjå personar utan formell kompetanse frå heimlandet.

Eg føler at eg stadig får utvikla meg. Eg har ikkje noko formell utdanning frå heimlandet. Her lærer eg norsk og går på grunnskule for vaksne. Eg har ynske om å gå på vidaregåande skule, og seinare ta fag innan helsefag. - Kvinne i 30-åra

Eg hadde ingen forventningar då eg kom om at eg skulle læra noko eller bli noko. Eg tenkte berre på at familien skulle få ei betre framtid. Men eg vert heile tida spurt om kva eg likar og kva eg vil, og kva eg tenkjer å gjera når eg er ferdig med skulen. Og no byrjar eg å tru at eg når måla mine når eg har lært meg norsk. Eg synest eg har gode lærarar som trur på meg. - Mann i 30-åra

Nokre fortel at det i byrjinga var vanskeleg å vita kvar ein skulle vende seg for å søkja om jobb.

Det er vanskeleg å koma inn på arbeidsmarknaden i Kvam. Ingen viste oss at det var sider på Kvam herad der ein kan søkja på jobb. Eg fekk ikkje vita dette før eg kom på vidaregåande. - Kvinne i 20-åra

Når ein er i arbeidslivet, kan det vera vanskeleg å finna sin plass i det sosiale landskapet. Nokre av dei som er intervjua, trur at det kan vera vanskeleg å vita kva ein skal snakka om med kollegaer som har innvandrarbakgrunn. Men det treng ikkje vera så vanskeleg:

Det er viktig at innvandrara får tilgang til arbeidslivet, det er den beste staden å verta integrert og læra seg norsk. Dei som jobbar må verta snakka til og kontakta. Då eg var i språkpraksis, så sa ingen noko til meg. Dei veit sikkert ikkje kva dei skal spørja om. Men dei kan jo berre seia: Hei, du er her: Kven er du og kva gjer du? Det er ikkje farleg. – Kvinne i 30 åra

Tilknytning til lokalsamfunnet og sosiale nettverk

Dei sosiale nettverka til dei som er intervjua, varierer. Fleire har nettverk i nabolaget, gjennom jobb eller familie. Felles for alle er at dei har gjort ein innsats for å få det til. Det er få som har nordmenn i krinsen sin. Det vert uttrykt ynske om å verta kjent med nordmenn, men at dei ofte vert opplevd som reserverte og vanskeleg å verta kjende med.

Ja, eg er kvemming. Har kollegaer på jobben som kjenner meg godt. Kjenner meg òg elles heime i kommunen. - Mann i 20-åra

Eg opplever å ha eit nettverk, dei næraste er frå heimlandet mitt, men eg har også ulike norske eg kan spørja. Men synest det er vanskeleg med mødrer i barnehagen og saknar at dottera mi kan invitera folk med heim eller bli invitert.
- Kvinne i 30-åra

Dei som kjenner på at det er vanskeleg å få seg nettverk, opplever at det er ekstra vanskeleg under pandemien.

Eg opplever at det er ekstra vanskeleg no, sidan alle er redd for å verta smitta av korona. Men det hjelper å ha nettverket til mannen min her. - Kvinne i 40-åra

Det å verta gjenkjent og helsa på, er viktig for kjensla av å høyra til. Det er stas når dei ein møter på, helsar.

Eg opplever at eg vert rekna med. Eg helsa på naboen min og dei eg har ein relasjon til, for eksempel personar eg treffer på skulen. Fleire stoppar og snakkar til meg når eg har med barnet mitt i barnevogn, det er hyggeleg. - Kvinne i 30-åra

Dei som vert intervjuja har ulik oppleving av om det er gode møteplassar i Kvam. Dette handlar mellom anna om tryggleik til å nytta seg av dei, og om språknivå. Nokre opplever at dei har god nytte av møteplassar og nemner mannegruppe, volleyball, fotball, Kabuso, kafear, Hardangerbadet, kino og strendene.

I byrjinga var det veldig godt å vera med på aktivitetar på Grannehjelpa og Røde Kors. Me var sosiale, spela kort og gjekk på turar. Det var veldig snille folk der, men me var veldig unge, og det kom ingen andre ungdommar der. Det hadde vore kjekt å møte nokre på vår alder også, i tillegg til dei som er pensjonistar.
– Kvinne i 30-åra

Andre kjenner på at møteplassane ikkje gjev grunnlag for å skapa gode nettverk:

Eg synest ikkje det finst så gode møteplassar i Kvam – eg saknar å få norske venner ... Eg ynskjer meg ein fritidsaktivitet, og har lyst å starta opp ei gruppe med idrett for damer frå heimlandet mitt. Norske må gjerne vera med, når gruppa er i gang. - Kvinne i 20-åra

Når det gjeld arrangement og møte, kan det nokre gonger vera vanskeleg å forstå kva type møte det er snakk om – men det kan likevel føra til at ein vert kjent med andre:

Eg veit kva som skjer i Kvam. Eg sjekkar på FB og på internett. Ein gong las eg at ein organisasjon skulle ha ein grillfest. Eg trudde det var volleyball og tok med heile familien. Eg trudde det var stor grillfest for barn. Dei vart overraska då me kom. Eg hadde tatt feil, det var ei politisk samling. Det var likevel veldig hyggeleg, og så blei eg kjent med nokre fleire. - Kvinne i 40-åra

Det er ikkje mange som er med på organiserte aktivitetar på fritida. Dette skuldast for det meste at ein travel kvardag for dei fleste gjer at dei ikkje får delteke på organiserte aktivitetar. Det er fleire som seier at dei deltek på språktreff. Det er også nokon som har opplevd å melda seg på fritidsaktivitet, men som har opplevd å ikkje bli inkludert og snakka til, og difor etter kvart slutta. Sjølv om dei som er intervjuja i liten grad deltek på organiserte aktivitetar, er det fleire som er aktive med andre aktivitetar på fritida, som å gå tur, fiska, padla og symja. Men det er forslag til korleis det kan leggest til rette for at fleire kan vera aktive og få eit nettverk.

Dei må tenkja på aktivitetar der innvandrar og etniske nordmenn kan vera saman, som Kvammakompis. Det hjelper og ein kan få kontakt med ein person. Kanskje kan ein verta kjent med fleire etter kvart. - Kvinne i 30-åra

Fleire av dei som kjenner seg integrerte i lokalsamfunnet fortel om ei kjensle av tilhøyrse som har vakse fram.

Eg opplever at denne bygda på ein måte er heime. Eg meiner at eg har det bra og føler at Noreg også er heimlandet mitt. Eg opplever at det er trygt og inkluderande her, og det er min favorittplass å bu. - Kvinne i 20-åra

Eg synest det var veldig bra å koma til Kvam. Her er det eit mykje betre liv enn det er i heimlandet mitt. Her får eg gå på skule og læra norsk og etter kvart ta utdanning. Det er draumen min. - Kvinne i 30-åra

Levekår, helse og økonomi

Dei som er intervjuja, seier at dei greier seg greitt, men alle seier at dei synest det er vanskeleg å ha råd til noko meir enn det aller mest naudsynte. Å reisa på ferie, er til dømes noko som er vanskeleg å få til. Men alle seier at dei ikkje syns dei har nokon grunn til å klaga.

Eg synest alt er svært dyrt i Noreg og Kvam. Særleg mat og klede er dyrt her samanlikna med heimlandet mitt. Eg er difor svært forsiktig med å bruka pengar og planlegg innkjøp grundig. - Kvinne i 30-åra

Økonomisk har me nok til mat og klede, men me må vera forsiktige med pengane. Men det er nok mange her i Noreg som må få hjelp, så me er nøgd med det me får. - Kvinne i 40-åra

Eg er heldig. Eg har jobb og alt eg treng. - Kvinne i 20-åra

Alle som vert intervjuet, held fram at dei ser kor viktig det er med arbeid for å verta økonomisk sjølvstendig.

Eg synest at den økonomiske situasjonen kan vera vanskeleg når eg ikkje har jobb. Her i Noreg går mykje av pengane til mat. Det vert ikkje råd til så mykje anna. Til samanlikning kostar maten her om lag fire gongar så mykje som i heimlandet mitt. Eg ser at jobb vert svært viktig for å kunna fungera bra i samfunnet.
- Mann i 30-åra

Eg synest det er dyrt å handla i butikkane i Noreg. Mannen min arbeider, men eg tenkjer at begge foreldra må jobba for at økonomien skal vera god.
- Kvinne i 30-åra

Dei som er intervjuet, seier at dei er nøgde med bustadsituasjonen sin, sjølv om dei fleste seier dei har små bustader.

Eg er nøgd med bustadsituasjonen, det er mykje betre enn me hadde før, her har me dusj, do og kjøkken inne. Men eg synest at huset er litt lite. - Mann i 30-åra

Alle er nøgde med helsetilbodet dei får i Kvam, og alle uttrykkjer tillit til norsk helsevesen.

Eg opplever at helsesituasjonen min er bra. Mykje betre helsetilbod her i Noreg og Kvam enn der eg kjem frå. Det er enkelt å bestilla helsehjelp og eg får god hjelp når eg treng det. - Kvinne i 20-åra

Eg føler me blir godt tatt vare på av helsevesenet. Barna vart svært sjuke fyrste dagen i Noreg, me var redde, men forstod fort at i Noreg fungerer helsevesenet.
- Mann i 30-åra

Tankar rundt integreringsarbeidet til kommunen

Når det gjeld opplevinga av integreringsarbeidet i Kvam, er alle dei intervjuet opptekne av det som skjer i byrjinga, rett etter at ein har kome. Det vert her teke fram det som er bra og kva som manglar:

Me er nøgde med Kvam, og det viktigaste for at det har gått bra, var å verta møtt på flyplassen av nokon som kunne språket vårt og seinare viste oss matvarer i butikkane og sentrale plassar. Men me skulle gjerne hatt morsmålsopplæring til barna. Og fått hjelp med fritidsaktivitetar. - Kvinne i 40-åra

I starten var det vanskeleg. Eg synest at alle som kjem hit, bør få hjelp den første tida. Eg synest kommunen burde ha gaid til dei som er nye, at det var obligatorisk at ein måtte gå til kommunen, fortelja kven ein er og sånt. Den første tida er den viktigaste. Kanskje det kunne vore ein app? - Mann i 30-åra

Fleire av dei intervjuja seier at dei synest dette med informasjon var vanskeleg i byrjinga. Det var gjerne gjennom andre kanalar, som Grannehjelpa, dei fekk informasjonen, eller frå andre frå same heimland som meistrar norsk betre. Bruk av tolk er svært viktig for dei som har behov for det, men også rettleiing og hjelp for dei som ikkje kjem som flyktningar og får oppfølging i introduksjonsprogrammet.

Dei intervjuja ser fleire utfordringar rundt integreringa, fyrst og fremst handlar det om språk, men også mangelen på nettverk:

Alle som kjem MÅ læra norsk språk. Det er det viktigaste. Eg trur at det er ekstra vanskeleg om ein kjem åleine; ein må ha menneske... familie eller nettverk rundt seg. - Kvinne i 30-åra

Mest av alt er det ynsket om å få hjelp til å få ein fot innanfor yrkeslivet i Kvam som er det største:

*Skulle ynskja det var meir hjelp frå Nav-systemet til å finna jobb.
- Kvinne i 30-åra*

Eg synest det meste er bra i Kvam, men håpar sjølv sagt at eg får meg arbeid når eg er ferdig å gå på skule. - Kvinne i 20-åra

Ein ting som eg ynskjer at kommunen vår skulle jobba med, er å hjelpe ungdomar mellom 16 og 20 år frå flyktningfamiliar å få jobb. Det gjer dei litt vondt i hjartet når andre ungdomar på same alderen frå norske familiar ikkje har problem å skaffe seg jobb i fleire lokale butikkar og andre bedrifter. For å få jobb, må familien ha nettverk eller connection - som mange ikkje har - og sjølv om dei har dette, så funkjar det ikkje. Då må ungane venta og venta til dei blir vaksne nok - kanskje 20 år - for å skaffe seg jobb. Til slutt kan ungane enda opp med å vandra og vandra fordi dei har ikkje noko å gjera på i fritida, helg eller ferie. Eg synest alle barn skulle ha hatt same sjanse. Kanskje kommunen treng å snakka med private bedrifter. - Kvinne i 40 åra

UNGE STEMMER

Me har hatt samtalar med til saman 16 ungdommar mellom 12 og 18 år med innvandrarbakgrunn. Samtalane har gått føre seg på Ungdomsbasen, på skulane, via telefon og via videosamtale på Messenger. Samtalane vart gjennomførte med gutar for seg og jenter for seg. Nokre av dei har vore med grupper, andre er intervjuåleine. Ungdommane representerte ulike grupper av innvandrarar. I forkant av samtalane fekk foreldra eit skriv der prosjektet vart forklara og der dei kom med tilbakemelding om det var greitt at barna deira deltok. Som utgangspunkt for samtalane hadde me ein intervjuguide.

Det var vanskeleg før eg kome til Noreg. Familien budde på ulike plassar. Plassen der eg budde, var berre nokre kilometer frå ein IS-leir. Du kunne sjå lysa bak fjellet der kvar natt. Dei viste seg med store våpen og dei kunne byrja å skyta på oss og på dei som skulle forsvare oss. Me måtte ha militære der, elles ville dei berre skyta oss. Av og til måtte me sova med kle på for å vera klar å springa om natta.... du veit ikkje kva tid du må ut frå huset ditt og vekk frå bygda og huset ditt fordi IS skal koma her og drepa deg. Du må vera klar, men du veit ikkje kva tid det kan skje. - Gut på vidaregåande

Oppbrotet, reisa og møtet med Kvam

Born og unge som kjem til Kvam har alle vore med på ein eller annan form for oppbrot frå det som var deira kvardag. Nokre har opplevd å forlata ein utrygg kvardag og har vanskelege opplevingar med seg i bagasjen til Noreg. For andre har oppbrotet og reisa til Noreg ikkje vore så dramatisk. Uansett kva type oppbrot det har vore, skildrar dei unge det å forlata tilværet dei var vane til som vanskeleg.

Før eg reiste frå heimlandet mitt, var det veldig, veldig vanskeleg. Eg såg mange døde kroppar i gatene. Eg fekk ikkje sova om kvelden fordi det var fly og bomber. Dette er noko eg synest var vanskeleg å tenkja på også etter at eg kom til Noreg. - Gut på vidaregåande

Eg var redd i båten på Middelhavet. Motoren stoppa ute på havet. Me såg berre hav og hav...og det byrja å renna vatn inn. Alle måtte kasta sekkane sine over bord. Me var sikkert 70 menneske i den båten. Eg tenkjer av og til på dette når eg skal leggja meg, på vatnet som kom inn i båten. - Gut på ungdomsskulen

Eg og familien flytta frå heimlandet då eg var åtte. Me måtte flykta til nabolandet. Det var vanskeleg å bli vane til det nye landet. Læra nytt språk og andre reglar. Me budde i eit hus saman med ein familie frå det landet. Heldigvis var dei snille. Dei fleste flyktningane må flytta frå hus til hus. - Gut på vidaregåande

Det var veldig vanskeleg å dra frå heimlandet vårt, spesielt å forlata familien, vener og folk som me kjenner. Men me var veldig glade, fordi me skulle flytta til eit nytt land og skal læra eit nytt språk og at me skulle oppfylla draumen vår. Og ein viktig ting me tenkte masse på, er korleis me eigentleg skulle blanda oss med nye folk og ny kultur og få eit nytt liv. Men det tok ikkje lang tid til å bli kjent med folk og me fekk nye venner. I dag kjennest alt fantastisk, og endeleg har me lært

*språket. Og i dag er eg og familien veldig stolte av at me er i Noreg.
- Jente på vidaregåande*

Møtet med Kvam var for mange utfordrande. Det er møtet med det totalt ukjende: Natur, folk, klima, språk, kultur og sosiale kodar. Alt var heilt annleis og ukjent. Det å ikkje kunna språket og ikkje forstå kva som går føre seg, seier alle ungdommane at dei synest var veldig vanskeleg. For dei som måtte reisa frå heimlandet grunna krig eller andre ulevelege tilhøve, var det også tøft å koma hit med alle desse opplevingane som ingen forstod noko av, eller spurde om.

Eg merka då eg kom at norske barn grin av ting som eg ikkje heilt forstod kvifor dei skulle grina av. Men eg forstår no at me ikkje har opplevd det same. No skjønner eg meir samfunnet og kulturen og miljøet her enn då eg kom. Me er kanskje litt forskjellige når det gjeld tankar og følelsar. Det som er greitt for dei er ikkje greitt for meg, og omvendt. - Jente på vidaregåande

Andre seier at dei syns det var mykje lettare:

Eg og familien budde mange år i eit anna land som flyktningar. Eg synest det var mykje lettare å koma til Noreg. Her forklarar dei skulereglane, og eg synest eg lærte det norske språket. Og eg får lettare vener. Eg var med og spelte fotball, lærte masse norsk der. Jo meir eg snakka, jo meir lærte eg. Det var mykje lettare enn å koma til det første landet. - Gut på ungdomsskolen

Det kan vera vanskeleg i ein norsk kontekst å dela bakgrunnen sin, når han er så veldig ulik den som etnisk norske ungdommar har.

*I byrjinga var det vanskeleg, dei andre visste ikkje kva eg har opplevd i livet mitt. Dei visste ikkje kven eg var. Dei var i si komfortsone og litt forsiktige. No har eg mange norske vennar, eg heng med dei, eg snakkar med dei. Eg er glad at eg kom til Kvam og ikkje til byen. Kvam er ei lita bygd og det er lettare å verta kjent.
- Gut på vidaregåande*

Då me flykta til eit naboland, var eg ni år. Eg måtte då jobba, for familien hadde ingen pengar. Me reiste tilbake til heimlandet og heimbyen vår ein periode, men der var alle husa øydelagde, og me hadde ikkje mat. Eg såg mange døde overalt. Me budde der i eit halvt år før me flykta igjen. Då måtte me springa fordi nokre soldatar var etter oss. Me måtte springa langt. Då me var i båt over Middelhavet, så visste me ingenting om kva me skulle. Me visste ikkje om me kom til å koma til ein by eller ein skog. På vegen gjennom Europa tok me buss og gjekk. Me reiste gjennom ti land. Me visste ikkje kvar me skulle. Eg vart trøyt og sliten og sår i beina. Eg fekk sova litt på ryggen til pappa. - Gut på vidaregåande

Då eg kom, hadde eg så lyst å få norske vener. At dei ville vera med meg fordi dei hadde lyst til det, og ikkje fordi det var synd på meg. Berre fordi eg er meg, liksom.

Det var vanskeleg å få vener i byrjinga. Eg var alltid sistevalet for andre. Eg har fått nokre vener no, men det er vanskeleg å verta kjend med dei norske. Det er sånne populære gjengar som det ikkje er lett å bli ein del av. Eg har gitt opp å verta vener med nokre av dei som eg prøvde å verta vener med lenge.

- Jente på vidaregåande

Eg opplever me har ulikt forhold til kva som er vanskelege og store oppgåver liksom. Nokre av vennane mine synest det er stress om dei må ordna opp og handla idrettsutstyr til seg sjølv. Eg føler eg har heilt andre bekymringar, og mykje meir ansvar for familien min. - Jente på vidaregåande

Mange av ungdommane skildrar korleis tilværet i Noreg etter kvart vart lettare:

Me kom rett frå heimlandet vårt til i Kvam. Det var vanskeleg i byrjinga. Vanskeleg å verta integrert med dei andre gutane og jentene som har vore saman sidan barnehagen. Det var vanskeleg å få meg inn, men no kan eg snakka med dei og det går det veldig bra. Eg kosar seg med i Kvam! Først var eg var redd og sånne ting, så eg torde ikkje snakka. - Gut på vidaregåande

Eg føler eg hadde veldig forskjellige følelsar frå dei andre før då eg kom. Men no er me alle meir like, no har me alle tenåringsproblem. - Jente på ungdomsskulen

Opplevingar av skulekvardagen

Når det gjeld trivsel, så seier dei fleste ungdommane at dei trivst på skulen, men opplevingane av meistring og tilhøyrsløse varierer.

Det er dette som er heilt normalt for meg no. Eg klarar ikkje reisa tilbake, dette er kvardagen min no, eg føler meg ikkje forskjellig frå dei andre. Eg vaknar opp glad og reiser på skulen. På skulen kosar eg meg så masse, i miljøet der. Det er liksom heilt normalt og ikkje vanskeleg. Det gjekk fint å verta kjent med folk på skulen. Når eg sit i klassen føler eg meg heilt komfortabel. Eg er glad i klassen og det er snille folk rundt meg og eg kjenner folk i ulike klassar. Det sosiale livet mitt er så perfekt. Ja, viss eg skal beskrive det med eit ord, så er det perfekt!

Gut på vidaregåande

Då eg kom til Noreg fekk eg stor hjelp frå lærarane og av kommunen. Eg fekk ekstra norsk og engelsk først, så etterpå i 9. klasse, så vart eg vanleg elev. Der fekk eg så masse hjelp!. - Gut på vidaregåande

På barneskulen får ein mykje hjelp. Det var ein som omsette til språket mitt. Leksehjelp var veldig viktig! Det å få læra korleis eg skulle gjera leksene, lesa fyrst og så svara på spørsmål. Det har vore viktig for meg på ungdomsskulen at eg kunne dette. Friminutta har vore godt på ungdomsskulen. Det er lite friminutt på vidaregåande. Men gymtimane gjorde at me vert kjent. Det er nye elevar frå

mange stader. Det språklege går greitt. Eg gjer mitt beste og er fornøgd med det.
- Gut på vidaregåande

I friminutta spelar jentene volleyball. Dei seier at det er kjekt i friminutta dersom ein kan henge med «dei kjekke folka», det vil seia stort sett andre jenter med innvandrarbakgrunn. Dei seier at det som er bra med koronasituasjonen, er at dei kan vera inne med sin klasse i matfrie, noko som har gjort at dei har vorte betre kjent med fleire i klassen. Gutane spelar «dibdab» eller «heng» saman og pratar.

Tankar om å knyta venskap på skulen

Mange av ungdomane som er intervjua, syns det kan vera vanskeleg å få gode vener på skulen. Jentene syns dette er vanskelegare enn gutane.

Det er vanskeleg å verta kjent med etnisk norske, og verta ven med dei... Det er lettare å verta kjent med folk som har same bakgrunn som me sjølve.
- Jente på ungdomsskulen

Alle jentene me snakka med, seier at dei synest det er vanskeleg å knyta venskap med elevane som har heilnorsk bakgrunn på skulen. Nokre av dei seier at dei har opplevd det dei kallar «skjult rasisme», små ting som lærarane ikkje merkar, som blikk, fnising og små kommentarar.

Dei andre i klassen ler når eg seier noko feil i timane når eg har presentasjon.
- Jente på vidaregåande

Ein må skifte litt personlegdom for å få innpass. Nokre vil ikkje ha andre med ein annan bakgrunn inn i miljøet. Eg må prøve å tilpassa meg for å få nye vener. Det er opp til meg å lukkast her. - Jente på ungdomsskulen

Gutane som vart intervjua, synest ikkje det er så vanskeleg å verta kjent med gutar som er oppvaksne i Noreg, og dei har alltid nokon å vera med i friminutta.

Eg har mange vener og synest ikkje det er vanskeleg å få vener her.
- Gut på vidaregåande

Midt i niande byrja eg å få kontakt med dei andre i klassen. Eg har mange norske vener og vener med norsk som andrespråk. - Gut på ungdomsskulen

Me [gutane i gjengen] har norske vener. Me har kontakt med dei andre. Dei er snille. Du må ikkje berre vera redd å snakka med dei! Dei viser deg kor hyggelege dei er og du får hjelp og sånt. Der eg kjem frå – det miljøet eg kjem frå er ganske likt det norske. Me har same ting på ein måte. Kanskje det er litt lettare for meg enn dei andre? Men det betyr mykje korleis personane tenkjer. Viss du tenkjer at du ikkje har lyst å snakka med dei, så må du berre prøva. Dei fleste er snille! Kanskje nokon møter feil personar...? Eg trur at viss du er gut så er det mykje lettare for å få kontakt med dei andre. Eg veit ikkje kvifor, men kanskje har gutane

lettare for å finna felles aktivitetar fordi om dei har ulik bakgrunn? Gutar alle plassar likar å spela fotball. Det er så lett å seia: - I dag skal me spela fotball klokka fire! Me [gutar] tenkjer enkelt - faktisk så trur eg trur det! Det er ikkje like lett å vera saman for jenter, trur eg. Då må ein snakka så masse og ha så masse felles.

- Gut på vidaregåande

Ungdommane reflekterer også rundt at alder kan spela inn på korleis det er å få vener i Noreg:

Det er lettare å koma når ein er ung. Broren min er yngre enn meg, og han fekk fort mange norske vener. Det er lettare når du er ung. Det er vanskelegare på ungdomskulen. - Gut på vidaregåande

Når det gjeld fag, har jentene forskjellige meiningar om kva som er vanskeleg og kjekt. Norsk synest fleire er det vanskelegaste, og fleire seier at dei opplever å ikkje få nok hjelp her, og fleire av dei nemner konkret grunnleggjande opplæring som dei ikkje har fått.

Eg synest ikkje eg fekk så masse norskopplæring då eg kom, som verb og substantiv for eksempel. - Jente på ungdomsskulen

Eg lærte ikkje av norskopplæringa på skulen då eg kom, eg lærte det heime. På skulen byrja dei med lange setningar i normale bøker. Det er faren min som har hjelpt meg. - Jente på ungdomsskulen

Eg synest det er vanskeleg at det er mange prøvar i ulike fag samstundes. Det hadde vore mykje betre at me får prøvane litt meir fordelt, for det er vanskeleg å bestemme seg for kva eg skal fokusera på. - Gut på vidaregåande

Ei av jentene fortel at ho ikkje fekk lov å snakka morsmålet sitt på skulen, at det var «forbode». Ho syntest dette var vanskeleg i byrjinga, men no bryr ho seg ikkje så masse om det, og snakkar morsmålet sitt om ho vil.

Dei fleste ungdomane seier at dei er trygge på lærarane sine, spesielt kontaktlærar. Og fleire seier at dei kan gå til kontaktlærar når dei ser mobbing og liknande. Men dei seier også at dei ikkje alltid torer å spørja på nytt til læraren, dersom dei ikkje forstår fyrste gongen dei ber om hjelp. Nokre av dei seier at dei ikkje deler ting som er vanskeleg med vaksne på skulen:

... då held me det heller inni oss, og håpar at det går over.
- Jente på ungdomsskulen

Når det gjeld det faglege, seier gutane at dei opplever at språket skapar utfordring.

Eg jobbar på og greier meg bra. Eg trur eg kan bli betre og betre. Eg har høge mål.
- Gut på ungdomsskulen

Skulen følger meg godt nok opp. Viss eg lurar på noko, så får eg hjelp. Eg har ikkje SNO-undervisning lengre, så eg følgjer ordinær undervisning.
- Gut på vidaregåande

Eg fekk SNO, særskild norskopplæring, då eg kom. Då hadde eg tre timar norskopplæring kvar dag. Siste månaden av fjerde klasse, i femte klasse og litt av sjette hadde eg dette tilbodet. Tilbodet var i Norheimsund, men eg budde i Øystese. Kan anbefala dette opplegget. Eg trur det har hatt mykje å seia for at eg har lukkast så bra. - Gut på ungdomsskulen

Eg prøvde å lesa nyheiter på NRK. Eg trur det er lettare med språk for gutane, fordi jentene ikkje er med på sport. Eg er på skulen og på trening. Eg kan meir språk enn dei. Det kjem fortare. Fotballbanen var viktig for å læra språk. 50/50 skulen og fotballbanen. Måten eg snakkar på, lærte eg av dei som er like gamle.
- Gut på vidaregåande

Kva med framtida då?

Jentene har ulike tankar om vidare skulegang. Nokre seier at dette er vanskeleg og skummelt, mykje på grunn av språkutfordringar. Andre seier at dei ikkje stressar med framtida, men tek livet som det kjem. Fleire av jentene har klare tankar og draumar om kva utdanning og jobb dei ynskjer. Dei seier at dei ikkje får råd om framtida, og godt kunne ynskja seg det:

...det er ikkje så mange som snakkar med oss om framtida, eigentleg...
- Jente på ungdomsskulen

Gutane har også ulike tankar om framtida. Nokre seier at dei opplever at dei har dei same moglegheitene som etnisk norske, medan andre er usikre på det. Dei fleste trur at dei som har norsk som morsmål i alle fall har fordelar når det gjeld språket.

Ungdom i heimlandet mitt har det heilt annleis når det gjeld framtida si. Det er ikkje så mange jobbar. Me lærer mykje meir her, der lærer me ikkje så masse. Så det er meir moglegheiter her. Eg vil studera vidare, kanskje reisa til militæret eit år? Gå på høgskulen... Men eg fokuserer på her og no, så eg tenkjer ikkje så mykje på dette, eigentleg. - Gut på vidaregåande

Eg tenkjer framover – foreldra våre har hjelpt oss å tenkja på framtida vår. Eg er utruleg glad i Kvam! Sjølv om eg skal til Bergen om nokre år, så er eg så glad for det eg har fått oppleva her. Eg kjem til å besøka Kvam heile tida! Foreldra mine

kjem til å bli gamle og kjem til å vera her. Typiske kvemmingar likar å bu i Kvam, og foreldra mine har vorte det, på ein måte. Me kjem aldri til å gløyma kvar me kjem frå, men du må integrera deg med samfunnet. - Gut på vidaregåande

Eg byter ofte plan om kva eg skal verta når eg vert vaksen. Men planen min er å ha eit bra liv. Vera ein som eg skal ikkje vera liksom - eg skal gje noko til samfunnet- til familien min. Eg har store planar! Ta master på universitet. Men det viktigaste er at eg får mest mogleg erfaring i livet. Eg likar musikk eg driv med musikk. Eg har liksom store planer. Det er litt komplisert. Planen no er at eg skal verta ferdig med vidaregåande og så begynna på universitet. Eg har ikkje bestemt meg...Men greia er at eg skal ha ei suksessfull framtid. Dette er kan kje eit random svar? Men eg har lyst ha eit godt liv. - Gut på vidaregåande

Pappa og mamma studerer, og eg sit der mens dei pratar om faga, og eg synest at Noreg har eit bra skulesystem. - Gut på vidaregåande

Tankar rundt fritid og fritidsaktivitetar

Det er også på dette området skilnad mellom gutar og jenter. Det er fleire av gutane som seier at dei er aktive på fritida.

Eg spelte fotball med eit lag, men no spelar eg fotball med vener, me spelar basket, eller me går ut og heng og chillar. Alle vennane mine går på faste fotballag, men det vil ikkje eg. Du må visa at du er god på fotball, eg spelte berre for å ha det gøy. Viss du ikkje er så god skal du sitja på benken, det var det mange som måtte. Når du sit på benken så spelar du ikkje alltid...du ser dei gode spelarane...til slutt så sluttar du å spela fotball fordi du ikkje var god nok. Det er synd, men i fotball må det vera sånn – for du har konkurranse med dei andre. Elles blir det slik at han som sit på benken er mykje betre enn hans som er på banen og det går ikkje. Blir du god så får du lov å spela. Men hengeplassar for dei som ikkje vil spela fotball, det finst ikkje i Kvam. Når det er sommar reiser me til Bergen for å spela biljard og bowling. - Gut på vidaregåande

Eg er den typen person som likar å sitja og chilla, men no er me for store til å vera på basen. Det er vanskeleg å få kontakt med dei som er yngre. Basen er ikkje for alle ungdommar ... Elles så sit ungdommar i bilane. Men det er ikkje å kjekt å køyra rundt heile tida. Det finst ikkje plassar for oss som er store og held på med noko fast. Me er slutta å reisa til basen. Når me reiser til Bergen, ein ungdomsplass, det er stor plass! Dei har mange greier som me kan driva med. Det var kjekkare der. Me manglar plassar å henga i Kvam. Alle er einige om at me i Kvam manglar sånne plassar. Viss du ikkje har bil eller er på treningssenter, så har du liksom ingen plass. Me sit på plassane på barneskulane eller ungdomsskulen. - Gut på vidaregåande

Fritid - eg er ikkje så mykje og heng rundt. Eg vil vera strukturert. Har fokus på fotball. Har ein draum om å bli fotballspelar. - Gut på ungdomsskulen

Ingen av jentene deltek på faste organiserte aktivitetar i fritida. Dei er stort sett heime etter skuletid. Dei fleste har oppgåver heime og hjelper til der, med småsysken og matlaging. Når dei skal slappa av, ser dei på seriar på tv, høyrer på musikk eller trener på rommet sitt. Det går sjølvstags også mykje tid med til lekser.

*Eg er med vener, eller ser på tv. Eller gjer begge deler samstundes.
- Jente på ungdomsskolen*

Eg lagar mat heime, eller eg spelar fotball, sånn uorganisert. Eg gjekk på organisert fotball før. - Jente på ungdomsskolen

Fleire seier at dei av og til gjer på kjekke ting saman med familien sin, som bytturar eller bowling. Elles seier dei at dei er mykje saman med familien heime.

Alle jentene seier at dei ynskjer at Ungdomsbasen var open berre for jenter fast minst ein dag i veka, slik som den dagen dei vart intervjuet. Dei håpar også at Mosaikk-tilbodet frå kulturskolen kjem tilbake.

Kva med økonomi?

Når det gjeld bekymringar, er ungdommane litt delte. Nokre seier at dei ikkje har økonomiske bekymringar på vegne av seg sjølv og familien. Andre seier at dei er bekymra innimellom. Dei fleste jentene seier at dei opplever at familien stort sett har råd til kle og utstyr som dei treng. Nokre av jentene kunne tenkja seg å gå på treningssenter, men dette har ikkje familien råd til. Fleire av jentene seier at dei har lyst på ein deltidsjobb, slik at dei kan tena egne pengar. Desse vil dei eventuelt spare til seinare når dei skal studera.

Gutane seier at dei ikkje saknar noko materielt i livet, og at dei får det dei treng.

*Me fekk stor hjelp av Nav og fekk alt det me trong i byrjinga. Eg har det eg treng.
Faren min har jobb og eg kan spørja han om eg treng noko. - Gut på vidaregåande*

*Foreldra mine jobbar, så eg får alt eg treng. Null stress med det.
- Gut på vidaregåande*

Tankar rundt helse og trivsel

Dei fleste jentene seier at dei veit kven dei skal ta kontakt med dersom dei har spørsmål eller tankar rundt helse som dei treng å få svar på. Likevel er ikkje alle sikre på korleis skulehelsetenesta fungerer, og korleis ein kjem i kontakt med skulelege og helsesjukepleiar.

Vidare var fleire av jentene tydelege på at dei berre kan snakka med mor og far om det som er vanskeleg. Fleire av jentene seier at dei ikkje alltid opplever å verta tatt på alvor dersom dei kjem med vonde ting til vaksne på skulen. Nokre av jentene seier at dei ikkje hadde tort å seia det som var vanskeleg til nokon.

Eg veit ikkje om eg kunne ha snakka med læraren om det som er vanskeleg...Kanskje heller ein venn. - Jente på ungdomsskolen

Det er alltid nokre vener eg stolar på. Men eg har ikkje hatt store problem. Men viss eg får nokre, så snakkar eg anten med venene mine eller læraren min.

- Gut på vidaregåande

Ungdomane har ikkje tenkt så mykje på dette med helsa. Dei seier at dei får den hjelpa dei treng når dei har behov for det:

Eg har eit helseproblem, som gjer at eg av og til må vera heime frå skulen. Men eg får god oppfølging og stolar på legane. - Gut på ungdomsskulen

Eg trong ein liten operasjon. Det er perfekte helsegreier her i Noreg. Dei er hjelpsame. - Gut på vidaregåande

Kva kunne vore betre i Kvam?

Jentene ynskjer fleire uformelle møtestader. Alle dei intervjuja jentene seier at dei kunne ynskja at dei fekk vera berre jenter på Ungdomsbasen ein dag i veka. Gutane seier at dei saknar fleire møteplassar og at butikkar og liknande har ope lenger.

Det er mykje som stenger for tidleg her. Fritidspark for ungdom hadde vore stas!

- Gut på ungdomsskulen

Me manglar hengeplass - aktivitetar som passar dei eldste ungdommane. Eg saknar meir av basen. Den basen der – der liksom– me sit der og chillar. Men det er ikkje plass til så mange der, maks 20 personar. I Kvam saknar eg fleire hengeplassar – om vinteren kan me ikkje vera ute. Alle flyttar frå Kvam når dei er 18. Kanskje det er fordi det manglar hengeplassar her? - Gut på vidaregåande

Elles seier alle ungdommane at dei synest koronapandemien set sitt preg på kvardagen, og at dei saknar livet slik det var før.

Eg saknar livet utan korona. Ingen trong å tenkja på noko før ein skulle finna på noko. - Gut på vidaregåande

Det er vanskeleg med fritida no i koronatida. Når det går an, brukar eg fritida mi til å trenar fotball og styrke, og gamar nokre gonger. Eg har hatt vener heile tida.

- Gut på ungdomsskulen

DEL 3

Slik har me det

Kartlegging av kommunale einingar og tenester

OPPVEKST

Under oppveksteininga høyrer grunnskulane, barnehagane, barnevernstenesta, familiesenteret, vaksenopplæringa, pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) og helsestasjon- og skulehelsetenesta.

Barnevernstenesta

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

Arbeidet til barnevernstenesta er regulert av barneverntenestelova, og dekker alle barn som oppheld seg i Noreg i alderen 0-18 år (med moglegheit for ettervern til 23 år). Dette gjeld uavhengig av kva statsborgarskap, opphaldsstatus eller bakgrunn barnet har.

Gjennomføring, rutinar og planar for dette arbeidet

Som fylgje av internasjonalisering og auka innvandring har stadig fleire barn i Noreg tilknytning til andre land. Det kan vera utfordrande for barneverntenesta å handtera barnevernsaker der barnet har sterk tilknytning til andre land. Sakene kan vera vanskeleg å få kartlagt tilstrekkeleg og det kan vera krevjande å vurdere kva tiltak som vil vera til beste for barnet. Departementet har utarbeidd retningslinjer for handsaminga av barnevernsaker der barn har tilknytning til andre land. Retningslinjene skal mellom anna gje rettleiing til kommunen om samarbeid med andre land sin myndigheiter og om konsulær bistand i barnevernsaker.

Integrering er ikkje eit overordna mål for barnevernet sitt arbeid, men det vert arbeidd med integrering på individuelt plan i familiane. Tenesta nyttar tolk i møte med familiar. Dette for å sikra at kommunikasjonen og dialogen mellom tenesta og familien vert forstått begge vegar. Det er rutinar for oppfølging av einslege mindreårige.

Utfordringar

Barnevernet opplever at det er lite heilskap i arbeidet dei ulike tenestene gjer i målgruppa. Tenesta meiner at det manglar tydelege retningslinjer for kva ein familie som kjem til Noreg skal få av oppfølging og opplæring. Tilsette ved barnevernstenesta har ikkje kurs eller vidareutdanning innan fleirkulturell forståing, og ser at dette hadde vore ein fordel.

Grunnskulen

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

Grunnskulen har ansvar for opplæring for barn i aldersgruppa 6-16 år. Gjennom denne utdanninga skal dei verta kvalifiserte for vidare skulegang. For ungdom 16-20 år som kjem til landet utan grunnskule, har kommunen plikt til å gje eksamensretta grunnskuleopplæring.

For denne gruppa gjeld spesifikt paragraf 2-8 i Opplæringslova om særskilt norskopplæring for elevar med eit anna morsmål enn norsk:

Elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Morsmålsopplæringa kan leggjast til annan skole enn den eleven til vanleg går ved⁵².

Elevar med innvandrarbakgrunn i grunnskulealder skal sikrast opplæring i norsk (og tospråkleg fagopplæring), og eventuelt morsmålsopplæring, så lenge det er behov for det. Paragraf 2-8 omhandlar «særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar». Tospråkleg fagopplæring og morsmålsundervisning vil letta innlæringa av tilsvarande dugleikar på norsk. Det er skulen sitt ansvar å leggja til rette for dette. Tilbodet til deltakarar med særleg liten skulebakgrunn skal styrkast for å gje dei føresetnader til å kunna lukkast i det norske samfunnet.

Skuleeininga sitt mandat når det gjeld arbeid med innvandrarbefolkninga i Kvam er opplæring, regulert gjennom Opplæringslova § 2-1, rett til grunnskuleopplæring etter tre månadar i landet. Elevar med innvandrarbakgrunn har dei same rettane som andre barn i Noreg, som tilpassa undervisning (§ 1-3), spesialundervisning (§ 5-1) og rett til å gå på nærskulen (§ 8-1). Desse elevane kan også ha rett til særskild språkopplæring (§2-8) som gjeld særskild norskopplæring, morsmålsopplæring, og tospråkleg fagopplæring. Morsmålsopplæringa kan skje på ein annan skule enn den eleven går på. Skulen skal kartlegga eleven sine dugleikar i norsk undervegs i opplæringa. Skulen har, om det let seg gjera å få tak i, morsmålsassistent 44 timar (fordelt på to månadar) i starten på ny skule. Det er i tillegg naturleg å nemna §9A-1 om trygt og godt skulemiljø som skulen også skal jobba utifrå.

Planar, rutinar og gjennomføring av dette arbeidet

Faget «Grunnleggjande norsk for språklege minoritetar» er delt inn i tre nivå. Skulen har godt samarbeid med PPT gjennom støttesystemet. Det er prosedyrar for korleis nye elevar vert tekne imot. Det fyrste dei møter, er velkomstsamtalen. Her har rektor ansvar saman med kontaktlærar og SNO-lærarar. Det finst tilbod om leksehjelp.

Utfordringar

I skulen er det ei oppleving av at språkopplæringstilbodet for nye elevar med anna morsmål enn norsk og samisk ikkje har godt nok system, noko som inneber at omfang og kvalitet på opplæringa vert ulik mellom skulane og frå skuleår til skuleår. Dette viser seg mellom anna ved at det er få og spreidde timar både i høve til timeplanen og lærarressursane. Det er mykje som ligg på kontaktlærar og det vert for tilfeldig kva oppfølging eleven får.

Timar i særskilt norsk er timeplanfesta, men utover det er det ei oppleving at skulen manglar heilskapleg tenking rundt integreringsarbeid. Mange tilsette opplever spesielt at sosial integrering kan vera vanskeleg. Det skjer også ei endring frå barneskule til ungdomsskule. Særleg elevar som ikkje er interesserte i idrett vert sitjande mykje åleine i fritida, viss ikkje lærar set i gang tiltak.

⁵² Opplæringslova paragraf 2.8 <https://lovdata.no/lov/1998-07-61/§2-8>

Det er ulikt system for og nivå på kommunikasjonen mellom heim og skule. Dette er noko som kan få konsekvensar for elevane sitt faglege og sosiale utbyte av skulekvardagen. Det er derfor ein del tilsette som ynskjer meir systematikk i skule-heim-samarbeidet.

Det er vidare ei generell oppfatning at tverrfagleg samarbeid rundt desse elevane ikkje er tilstrekkeleg og at det ikkje er nok kompetanse blant lærarane når det gjeld denne elevgruppa. Kvam har få lærarar med SNO-utdanning, og nokre skular manglar formell kompetanse i didaktiske grep for språklege minoritetar. Det er mange lærarar som seier at dei er usikre på forventa progresjon hjå elevane. Det er ein opplevd tendens at opplegga er personavhengige og varierer frå år til år, og at det er stor variasjon mellom kva progresjon elevane har. Vidare saknar lærarane fleire og betre rom og læremiddel.

Eit anna viktig spørsmål, er korleis SNO-opplæringa kunne vore meir integrert i ordinær undervisning. På ungdomstrinnet opplever mange lærarar at det er vanskeleg å finna tid til å gje systematisk norskopplæring innimellom den ordinære undervisninga.

Skulen som arena for identitetsutvikling er ein annan viktig tematikk som vert trekt fram av tilsette i skulen. Spørsmålet om korleis barnehage og skule kan bidra til ei positiv identitetsutvikling for kvart enkelt barn, er noko skulen bør jobba gjennomgåande med. For at minoritetsspråklege og tospråklege barn skal kunna utvikla ein trygg fleirkulturell identitet, må dei få anerkjenning av den språklege og kulturelle bakgrunnen sin. Ein måte å anerkjenne den kulturelle bakgrunn til barnet på, er å syna interesse for bakgrunnen til barnet, og setja ord på likskapar og ulikskapar.

Barnehage

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

Kommunen skal leggja til rette for at alle barna i barnehage får eit fullverdig og likeverdig barnehagetilbod. Barnehagen skal støtta alle barns utvikling, og gje eit tilpassa barnehagetilbod basert på dei føresetnadane det enkelte barn har. Dette omfattar også fleirspråklege barn, som kan ha særleg utbytte av barnehagen for sosial og språkleg utvikling. Vidare skal barnehagen ta omsyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, jamfør barnehagelova § 2⁵³. Barnehagen skal også formidla verdiar og kultur, gje rom for barnet si eiga kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleva glede og meistring i eit sosialt og kulturelt fellesskap. Forskrift om rammeplan for innhald og oppgåver i barnehagen krev mellom anna at barnehagen skal sørgja for å:

- integrera barnet i det sosiale og kulturelle fellesskapet
- støtta barnet si heilskaplege utvikling basert på eigne føresetnader
- støtta dobbel kulturtilhøyrsl
- skapa eit språkstimulerande miljø
- støtta at barnet nyttar morsmål sitt
- arbeida aktivt med å fremja den norskspråklege kompetansen til barnet⁵⁴

Planar, rutinar og gjennomføring av dette arbeidet

Det er 7 barnehagar i Kvam, der 6 er kommunale. Det er barnehagar i Ålvik, Øystese, Norheimsund, Tørvikbygd og Strandebarm. Barnehagen er det første møtet med verda utanfor heimen for barn med innvandrarbakgrunn så vel som for andre barn. Barnehagen vert difor den fyrste starten på sosialiseringssprosessen utanfor heimen, og mykje av grunnlaget for den sosiale kompetansen vert lagt her. Barnehagen er, som skulen, viktig som identitetsskapande arena.

⁵³ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

⁵⁴ (<http://nafo.hioa.no/barnehage/laeringsressurser/>)

Det vert arbeidd med mangfald som ein ressurs i møte med barn og vaksne. Alle barn skal vera i eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei opplever meistring. Barn med minoritetsspråkleg bakgrunn har prioritert rett til barnehageplass.

Utfordringar

Tilsette i barnehagane fortel at dei har rutinar for samarbeid med Nav, tolk og helsesjukepleiar, men tenesta kunne med fordel hatt meir tverrfagleg samarbeid. Vidare er det ofte utfordrande og vanskeleg med informasjon ut til foreldra til fleirspråklege barn. Det kunne også vore betre og felles rutinar for integreringsarbeidet. Slik det er no, er det gjerne ulike tilnærmingar mellom avdelingane. Barnehagen saknar tilbodet om morsmålsassistent. Barnehagane opplever ofte at dei får for lite informasjon om barna før dei byrjar i barnehagen.

Helsestasjonane

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

Helsestasjonen si verksemd er regulert av Kommunehelsetenestelova, «rettleiar for helsestasjon skulehelseteneste 0-20 år» og «rettleiar for flyktinghelseteneste». Helsestasjonane i Kvam sitt ansvar er helsestasjon- og skulehelseteneste for barn og unge frå 0-20 år. I tillegg kjem helseteneste for flyktingar, asylsøkjjarar og innvandrarakar som kjem på grunnlag av familiegjenforeining.

Planar, rutinar og gjennomføring av dette arbeidet

Dei siste åra har det vorte auka opp bemanning på helsestasjon og i skulehelsetenesta. Det har i lengre tid vore ein eigen helsesjukepleiar som jobbar med mottak av flyktingar. «Vegleiar for flyktinghelseteneste» er ein handlingsplan som tilsette kan orientera seg ut frå.

Utfordringar

Det vert arbeidd med retningsliner i tenesta, men det er likevel behov for å jobba for å få betre rutinar og betre samarbeid. For å betra rutinane, hadde det også vore ein fordel å ha eit årshjul og jobba meir med å få implementert arbeidet.

Det tverrfaglege samarbeidet fungerer i nokon grad, til dømes er samarbeidet med flyktingtenesta godt etablert. Men utover dette har helsestasjonen ei oppleving av at mange sit på kvar sin stad og jobbar utan at ein veit kva den andre gjer. Vidare ynskjer helsestasjonen at det gjerne vart arbeidd meir heilskapleg rundt familiare. Når det gjeld skulehelsetenesta, kan det jobbast meir her for å nå ungdom i målgruppa.

PPT

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

PPT har ansvar for alle barn i kommunen med behov for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning gjennom opplæringslova §5.1.

Planar, rutinar og gjennomføring av dette arbeidet

Det er ikkje knytt egne ressursar til integreringsarbeidet i tenesta. Kommunen har ansvaret for norskopplæringa, og så lenge eit barn får hjelp gjennom § 2.8 i Opplæringslova, skal ikkje barnet ha hjelp gjennom §5.1 i opplæringslova til norskopplæring. Det kan vera ulike grunnar til behov for spesialpedagogisk hjelp uavhengig av særskilt språkopplæring. PPT har same ansvar her for fleirspråklege som for norskspråklege. PPT arbeider mykje på lågterskelnivå med barn i barnehage og skule når det gjeld rettleiing og nettverk og støtteteam, både på system- og individnivå. Integrering er tema når ein arbeider med fleirspråklege elevar. PPT har mål om å bidra til god norskopplæring, lågterskelarbeid mot målgruppa og å rettleia skule og barnehage i arbeidet med målgruppa.

Utfordringar

PPT har noko kompetanse spesifikt inn mot innvandrarbefolkninga, men er likevel ikkje trygge nok i å utføra oppgåver mot denne gruppa, og rammene er noko uklare. Det er ikkje gode nok planar for dette arbeidet per i dag. PPT får mange tilvisingar om spesialundervisning, men som gjeld elevar som eigentleg skulle hatt hjelp etter Opplæringslova §2.8.

PPT ser at det er behov for systematisk arbeid med integrering i målgruppa, og ynskjer meir kompetanse på feltet rundt utgreiing og kartlegging, då språket gjer det vanskeleg å avdekka andre vanskar. Slik det er no, manglar tenesta gode kartleggingsverktøy. Det er også behov for meir kompetanse om tema som traume og kartlegging.

Familiesenteret

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

Det er inga spesifikk juridisk forankring når det gjeld oppgåver og ansvar i integreringsarbeidet på Familiesenteret, men tenesta har mandat frå oppvekstsjef og forpliktande samarbeid med andre tenester for barn og unge (Kvam familie- og læringsssenter) og barnehage og skule. Alle barn, unge, foreldre og familiar, kan få tenester i Familiesenteret. Desse tenestene er råd og rettleiing, gruppe- og kurstilbod.

Planar, rutinar og gjennomføring av dette arbeidet

Familiesenteret sine oppgåver er å bidra til kunnskap når det gjeld møte med barn, ungdom og foreldre, tverrfagleg og til organisasjonar. Alle barn, unge, foreldre og familiar kan få råd, rettleiing, gruppe- og kurstilbod. Tenesta tilbyr også traumebasert kurs etter behov.

Tenesta jobbar med å hindra utanforskap og auka deltaking og medverknad hos barn og unge. Dette vert det mellom anna arbeidd med gjennom ungdomsbaser, Ung fritid, og helsefremjande jente- og gutegrupper på ungdomsskulane. Ungdom over 13 år har tilgang på Ungdomsbasen og høve for deltaking i Ung fritid sine aktivitetar. Ung fritid har informasjon på ulike språk. Familiesenteret samarbeider også med andre instansar for å nå målgruppa.

Vidare jobbar Familiesenteret opp mot foreldre, med støtte, hjelp og rettleiing i foreldreskapet, mellom anna gjennom Cos-kurs og foreldrestøtteprosjektet. For sistnemnde kurs, er det foreldre med innvandrarbakgrunn som er målgruppa. Tenesta har forpliktande samarbeid med andre tenester for barn og unge, og med barnehage og skule, men ingen spesifikke skriftlege rutinar.

Utfordringar

Familiesenteret har eit breitt mandat frå helsefremming til konkret oppfølging av enkelte barn, unge og familiar. Det er utfordrande med prioritering når det ikkje føreligg tydelege føringar i lov/forskrift, bortsett frå eit mandat som Familiesenteret har ansvar for å konkretisera sjølv. Det er personar som har erfaring og kompetanse når det gjeld målgruppa, men tenesta ynskjer meir kompetanse slik at arbeidet vert meir heilskapleg. Det er difor ynske om kompetanseheving på dette området.

Når det gjeld tiltaka inn mot ungdommar i målgruppa, er det ei oppleving i tenesta at ungdomen veit om tilbodet deira og nyttar det, men dei har lite interaksjon med etnisk norske ungdommar på Ungdomsbasen og i Ung fritid.

Tenesta ser behov for:

- Eigne jentegrupper (eiga tid på Ungdomsbasen for jenter)
- Traumegrupper og andre foreldregrupper som kan vera eit føreseieleg og fast tilbod
- Informasjon ut på andre språk, og tettare samarbeid med andre tenester /dei som er tettast på
- Vera synleg/stilla på forum/arenaer der familiesenteret kan treffa både vaksne og unge frå andre kulturar
- Tilby familiesenteret sine tenester ved akutte behov

- Tilsetja fagpersonar med fleirkulturell bakgrunn
- Tydelegare retningsliner for bruk av tolk, og terapeutisk intervensjon via tolk
- Bruka andre med kulturell erfaring/bakgrunn inn i gruppetilbod/ungdom. Ressurstenking.
- Laga skriftlege mål, som vert evaluerte fast som ein del av familiesenteret si drift
- Involvera dette i kompetanseplan/kartleggja kva behov som finst

Vaksenopplæringa

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

Grunnleggjande opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter Introduksjonslova/integreringslova.

Målgruppe:

- Innvandrarakar i alderen 18-67 år som har **rett og plikt** til gratis opplæring i norsk og samfunnskunnskap (*Integreringslova*). For personar som deltek i introduksjonsprogram, skal opplæring i norsk og samfunnskunnskap vera ein del av programmet.
- Personar utanfor EØS og deira familie som oppfyller alderskravet (18-67 år) og som har eit opphaldsløyve for å arbeida i Noreg, har **plikt**, men ikkje rett til opplæring.

I tillegg til dei som har rett/plikt eller berre plikt, tilbyr vaksenopplæringa norskopplæring til arbeidsinnvandrarakar og familien deira. Denne gruppa har ikkje rett til gratis opplæring etter *Introduksjonslova/Integreringslova*. Grunnskuleopplæring for vaksne fylgjer Opplæringslova.

Målgruppe:

- Vaksne som treng grunnskuleopplæring. Dette kan gjelda både vaksne innvandrarakar med lovleg opphald og etnisk norske som av ulike grunnar har ei mangelfull grunnskuleopplæring. Nokre treng også ny opplæring grunna sjukdom eller skade.

Omfanget av grunnskuleopplæringa kan variera både i tid og fag. Nokre treng kanskje berre opplæring i grunnleggjande ferdigheiter og enkelte fag, medan andre treng sluttvurdering med vitnemål grunna vidare skulegang.

Planar, rutinar og gjennomføring av dette arbeidet

Vaksenopplæringa driv med kvalifisering for vaksne. Alle som får norsk og samfunnsfagopplæring etter Introduksjonslova, får opplæring etter ein individuell plan. Denne planen skal samsvara med overordna mål i individuell plan/kvalifiseringsplan etter *Introduksjonslova/Integreringslova* i samsvar med lovverket. I hovudsak er det snakk om kvalifisering som skal byggja på tidlegare kompetanse og vidare målsetjing.

Utfordringar

Mange har lite skulebakgrunn og det burde vore meir morsmålstøtte for dei mest sårbare deltakarane. Det tverrfaglege samarbeidet er positivt, men kan òg vera utfordrande og tidkrevjande. Det kan vera utfordrande når ulike yrkesgrupper/tenester skal arbeida tett mot same målgruppe med tanke på ulike forventningar og tilnærming.

HELSE OG OMSORG

Under eininga helse og omsorg, finn me tenestene Nav, pleie og omsorg, ergo- og fysioterapitenesta, avdeling for rus og psykiatri (ROP) og legetenesta.

Nav

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

Tenestene i Nav er regulert i lov om arbeids- og velferdsforvaltninga (NAV-lova), sosialtenestelova og lov om folketrygd. I tillegg kjem nasjonale føringar for mål og disponering.

Planar, rutinar og gjennomføring av dette arbeidet

Hovudmålet til Nav er fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad. Nav er involvert i alle livsområda som denne planen seier noko om: Arbeid og sysselsetjing, etablering og busetjing, økonomi og levekår, kvalifisering, kommunikasjon og informasjon, familie, barn og unge, og helse. Arbeidet tangerer også fritid og sosiale nettverk. Formålsparagrafen til sosialtenestelova seier at ein skal betra levekår for vanskelegstilte og bidra til økonomisk og sosial tryggleik.

Nav har ansvar for nesten alle velferdsordningane i Noreg. Etaten er stor og er organisert i ei tenesteline og ytingsline. Det lokale Nav-kontoret er organisert i tenestelina. Departementet styrer og kjem med føringar til Nav gjennom årlege mål- og disponeringsbrev og kommunebrev. Det er desse dokumenta som er arbeidsdokumenta for korleis Nav skal planleggja og gjennomføra arbeidet med fleire i arbeid og aktivitet, og færre på stønad.

Utfordringar

Kvalifisering og sysselsetjing

- Individuelt tilpassa kvalifiseringsløp
- Gjennomføra grundige og gode kartleggingar
- Språk og kulturelle forskjellar
- Utdanningsløp som fører til varig tilknytning i det norske arbeidslivet
- Formidling til fast jobb
- Kvalifiseringsløp som skal kombinerast med integrering og omsorgsoppgåver
- Helse

Samarbeid innan tenesta og tverrfagleg samarbeid

Flyktingtenesta er organisert som ein del av Nav Kvam. Dette gjer at flyktingtenesta kan nytta alle Nav sine verkemiddel tidleg i kvalifiseringsløpa til den enkelte innvandraren. Det kan vera utfordrande å få til gode overgangar i kvalifiseringsløpa. Dette gjeldt både internt i Nav og i samarbeid med andre tenester.

Tverrfagleg samarbeid og kommunikasjon er ei utfordring når det gjeld kvalifiseringsløp. Å avklara ansvarsområde og grenseoppgangar mellom tenestene, er stadig pågåande prosessar. Det er naudsynt å justera og styra desse prosessane i takt med utviklinga i dei ulike tenestene.

Det er Kvam herad som er ansvarleg for god integrering av innvandrarak. Innvandrarak, med alle sine individuelle behov, skal få hjelp og tenester i dei ordinære tenestene. Dette er utfordrande i Kvam utan eit tydeleg koordinerande ledd.

Stønadslengd på sosialhjelp for flyktingar

Mange flyktingar i Kvam er avhengige av sosialhjelp frå dei kjem, og i mange år etterpå. Ei av utfordringane er at store deler av eller heile introduksjonsstønadene går til husleige. Dei kommunale buutgiftene i Kvam er såleis medverkande til at det tek mange år før flyktingane greier å vera økonomisk uavhengige frå supplerande sosialhjelp

Flyktingtenesta (NAV)

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

Den juridiske forankringa til flyktingtenesta er både den gamle introduksjonslova, som gjeld for personar busett før 01.01.21, og den nye integreringslova for personar busett etter 31.12.2020.

Flyktingtenesta har ansvar for å ta imot og busetja flyktingar. Kvam heradsstyre vedtek kor mange flyktingar kommunen kan ta imot per år. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet sender førespurnad om kommunen kan ta i mot konkrete personar i løpet av året.

Alle flyktingar mellom 18 og 55 år har ein lovpålagt rett og plikt til å starta i introduksjonsprogram. Dei får tildelt ein kontaktperson på flyktingtenesta, ein programrådgjevar, som skal fylgja dei opp i programtida. Det skal utarbeidast ein individuell integreringsplan for introduksjonsprogrammet, og det skal skrivast ein integreringskontrakt. Etter at programtida er ferdig, held flyktingtenesta fram med oppfylging av flyktingen, både praktisk og arbeidsretta, fram til vedkomande har budd i Kvam i 5 år.

Planar, rutinar og gjennomføring av dette arbeidet

Det er eit overordna mål at personane skal finna seg til rette i Kvam, bli økonomisk sjølvstendige, og få ein meningsfull jobbkvardag og fritid.

Flyktingtenesta har i einskildhøve tilsett flyktingar som har vore i Kvam ei tid, på timebasis. Oppgåvene er tolketenester, miljøarbeid, vaktmeisteroppgåver og reinhaldsoppgåver. Desse personane har viktig kompetanse, ressursar og livserfaring som kan styrkja tenesta.

Busetjing

Flyktingtenesta har korkje innverknad på kva tid busetjing skal skje, eller om det er busetjing av einslege eller barnefamiliar. Bustad må difor skaffast og møblerast på kort varsel. Tenesta er avhengig av at kommunen har tilgjengeleg bustad og ressursar til å klargjera bustaden. Når flyktingtenesta har fått informasjon om at kommunen skal busetja flyktingar, kallar flyktingtenesta inn aktuelle instansar som helsestasjon, flyktinglege, vaksenopplæringa, skule, barnehage, forvaltning, drift, vedlikehald og bygg (Fdv) og eventuelt andre til møte. Dei ulike instansane vert informerte om dei som skal busetjast, ut frå opplysningane som er motteke frå IMDi. Ansvar for kven som gjer kva, vert også fordelt her. Til dette arbeidet har tenestene eit skjema som dei går ut i frå ved kvar busetjing.

Kvalifisering

Introduksjonsprogrammet er det viktigaste verktøyet me har for å integrera flyktingen i skule og arbeid. Mottakskommunar skal tilby alle flyktingar mellom 18 og 55 eit introduksjonsprogram. Dette programmet skal vera heilårleg og på fulltid. Det vil seia at programmet skal fylgja dei same retningslinene for ordinært arbeidsliv med 37,5 timars veke, og fem veker ferie i året. Det er eit lovkrav at fulltidsprogram skal startast opp så snart som råd etter busetjing, og seinast innan tre månader. Målet med introduksjonsprogrammet er å gje deltakarane grunnleggande ferdigheiter i norsk, grunnleggande innsikt i norsk samfunnsliv og førebu dei til arbeid eller utdanning.

Det som står klart av tilbod når flyktingen kjem til Kvam per i dag, er tilbod på vaksenopplæringa med 18 timar undervisning i veka. Denne undervisninga fylgjer skuleruta i Kvam. Det er praksis i Kvam at flyktingtenesta skal finna språkpraksisplass til programdeltakarane den resterande tida, for å få til program på fulltid.

Flyktingtenesta gjer seg bruk av Nav sine verkemiddel for kvalifisering og rekruttering. Det er særleg viktig å freista å sikra gode overgangar frå avslutning av introduksjonsprogram og vidare løp som skulegang, arbeidsretta tiltak eller overgang til jobb. Kvalifiseringa skal skje i tett samarbeid med vaksenopplæringa. Flyktingtenesta har faste månadlege samarbeidsmøte med vaksenopplæringa.

Utfordringar

Heilårleg introduksjonsprogram på fulltid

Ei stor utfordring i Kvam er å få til eit godt og individuelt tilpassa introduksjonsprogram på heiltid, og innan tre månadar. Slik kommunen har organisert arbeidet får introduksjonsdeltakarane tilbod om tre dagar undervisning på vaksenopplæringa, 18 timar i veka. Det er dette tilbodet som står klart når flyktingen kjem til Kvam.

Flyktingtenesta har ansvar for å fylla dei to andre dagane med språkpraksis i offentlege eller private bedrifter, så fort som råd og innan tre månader. Det er utfordrande å ha så kort tid til å finna rett praksisplass til deltakarane. Vidare er det kort tid til å førebu både praksisstad og deltakar. Bruk av språkpraksis er i seg sjølv ikkje eit obligatorisk element i introduksjonsprogrammet. Det kan vera formålstenleg for somme deltakarar, men høver ikkje like godt for alle. For einskilde programdeltakarar vil eit dagleg skuletilbod vera det mest effektive på veg mot vidaregåande utdanning eller arbeid. Det kjem an på kva som er karrieremålet til den einskilde programdeltakar, og individuelle tilhøve.

Det som er obligatorisk i introduksjonsprogrammet, i tillegg til obligatoriske fag, er arbeids- eller utdanningsretta element. I den einskilde sin integreringsplan skal det grunngjevast kva arbeids- eller utdanningsretta element som er valde inn i introduksjonsprogrammet, og korleis desse vil styrka den einskilde si mogelegheit for deltaking i yrkeslivet. Slik det er organisert i Kvam herad, er det vanskeleg å stetta lovkravet om å gje flyktingane tilpassa individuelle opplegg. Vidare er det ei utfordring å gje tilbod om program i haust-, vinter- og sommarferie.

Etter ny integreringslov blir den einskilde tildelt introduksjonsprogram i alt frå tre månadar til fire år vurdert etter kva utdanning dei har når dei kjem til landet. Ei anna utfordring er at Kvam ikkje har vaksenopplæring på vidaregåande nivå. Dei som er over 25 år, får ikkje skuletilbod i vidaregåande skule i Kvam. Desse personane må pendla til Voss, Odda eller Bergen. Dette let seg vanskeleg gjera i kombinasjon med å ha små barn, der ein til dømes er avhengig av opningstider i barnehage.

Ny integreringslov og avklaring av ansvar

Det må avklarast kven som har ansvar for å undervisa i dei obligatoriske faga/bolkane i introduksjonsordninga. Etter ny lov er desse faga obligatoriske: norsk, samfunnskunnskap, livsmeistring i nytt land og foreldrerettleiing for dei som har eller ventar barn.

Tverrfagleg samarbeid

Når det gjeld tverrfagleg samarbeid, opplever flyktingtenesta at det er mykje som fungerer godt, men det er gråsoner som gjeld ansvarsområde og forventningar. Flyktingtenesta kan oppleve forventningar frå samarbeidspartar som går utover dei oppgåvene som ligg til tenesta. Dette botnar truleg i manglande forståing for kven som er rekna som flyktingar og kven som er rekna som innvandrarakar. Kommunen har ikkje ei integreringsteneste som femnar både flyktingar og andre innvandrargrupper. Ei anna årsak kan vera at ein «gløymer» at flyktingar skal integrerast i dei ordinære tenestene i kommunen, og at det er dei ulike tenestene som må tilpassast og utviklast for best mogeleg integrering og inkludering for dei ulike gruppene.

Tilsette i flyktingtenesta opplever at spennvidda for oppgåvene er stor. Det er alt frå ei pårørande rolle til tenesteytarrolle, og å vera mellomledd opp mot andre tenester. Oppgåvene flyt dermed gjerne ut, og fører til at det vert vanskeleg å setja grenser for arbeidsoppgåvene både for den einskilde flyktingen og samarbeidspartar.

Pleie og omsorg

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

Arbeidet til pleie og omsorg er regulert i lov om kommunale helse- og omsorgstenester (helse- og omsorgstenestelova)⁵⁵ og ei rekkje forskrifter. Tenesta har ansvar for å gje individuell hjelp til dei som treng omsorg, behandling og pleie og yter hjelp til personar i alle aldersgrupper. Pleie- og omsorgstenesta i Kvam er organisert i tre avdelingar: tenester til heimebuande, heildøgntenester og tenester til menneske med utviklingshemming. Tenesta har samla sett ansvar for å yta hjelp til alle som bur i kommunen og det er ikkje eige mandat i lovverket knytt til integrering.

Planar, rutinar og gjennomføring av dette arbeidet

Tenestekontoret for helse og omsorg har ansvar for å vurdera og sakshandsama søknader og har tett dialog med dei tre fagavdelingane ved vurdering og tildeling av tenestetilbod. Pleie og omsorg har ein omsorgsmodell der målet er at flest mogleg skal få bu heime lengst mogleg og at tenester vert tildelt etter BEON-prinsippet, som er beste effektive omsorgsnivå.

Tenestetilbodet omfattar heimehjelp, heimesjukepleie, dagtilbod, miljøarbeid, avlastningstiltak for barn, ungdom og vaksne, utleige av tilrettelagt bustad, omsorgsbustad og institusjonstilbod. Tilboda varierer mellom korttidstilbod og langtidstilbod.

Tenesta har lite erfaring med integreringsarbeid knytt til dei ulike tenestene, men meir erfaring med å ta imot personar i språkpraksis og anna fagpraksis knytt til utdanning. Vidare er det lite formell kompetanse om integreringsarbeid, men tenesta har opparbeidd seg noko erfaring med innvandrarar i språkpraksis. Fleire av lærlingane har òg innvandrarbakgrunn.

Det er god kunnskap om Grannehjelpa sine ulike tilbod og tiltak og pleie og omsorg samarbeidet tett både med Grannehjelp og Nav.

Utfordringar

I pleie og omsorg har tilsette ei oppleving av at det kan vera vanskeleg å koma i posisjon for å yta hjelp. Mange brukarar med innvandrarbakgrunn har ei manglande forståing for det norske helsevesenet, og er ikkje vande med å ha eit helsesystem som er tilgjengeleg for alle og som gjev ei slik høg grad av bistand i ulike livsfasar.

Ei anna hovudutfordring er vanskane manglande språkforståing utgjør for kommunikasjonen. Denne utfordringa vert forsterka ved kognisjonsvikt, sidan språket då «forsvinn» enno meir. Det er også ei utfordring for tenesteytinga dersom brukarane sine tradisjonar og kulturelle identitet verkar inn på korleis dei kan lata seg behandla medisinsk. Dette kan til dømes gjelda i samband med mat, diettar og faste. Det er også mange som er skeptiske til å ta medisinar, sidan dei ikkje kjenner seg trygge på ordninga med apotekmedisin me har i Noreg.

Vidare opplever tilsette i pleie- og omsorg at det er behov for å få auka den fleirkulturelle kompetansen sin i møte med målgruppa for planen, og at det kunne vore aktuelt med kurs omkring integrering og mangfald.

Det er mange misforståingar som kunne vore unngått om ein hadde hatt meir kunnskap på førehand.

Tilsette i pleie og omsorg ser at det vil vera ei føremon å ha samtalar saman med pårørande/familie og tolk med fokus på «livshistoria» til brukar av tenestene. På denne måten kan ein verta kjent med den kulturelle og religiøse bakgrunnen til brukaren, og kan tilpassa tenesteytinga i større grad utifrå dette. Det kan også vera aktuelt å nytta ein type «kulturelle tolkar» ved at ein let andre med same kulturelle bakgrunn snakka med brukarane og trygga dei på kva tenestene består i og kva dei eventuelt kostar.

⁵⁵ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30>

Ergo- og fysioterapi

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

Ergo- og fysioterapitenesta er regulert i lov om helse- og omsorgsteneste. Tenesta skal gje tilbod til alle som oppheld seg i kommunen og skal yta førebyggjande og kurative tenester/tiltak til heile befolkninga.

Planar, rutinar og gjennomføring av dette arbeidet

Mykje av kompetansen til tenesta er erfaringsbasert, men tenesta har vore på felles kurs hos RVTS med tema fleirkulturell bakgrunn og traume. Det har vore undervist om fysisk aktivitet i målgruppa, og det har vore jamlege drøftingar om kor viktig det er å halda fokus på kvinnehelse i målgruppa. Det er ingen eigne mål for integreringsarbeidet eller eigne ressursar knytt til dette arbeidet.

Utfordringar

Det er ikkje nok erfaring rundt traume i tenesta. Det er også ynskjeleg med meir kompetanse om kulturell forståing for smerte, sorg, tolking av symptom og kroppsforståing.

Vidare er det ynskjeleg med betre rutinar på bruk av tolk. Tolketenesta slik den er no, er lite fleksibel og det vert veldig vanskeleg å snakka om sensitive tema som smerte, sorg og liknande.

Tenesta synest det kan vera utfordrande å arbeida med integrering av familiar med innvandrarbakgrunn når det gjeld synet på barneoppseding, til dømes når det gjeld integrering i fritidsaktivitetar, sosial deltaking på fritida og barn som pårørande.

Rus og psykisk helse (Ropavdelinga)

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

Tenesta skal gje psykisk helsehjelp til alle som treng det, vurdert opp mot kriterium for tildeling, som igjen byggjer på nasjonale retningslinjer for psykisk helsehjelp i kommunen. Overordna mål er: «*Med brukaren i sentrum skal rusomsorg og psykisk helse i Kvam vera ei framtidretta, fagleg forsvarleg og likeverdig teneste for innbyggjarane i kommunen*». Målet for tenesta er å fremja sjølvstende og livsmeistring og at personar med psykiske lidningar og/eller rusproblematikk kan leva eit mest mogleg normalt og uavhengig liv.

Planar, rutinar og gjennomføring av dette arbeidet

Avdelinga har eit styringsdokument som skildrar korleis dei tilsette skal jobba. Det skal vera ei heilskapleg tilnærming med brukaren i sentrum. I avdelinga er det kompetanse på krise og konsekvensar av belastningar over tid, traume, psykisk liding, og kva som kan bidra til god psykisk helse.

Rop har ingen eigne mål eller tiltak for innvandrarbefolkninga. Personar i innvandrarbefolkninga vert tildelte tenester etter same vurdering som alle andre. I vurderinga vert det teke omsyn til kor alvorleg problemstillinga er. Er ein usikker på om det er meir alvorleg problematikk med behov for hjelp i spesialisthelsetenesta, vert det gjort ei vurdering i samråd med lege. Det kan også vera aktuelt at vedkomande kan koma til vurdering hjå Rop, og så koplar ein på hjelp vidare derifrå.

Det er gode rutinar for inntak og utøvande praksis. Tenesta har bygd opp eit godt tverrfagleg samarbeid med andre instansar kring brukarane. Rop har faste samarbeidsmøte med Nav og barnevernstenesta, og har samarbeid med andre tenester frå sak til sak. Det er eit tverrfagleg fokus i avdelinga og omsut for heile mennesket.

I samarbeid med familiesenteret har det vore gjennomført ulike tiltak for å nå yngre grupper flyktingar med undervisning i allmennkunnskap om psykisk helse. Dette er lagt til rette med tolk, og ein god sosial setting med litt servering.

Utfordringar

Dette ynskjer Rop-avdelinga å gjera for å jobba endå betre inn mot målgruppa :

- Halda fram med å jobba tverrfagleg inn mot målgruppa med ulike tiltak.
- Oppretthalda og auke kompetanse på traumebehandling/behov ved opplevde traume
- At tilsette har god kjennskap til rutinar kring bruk av tolk, og at god tolketeneste tilgjengeleg
- Ha sjølvhjelps- og informasjonsmateriell tilgjengeleg på fleire språk.

Legetenester

Kommunen har ansvar for legetenesta i Kvam, og under her høyrer fastlegeordninga og legevakt. I Kvam er det 10 fastlegar fordelt på 4 legekontor (Ålvik, Øystese, Norheimsund og Strandebarm). I tillegg til fastlegeordninga, har legane kommunale oppgåver som helsestasjonsarbeid, flyktninghelsearbeid, skulelege og sjukeheimslege som del av sitt ansvarsområde. Legekontora har i tillegg rolle som legevakt for akutt helsehjelp på dagtid.

Legevaktordninga er i sin heilskap drifta av kommunen. Denne ordninga skal sikra innbyggjarane sine behov for strakshjelp og er del av den allmenne beredskapen i kommunen. Legevakta er lokalisert ved Toloheimen i Norheimsund. Legevaktsentralen og legevaktstasjonen er bemanna med sjukepleiar frå 08.30 til 23.00 kvardagar, 08.00 til 23.00 alle andre dagar. Sjukepleiar svarar telefonen og vurderer hastegrad. Om natta er legevaktstasjonen lokalisert til Voss og omegn interkommunale legevakt på Voss sjukehus.

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

Mandatet til fastlegekontora er å tilby gode og likeverdige helsetenester til alle dei som har fastlegar i Kvam. Legekontora skal også yta akutt hjelp til alle innbyggjarar som oppheld seg her. Dette er regulert i brukar- og pasientrettslova, fastlegeforskrifta, akuttmedisinforskrifta og avtale om fastlegepraksis med Kvam herad. Den einskilde fastlegen har ansvar for å tilby forsvarlege helsetenester til alle pasientar. Kvam herad har ansvar for at det er tilbod om fastlegar til alle, og at alle har tilgang på akutt helsehjelp.

Verksemda til legevakta er i tillegg regulert av «Forskrift om krav til og organisering av kommunal legevaktordning, ambulanseteneste, medisinsk nødmeldeteneneste mv. (akuttmedisinforskriften)». Her heiter det at «...forskriften skal bidra til at befolkningen ved behov for øyeblikkelig hjelp mottar forsvarlige og koordinerte akuttmedisinske tjenester utenfor sykehus». Og vidare skal forskrifta bidra til at «...utstyr som inngår i helse- og omsorgstjenestens kommunikasjonsberedskap fungerer i et landsdekkende nett og sikrer prioritert informasjonsflyt både innenfor og mellom medisinske institusjoner, til mobile enheter og til samarbeidende etater». ⁵⁶

Planar, rutinar og gjennomføring av dette arbeidet

Legetenestene i Kvam har ingen interne rutinar eller handlingsplanar for integreringsarbeid. Det er såleis ikkje eigne ressursar knytte til integreringsarbeid, men fleire av legane har delteke på kurs og rettleiing relatert til helsearbeid med flyktningar. Legekontora opplever på generelt grunnlag å ha kunnskap og medvit om helseutfordringar knytte til innvandrarbefolkninga. Det er mellom anna medvit rundt problemstillingar knytte til psykisk traume, smittevernarbeid og kulturelt betinga sjukdomsforståing. Pasientar i denne gruppa vil kunna ha stor psykisk belastning på bakgrunn av opplevingar dei har hatt tidlegare, og vanskar med å tilpassa seg eit nytt land kan i seg sjølv vera ei belastning.

⁵⁶ <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2015-03-20-231>

Utfordringar

Nokre av legane opplever at det er god kunnskap om og samarbeid med andre offentlege etatar når det gjeld integreringsarbeid, spesielt gjeld det samarbeid med Nav og helsestasjonen. Andre seier at det trengst meir kunnskap når det gjeld korleis andre tenester, etatar, einingar og frivillige organisasjonar jobbar med integrering.

Det kan vera svært utfordrande å få ei god forståing for korleis ein pasient med innvandrarbakgrunn har det når det gjeld bakgrunn, utdanningsnivå, sjukdoms- og omgrepsforståing, psykisk helse og traume i fortid. Å ha meir kunnskap om kva andre instansar veit om fortida til ein pasient/ei befolkningsgruppe, og å forstå meir om kva bakgrunn ein pasient har, vil gjera det lettare å setja særleg uklare og diffuse somatiske plager inn i ein større kontekst. På legevakta og legekontora ser dei tilsette at det at det kan vera stor skilnad i årsaker til at enkelte innvandrargrupper oppsøker legar, samanlikna med befolkninga elles.

SAMFUNN, NÆRING OG KULTUR

Under denne eininga sorterer biblioteket, kulturskulen, kulturkontoret, folkehelsekoordinator, idrett, friluftsliv, næring og landbruk, og ulike typar planarbeid.

Biblioteket

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

Verksemda til biblioteket vert regulert av lov om folkebibliotek.

Planar, rutinar og gjennomføring av dette arbeidet

Biblioteket er ein arena der dei tilsette møter representantar frå innvandrarbefolkninga i Kvam dagleg. Det er ikkje laga konkrete eller spesifikke mål for integreringsarbeidet, men biblioteket har intensjon om å ha språktreff ein gong i veka, og å vera ein sosial møteplass for denne målgruppa. Det er ikkje sett av eigne ressursar til integreringsarbeid i den forstand at det er nedskrive, men det vert brukt minimum fire timar i veka på tiltak som går direkte på integrering.

Det vert jobba i tett samarbeid med Grannehjelpa når det gjeld denne målgruppa. Det har også vore samarbeid med Kvam ungdomsskule, og elevar som har hatt valfaget som heiter «Innsats for andre» har delteke på Språktreff. Det er også eit uformelt samarbeid med vaksenopplæring. Rutinane går ut på å førebu, planleggja og gjennomføra Språktreff kvar tysdag i samarbeid med Grannehjelpa sine frivillige. Språktreffa er fysiske og digitale treff. I tillegg finst det eit prosjekt som heiter «Saman på nett», som er ein digital møtestad der det vert arrangert tematreff retta mot innvandrarbefolkninga. Treffa er opne for alle. Dette er utarbeidd i samarbeid med Grannehjelpa, Klepp bibliotek og Klepp frivilligsentral.

Utfordringar

Dei tilsette på biblioteket kjenner seg trygge i oppgåvene i møte med innvandrarbefolkninga, men meir kunnskap om og kjennskap til dei vil alltid vera nyttig. Det kan vera eit behov for å formalisera interne rutinar og samarbeidsrutinar, for å setja dette arbeidet inn i eit system slik at det ikkje vert personavhengig.

Kulturskulen

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

Verksemda til kulturskulen vert regulert av §13-6 i Opplæringslova: «Alle kommunar skal åleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet elles». Kulturskulerektor har ansvar for at kulturskulen gjev den oppfylginga som innvandrarbefolkninga skal ha/har rett på.

Planar, rutinar og gjennomføring av dette arbeidet

Det er ikkje sett opp skriftlege mål for integreringsarbeidet i kulturskulen. Kulturskulen har hatt Mosaikk som integreringstiltak, og tenkjer å ta dette opp att når korona-perioden er over. Kulturskulen har også samarbeid med vaksenopplæringa om norskfaget med «musikalsk vri». Ressursar knytt til Mosaikk-produksjonen vert i koronatida nytta i vaksenopplæringa og til barnehagekonsertar.

Kulturskulen er medviten på at kulturelle utrykk er svært viktig i prosessen med å finna meistringsarenaer for alle innbyggjarane i Kvam.

Utfordringar

Det finnast enno ikkje rutinar eller handlingsplan for dette arbeidet på kulturskulen. Kulturskulen har forholdsvis lite kunnskap om korleis andre tenester, etatar, einingar og frivillige organisasjonar jobbar med integrering.

Kulturkontoret

Fritidskortet

Kulturkontoret har fått stønad frå Bufdir til å vera pilotkommune for Fritidskortet. Dette er ei ordning som vert prøvt ut for å finna ut om ein kan få fleire barn og unge inn i organiserte fritidsaktivitetar ved å ta vekk ein av dei økonomiske barrierane for deltaking.

Fritidskortordninga gjer at barn og unge får dekka 1000 kroner av medlemskontingent(ar) til faste, organiserte aktivitetar. Gjennom Fritidskortet Pluss kan dei som har behov for det, få dekka kostnader utover dette. Fritidskortet dekkjer ikkje kostandar til utstyr eller enkeltstående aktivitetar. Førebels er det bestemt at prosjektperioden varer fram til sommaren 2022.

Gjennom dette prosjektet vil arbeid med målgruppa for denne planen vera sentralt. Dette gjeld både arbeid inn mot ungdommane som ikkje er i aktivitet, og mot foreldre for å vegleia dei om fritidsarenaen generelt, og bruken av fritidskortet spesielt.

Arbeidet omfattar å vera tilgjengeleg for foreldre i målgruppa for å hjelpa dei med å gjera seg nytte av fritidskortet. I samarbeid med Vaksenopplæringa vil det også verta undervisning som femnar om både fritidsarenaen generelt og bruk av fritidskortet spesielt. Prosjektleiar er tilgjengeleg for foreldre, barn og ungdommar ein ettermiddag i veka på Grannehjelpa. Kvar torsdag kan dei som ynskjer det, koma hit å få hjelp med å henta fritidskortet og snakka om fritid.

TEKNISK OG INFORMASJON

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

Eininga har ansvar for å yta beredskap og tekniske tenester som brannvern, drift, nybygg og vedlikehald av kommunale vegar, offentleg vatn og avlaup, parkar og kommunale bygg. I tillegg har eininga ansvar for kommunens informasjonsarbeid, arkiv og juridiske tenester. Dei juridiske rammene for sektorområda vert danna av regelverket knytt til dei enkelte ansvarsområda. Felles for ansvarsområda er at sektorregelverket rettar seg mot kommunen, kommunens innbyggjarar, besøkjande og brukarar generelt. Regelverket innanfor desse ansvarsområda har derimot i liten grad føringar som berre er retta mot innvandrargrupper som tenestemottakarar.

Planar, rutinar og gjennomføring av dette arbeidet

Eininga er sentral i høve til kommunen sitt informasjonsarbeid, og i kommunikasjonsstrategien til Kvam står det at kommunen skal «*kommunisera på mottakaren sine premisser*». Her står det ikkje noko nærare om språkbarrierar, men dette vil likevel vera ei side av dette føremålet. Ein viktig del av arbeidet er difor at kommunal informasjon er tilgjengeleg på fleire språk, og at denne kan tydst av personane som oppheld seg i kommunen.

Vidare har avdelinga for forvaltning drift og vedlikehald ei viktig rolle i høve til busetjing av flyktingar og oppfølging av kommunen sine bustadar. Avdelinga har nokre rutinar knytt til oppfølging og betring av flyktingar si buevne, og har delteke i arbeidet med å oppretta ein bustadskule for brukargruppa. Trass i arbeidet med å forbetra rutineane dei siste åra, ser eininga likevel at det framleis manglar overordna planar, mål og rutinar direkte knytt til integreringsarbeidet.

Reinholdsavdelinga er vidare ein viktig arbeidsgjevar for fleire personar med ulik nasjonalitet, men heller ikkje her er det klare mål og rutinar i tilknytning til integreringsarbeidet. I praksis er det likevel gjort mykje i høve til opplæring, og der det er gjort ein stor innsats for at tilsette med mellom anna innvandrarbakgrunn skal oppnå fagbrev innan reinhaldsfaget.

Når det gjeld avdelinga for brann og redning, vert særleg personar med flyktingbakgrunn rekna som ei risikogruppe i høve til bustadbrannar. Av denne grunn har avdelinga rutine for å prioritera denne gruppa i det førebyggjande arbeidet, og deltek mellom anna i brannvernundervising for innvandrarar og asylsøkarar.

Utfordringar

Ei av hovudutfordringane for eining for teknisk og informasjon i tilknytning til integreringsarbeidet, er at personar med innvandrarbakgrunn er overrepresentert i statistikken for bustadbrannar. Dette skuldast truleg manglande kunnskap og erfaring med å bu i eit nordisk land og i nordiske bygg. Dette medfører ikkje berre utfordringar knytt til brann og redning sitt brannførebyggjande arbeid, men og i høve kommunen sitt arbeid med tildeling og oppfølging av kommunale bustadar til flyktingar generelt.

Den manglande buevna medfører vidare ein auka risiko for at grupper med flyktingbakgrunn opplever dårleg innemiljø og påfølgande helseplager. Vidare vil manglande buevne kunna føra til bygningsmessige skader på dei kommunale bustadane, noko som set auka krav til ettersyn og vedlikehald frå kommunen. Som følgje av det auka risikobiletet for denne brukargruppa, set kommunen sine forsikringsordningar vesentlege krav til den kommunale utleigepraksisen. Dei seinare åra har kommunen difor jobbar mykje med eigne rutinar til utleige av kommunale bustadar, men ser framleis at det er behov for forbetringar og utbetring av rutinar på dette feltet.

Når det gjeld reinhald har eininga jobba mykje med å leggja til rett for at tilsette skal kunna ta fagbrev innan reinhaldsfaget. Dette har ein i stor grad lukkast med, men ein ser at det framleis er språkutfordringar mellom dei tilsette innan reinhald. Dette kan gjera det vanskeleg å forstå kvarandre på kurs eller møte, og det vert spela inn ynske om norskundervising for å styrka denne arbeidsgruppa.

ØKONOMI OG HR

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

Økonomieininga og HR har det faglege ansvaret for kommunen sitt rekneskap. Avdelinga varetek rekneskapsarbeid, alle inn-/utbetalingar til leverandørar, kundar, innlegging og utbetaling av lønn til tilsette i kommunen. Avdelinga har ansvar for periodiske avslutningar, årsoppgjer, rapporteringar, bankforbindelsar og administrasjon av innlån. Denne verksemda er regulert i kommunelova. Utbetaling av Introduksjon- og kvalifiseringsstønad er regulert i Introduksjonsloven og i Forskrift om kvalifiseringsprogram og kvalifiseringsstønad. Purring, inkassovarsel og betalingsoppfordring er regulert i Inkassoloven.

Gjennomføring, rutinar og planar for dette arbeidet

Det er ikkje overordna mål for arbeidet med integrering som gjeld økonomi. Kvam herad sender ut faktura til alle innbyggjarar, leigetakarar og brukarar av kommunale tenester. Det vert i liten grad tilrettelagt spesielt for innvandrarar, men dei vert behandla på lik linje med alle andre innbyggjarar. Ein del i gruppa mottek stønad frå kommunen i form av introduksjonsstønad og kvalifiseringsstønad.

Utfordringar

Økonomikontoret ser at det er ein del i denne gruppa som har litt vanskar med å forstå kva dei skal betale for og å halda seg til fristar. Her krevst det meir opplæring frå dei som har kontakten ut mot innvandrane.

I fleire tilfelle er kommunale instansar som Nav, barnehage og barnevern inne i biletet med sosialhjelp, redusert betaling og støtteordningar. Økonomikontoret opplever ein del utfordringar med at behandlingstida går for seint og at betaler dermed pådreg seg ytterlegare restanse og gebyr. Det er viktig at det vert kommunisert klart og tydeleg kva ansvar dei har for betaling.

Det oppstår nokon problemstillingar som gjeld feil skattekort for dei som mottek stønad. Mottakar treng i mange tilfelle hjelp frå Nav til å finna ut kven dei skal venda seg til og korleis dette må rettast.

PLAN OG BYGG

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

Eininga har ei plikt gjennom plan- og bygningslova til å rettleia befolkninga når dei treng dette, men har ikkje lovverk som spesifikt går på målgruppa for denne planen.

Planar, rutinar og gjennomføring av dette arbeidet

Plan og bygg har inga aktiv rolle i arbeidet med integrering, og har ikkje sett av eigne ressursar til integreringsarbeid. Eininga møter gjerne denne gruppa i samband med at dei vil kjøpa eit hus i kommunen og i samband med søknad om tiltak. Det er ikkje sett spesifikke mål for integreringsarbeid i eininga, og heller ikkje tiltak. Måla og tiltaka rettar seg mot heile befolkninga.

Eininga har kompetanse på befolkning og korleis denne er sett saman gjennom planarbeid. I samband med overordna kommuneplanar er bustad eit tema. Tematikken er då dette med å leggja til rette for ulike bustadtypar som kan stimulera til fleire ulike grupper i same område. Eininga er også med i folkehelsegruppa som er styrt av folkehelsekoordinator.

Det er ikkje rutinar eller handlingsplanar som handlar spesifikt om integrering i eininga. Det eksisterer eit samarbeidsforum som er sett saman av alle einingar der aktuelle tema på tvers av organisasjonen vert teke opp.

Eininga har ikkje hatt planar om å styrka kompetansen når det gjeld integrering, sidan dette ikkje er ein av dei oppgåvene eininga eksplisitt jobbar med. Alle i eininga har eit generelt ansvar for å møte denne gruppa på lik line med andre grupper i samfunnet når dei treng råd frå kommunen.

Det er ikkje erfaring med tilsette med innvandrarakgrunn i eininga. Det er krav til lovkompetanse og god norsk språkevne når du skal vera tilsett på plan- og byggesak. Det har til no ikkje vore tilfredsstillande søkarar med innvandrarakgrunn på stillingar i samband med utlysing av nye stillingar.

Utfordringar

Det bør tilbydast informasjon på fleire språk på nettsidene våre som gjeld denne eininga.

KVAM HERAD SOM ARBEIDSGJEVAR

Arbeidsgjevarrolla til kommunen

Kvam herad tilbyr kommunale tenester for befolkninga i Kvam. Det er personar frå mange nasjonar som nyttar desse tenestene. Kvam herad er også arbeidsgjevar for mange tilsette med innvandrarbakgrunn. Dette gjeld særskilt i pleie og omsorg og innan kommunalt reinhald, men også i oppveksteininga er det tilsette frå andre nasjonalitetar

Dei med annan etnisk bakgrunn som jobbar i kommunale stillingar, har anten kvalifikasjonar i form av realkompetanse, fagbrev eller høgare utdanning. Eit godt funksjonsnivå i norsk språk er naudsynt for å kunna jobba i dei kommunale tenestene. Det er alltid ein samtale for å kartleggja språknivået før tilsetjing.

I alle kommunale stillingsutlysingar er søkjarar med fleirkulturell bakgrunn oppmoda om å søkja fordi Kvam herad som arbeidsgjevar ynskjer at mangfaldet i befolkninga vert spegla i organisasjonen. Når søkjarar står likt, kan søkjar med fleirkulturell bakgrunn verta prioritert.

Det er vidare viktig å samarbeida med utdanningsinstitusjonane og fagopplæringskontoret i Kvam for å leggja til rette for lokal tilpassing og å laga gode kvalifiseringsopplegg, som til dømes kan føra til fagbrev. Det å finna vegar til kvalifisering er ein viktig del av integreringa og arbeidsgjevar har ei viktig rolle her.

KS (kommunesektorens organisasjon og utviklingspartner) har berekna framtidig arbeidskraftbehov i kommunane og det viser at om kommunesektoren skal kunna tilby same nivå på tenestene fram mot 2028, må talet på årsverk auka med om lag 40 000. Dette svarer til ein auke på om lag 10,5 %. Til samanlikning ventar ein at befolkninga i Noreg vil auka med 6,9 % i same periode. Alderssamansettinga i befolkninga er venta å endra seg slik at spesielt helse- og omsorgssektoren, som er ein arbeidskraftintensiv sektor, vil kunna møte stor etterspurnad. Det betyr at behovet for helsefagarbeidarar, sjukepleiarar og legar vil auka – også i Kvam. Me står framfor eit generasjonsskifte der mange tilsette når pensjonsalder i løpet av dei neste åra og må erstattast. Alt tyder på at kvalifisering til yrke innan helsesektoren vil vera ei sikker jobbframtid for dei som vel dette som karriereveg.

Erfaringar frå tilsette i målgruppa

På kvar kommunale arbeidsplass har leiinga ansvar for å sørge for at alle tilsette vert involverte på sosiale arenaer knytte til arbeidsplassen. Kommunen har eit ekstra ansvar for å vera ei føregangsbedrift når det kjem til planar, rutinar og praksis for integreringsarbeid.

I kartlegginga som prosjektgruppa har gjennomført, går det fram at tilsette i Kvam herad med innvandrarbakgrunn ikkje alltid kjenner seg komfortable med å delta i det sosiale på arbeidsplassen. Det kan opplevast som utfordrande å ta del i lunsjprat, til dømes.

I ei personalgruppe ved ei eining i heradet har det vorte jobba mykje med mangfald og inkludering som tema. Det er 12 medarbeidarar med innvandrarbakgrunn som har vore med i samtalar kring dette. I samtalar deler alle i gruppa eit sterkt ynske om å vera integrerte. Det er også ei felles forståing for at dette er noko den enkelte lyt jobbe hardt for å oppnå ved å læra språk og vera sosialt proaktive. Det å verta sett, høyrte og inkludert er noko dei tilsette kjenner takksemd for at dei får oppleva.

Gjennom samtalan kom det også fram at tilsette med innvandrarbakgrunn vert viktige rollemodellar og støtte for nye medarbeidarar, lærlingar og kandidatar i språkpraksis med innvandrarbakgrunn. I gruppa vart det ytra ynske om at å få meir tilbakemelding og korrigerings frå kollegaer i samband med språkfeil. Vidare var det eit felles, sterkt ynske om ein open og ærleg kommunikasjon på arbeidsplassen. Dei tilsette opplevde at ein slik kommunikasjon førte til eit godt arbeidsmiljø.

Dei tilsette har brukt tid på å drøfta integrering i samfunnet – og på sin eigen arbeidsplass:

Eg trur me alle treng tid både til å integrera oss sjølve i samfunnet og bli integrert av samfunnet. - Kvinne i 30-åra

Det er veldig kjekt, når ein byrjar på ein ny plass , ny jobb, ny skule, nytt land og du får alle moglegheiter til å verta inkludert i miljøet på jobb eller i dette nye landet som du flyttar til. - Kvinne i 30-åra

Eg synest det er viktig at me som kjem frå andre land og har ulikt kultur og språk viser til andre at me vil inkludera oss og vil vita meir og at me er interesserte. Og for oss det er viktig å få tilbakemelding gjennom at andre gir oss tilgang til ting som me treng å vita og som kan føra til at me kan læra. - Kvinne i 30-åra

Me kan ikkje venta at me blir integrerte av andre, men me har ei stor rolle å spela for å integrera oss sjølve: Læra språket og bruka det, snakka med folk – og ikkje verta redde for dei – seia meininga vår fritt, jobba hardt og respektera jobben vår. - Mann i 50-åra

Ingen er betre enn andre! Me har same rettar og same moglegheiter. - Mann i 50-åra

Integrering har ei dobbel side: Å bli integrert av andre og integrera oss sjølve i samfunnet. - Mann i 50-åra

Eg set stor pris på venlegheita til våre kollegaer. - Kvinne i 40-åra

Integrering , inkludering og diskriminering er veldig viktige tema for alle, men det er ikkje alltid folk snakkar om det. Eller gjer det i praksis, for eksempel gjennom å inkludera tilsette som er innvandrarar. - Kvinne i 30-åra

Det kom også fram ein del tankar rundt kollegafelleskapet. Dei tilsette uttrykte at det av og til var vanskeleg å forstå dei sosiale kodane, og at det dermed også kan vera vanskeleg å vera trygg på korleis ein skal opptre i det sosiale landskapet på jobb:

... då eg byrja å jobba, gret eg også i stillheit fordi eg følte meg ikkje så velkommen, og problema ikkje ble tatt opp ordentleg. - Kvinne i 40-åra

Eg opplever at kollegaane mine er venlege, sjølv om nordmenn ofte er meir konfronterande og direkte enn det som er vanleg i nokre andre kulturar. - Kvinne i 40-åra

... men ærleg tala kan nokre nordmenn vera litt reserverte, trur eg. Kanskje nokre menneske tolkar det feil som uvenleg? - Kvinne i 40-åra

Kartlegging av fylkeskommunale aktører

KVAM VIDAREGÅANDE SKULE

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

Den vidaregåande skulen sitt mandat når det gjeld arbeid med innvandrarbefolkninga, er regulert av opplæringslova paragraf 3-12: Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar.⁵⁷ Elevar i vidaregåande opplæring med anna morsmål enn norsk eller samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgja den vanlege opplæringa i skulen. Om naudsynt har desse elevane også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar.

I den nye integreringslova er vidaregåande skular forplikta til å ha ansvar for norskopplæringa til flyktningar frå dei er 16 til 24 år.

Planar, rutinar og gjennomføring av dette arbeidet

Kvam vidaregåande vel å integrera elevar med innvandrarbakgrunn i ordinære klassar. Elevane får her norskstøtte, tilrettelagt for kvar enkelt. Skulen har ein ekstraressurs som vert nytta til dette. Vedkomande hjelper elevane med støtte i alle faga. Dette er eit tiltak som legg til rette for støtte i fellesfaga. Det vert også jobba med støtte i norsk og annan fagleg støtte i små grupper.

Skulen tilbyr breiddeidrett som eit linjefag, og dette er eit fag som er viktig for både den sosiale og faglege integreringa. Dei aller fleste elevane går kvar dag i hallen, og her møtest dei på tvers av klassar.

Utfordringar

Kvam vidaregåande skule opplever at det er utfordrande at ein del elevar har svake norskkunnskapar. Til trass for nemnde tiltak, kan det henda ein skulle gjort meir for desse elevane.

⁵⁷ https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_3#%C2%A73-5

TANNHELSETENESTA

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune skal, etter tannhelsetenestelova, sørgja for at tannhelsetenester er tilgjengelege for alle som bur eller mellombels oppheld seg i fylket. Dette gjeld også for flyktningar, asylsøkjjarar og personar som er her på humanitært grunnlag.

Planar, rutinar og gjennomføring av dette arbeidet.

Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune har oversikt over flyktningar, asylsøkjjarar og andre som kjem inn under dei prioriterte gruppene, gjennom oppdateringar frå folkeregisteret, samarbeid med kommunane og samarbeid med statlege mottak i fylket (samarbeidsavtalar). For å sikra at prioriterte grupper som har rett til gratis tannbehandling får denne tenesta, har tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune utarbeidd skriftlege samarbeidsavtalar. Avtalane skal signerast årleg av kommunane og tannhelsetenesta for å etablera eit formalisert og forpliktande samarbeid. I samarbeidsavtalemøta vert det snakka om tilbod frå tannhelsetenesta, og felles ansvar og plikter som gjeld tilbod om tannhelsetenester til prioriterte grupper. Dei prioriterte gruppene er barn og unge (til og med det året dei fyller 18 år), ungdom som fyller 19 eller 20 år i behandlingsåret, langtidssjuka i institusjon og heimesjukepleie, personar med utviklingshemming og personar med ruslidningar. Dersom flyktningar, asylsøkjjarar og personar som oppheld seg i Vestland fylke på humanitært grunnlag høyrer til under desse gruppene, har dei rett til nødvendig og gratis tannhelsehjelp frå tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune.

For å sikra naudsynt førebygging, stiller tannhelsetenesta opp ved førespurnad om kompetanseheving (undervisning med meir) hjå helsesjukepleiarar, skular og vaksenopplæring. Vestland tannhelseteneste har diverse informasjonsmateriell (til dømes brosjyre om munnhygiene og kosthald) tilgjengeleg på 13 ulike språk.

Utfordringar

Undersøkingar viser at barn med innvandrarbakgrunn har dårlegare tannhelse enn andre barn, og at dette hovudsakleg er knytt til språk og kultur. Ei undersøking viser mellom anna at informasjon frå den offentlege tannhelsetenesta ikkje når fram til foreldre (språk) og at foreldre ikkje tar barn med til tannlege utan at det er eit akutt behov (kultur).⁵⁸

Det er heilt essensielt for tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune å etablera samarbeid med kommunale instansar (oppvekst, helse og omsorg med fleire) for å sørgja for at tannhelsetenester er tilgjengelege for flyktningar, familieinnvandrarar og arbeidsinnvandrarar i kommunane.

⁵⁸ Den norske tannlegeforenings tidende

Kartlegging av statlege aktørar i Kvam

POLITIETATEN

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

Politiet har som sin primærstrategi å driva førebyggjande arbeid. Dette er heimla i Politiloven § 1 2.ledd: *"Politiet skal gjennomforebyggjande, håndhevende og hjelpende virksomhet være et ledd i samfunnets samlede innsats for å fremme og befeste borgeres rettsikkerhet, trygghet og alminnelig velferd for øvrig".*⁵⁹

Planar, rutinar og gjennomføring av dette arbeidet

Det er behov for å gje informasjon til våre nye landsmenn, slik at dei vert gjort kjende med norsk lov, og slik at dei forstår korleis politiet arbeider og forstår den rolla som politiet har i samfunnet og overfor einskildindivid.

Det er oppført i Kvam, Samnanger og Tysnes sin plan for det førebyggjande arbeidet at politiet skal halda informasjonsmøte for vaksenopplæringa i Kvam. Driftseininga har som mål å få gjennomført dette arbeidet.

Som ein del av politihøgskulen si grunnutdanning, gjennomgår alle tenestemenn ei opplæring om kultur og mangfald og handtering av personar med ulik kulturell bakgrunn. Det har også i dei seinare åra vore kompetanseheving på feltet. Fagleiar for førebyggjande arbeid gjennomfører også fleire fagdagar i året som blir arrangert av radikaliseringskontakten i Vest politidistrikt.

Det er ikkje konkrete rutinar som regulerer integreringsarbeidet for Kvam, Samnanger og Tysnes lensmannsdistrikt per dags dato. Temaet blir aktualisert med jamne mellomrom, og naturleg nok også kvar gong lensmannskontoret handterer saker eller situasjonar der integrering er av betydning.

Vidare har delar av dette ansvarsområdet vorte sentralisert. Alle søknader som omhandlar pass og opphaldsløyve og liknande for innvandrarar må no gå via Vest politidistrikt si eining for utlendingar, i Kroatjønneveien 15 i Fyllingsdalen. Lokalt politi opplever at etter at denne eininga har overteke ansvaret for utlendingssaker, så har kontakten opp mot innvandrarar i vårt distriktet vorte mindre. Det same gjeld lokalkunnskap rundt innvandrararar i Kvam.

Utfordringar

Kvam, Samnanger og Tysnes lensmannsdistrikt har ikkje eit eige undervisningsopplegg for

⁵⁹ https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1995-08-04-53#KAPITTEL_1

vaksenopplæringa. Lokalt politi har forsøkt å få opplæringsmateriale frå andre einingar i politiet på dette feltet. Materiellet som er motteke, bør omarbeidast i eit samarbeid med Kvam herad for å verta tilpassa lokala tilhøve. Det er behov for å ha presentasjonar på fleire språk, eventuelt nytta tolk.

Målet er å gjennomføra informasjonsmøte med vaksenopplæringa i Kvam. Dette har stått på plan for førebyggjande arbeid i Kvam, Samnanger og Tysnes lensmannsdistrikt både i 2019 og i 2020. Per dags dato er desse informasjonsmøta ikkje gjennomførte.

Lokalt politi ynskjer eit tettare samarbeid med Kvam herad opp mot integreringsarbeidet i kommunen. Politiet meiner at eit tverrfagleg samarbeid vil betra tenestene som innvandrarbefolkninga får, og vil betra moglegheita for å lukkast med god integrering i lokalsamfunnet vårt.

SKATTEETATEN I KVAM

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

Skatteetaten tilbyr rettleiing i spørsmål knytt til skatt, avgifter og folkeregister. I Noreg krev offentlege styresmakter og andre aktørar at ein utanlandsk borgar skaffar seg eit norsk identitetsnummer for å kunna få tilgang til tenestene deira. Det finst to typar identitetsnummer i Noreg: Fødselsnummer og ID-nummer. Kva for identitetsnummer som er aktuelt for den einskilde, er avhengig av opphaldsløyve og kor lenge vedkomande har tenkt å vera i Noreg.

Planar, rutinar og gjennomføring av dette arbeidet

Utanlandske arbeidstakarar og andre innvandrarakar må møta personleg på skattekontoret for ein identitets- og legitimasjonskontroll (ID-kontroll). Skatteetaten tilbyr ID-kontroll på 42 utvalde skattekontor, under her skattekontoret i Norheimsund. Kva type legitimasjon som krevst, er avhengig av statsborgarskap og opphaldsgrunnlaget i Noreg. Kontrollert og godkjent identitet blir registrert i folkeregisteret og er tilgjengeleg for offentlege og private verksemdar som brukar folkeregisteret.

Ved tildelt identitetsnummer vert det etter søknad gjeve ut eit elektronisk skattekort som arbeidsgivaren hentar ved å bruka det norske identitetsnummeret. Arbeidsinnvandrarakar som vil oppretta enkeltpersonføretak/aksjeselskap for å driva næringsverksemd i Noreg må å ha gyldig identitetsnummer og elektronisk ID for å oppretta føretaket og få tildelt eit organisasjonsnummer frå Brønnøysundregistra.⁶⁰ Verksemda skal også registrerast i meirverdiavgiftsregisteret når avgiftspliktig omsetning av varer og tenester når kr 50 000.

Innehavaren av eit enkeltpersonføretak må ha skattekort for innbetaling av forskotsskatt.

Forskotsskatt skal betalast i fire terminar og for kvart forfall får innehavaren tilsendt innbetalingsblankett med KID-nummer. Skatteetaten arrangerer kurs for nye næringsdrivande som har etablert enkeltpersonføretak eller aksjeselskap. Påmelding skjer via ww.skatteetaten.no

Utfordringar

Skatteetaten opplever språkutfordringar når den som kjem verken meistrar norsk eller engelsk. Dei som kjem åleine kan ofte verken gi uttrykk for kva dei ynskjer eller forstår kva rettleiaren seier. Når det gjeld dei som har med seg ein hjelpar eller tolk, er det vanskeleg å vita om det som blir sagt blir korrekt omsett. Dermed veit ikkje rettleiaren kor god kvalitet det blir på rettleiinga og om dei får den hjelpa dei ynskjer. I tillegg kjem problemstillinga rundt teieplikt.

Mange har og utfordringar med å forstå system og lovverk i Noreg. Vidare er det vanskeleg for mange å skilja ulike etatar frå kvarandre, som f.eks. UDI, politi, Nav og Skatteetaten. Skatteetaten ynskjer eit tettare samarbeid med kommunen og andre aktuelle etatar. Etaten meiner at eit tverrfagleg samarbeid vil betra tilbodet til dei med innvandrarbakgrunn.

⁶⁰ www.brreg.no

Kartlegging av private skular og barnehage i Kvam

SANDVEN FUS BARNEHAGE

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

Mål for integreringsarbeid: Spegla samfunnet og vera ein naturleg arena for integrering. I Sandven FUS barnehage er ein oppteken av at barnehagen skal spegla samfunnet, også når det gjeld mangfald og samansetning av barn og tilsette.

Planar, rutinar og gjennomføring av dette arbeidet

Korleis spegla samfunnet? Dette er det sentrale spørsmålet me stiller for integreringsarbeidet i barnehagen. For å spegla samfunnet mest mogleg, føreslår me fylgjande rutinar, perspektiv og arbeidsmåtar:

Kode i opptakssystem

Barnehagen har i dag ikkje så mange fleirkulturelle barn, då hovudtyngda no ligg i Norheimsund barnehage. Sandven FUS barnehage ynskjer ei jamnare fordeling, og har difor innført prioriteringskoden «minoritetsspråklege» i opptakssystemet på nytt.

Mangfaldig personalgruppe og primærkontaktar

Barnehagen har ei fleirkulturell samansett personalgruppe, med tilsette frå Thailand, Polen og Litauen, og dette barnehageåret er det faste vikarar frå Kongo og Eritrea. Ei fleirkulturell personalgruppe er ein god måte å spegla samfunnet på, og ein fin måte for barna å verta kjend med mangfaldet i samfunnet på ein naturleg måte. Når det er nye barn på tilvenning i barnehagen vel barnehagen pedagogar/primærkontaktar med omhug til dei fleirkulturelle barna, slik at dei kan få ein kontaktperson i barnehagen som kan deira morsmål dersom det er mogeleg. Barnehagen har sett at dette har gjeve gode resultat på fleire plan, både for barn og foreldre.

Fleirkulturelt perspektiv i kvardagen

I det pedagogiske arbeidet er barnehagen meir eller mindre oppteken av korleis det fleirkulturelle perspektivet skal verta ein sjølvsgt del av det pedagogiske og didaktiske arbeidet. I praksis handlar det om å synleggjera dei ulike kulturane som er representerte i barnehagen, meir enn berre på FN-dagen. Det handlar om små grep i kvardagen, som at dei tilsette veit korleis ein helsar på kvarandre på dei språka som er representert i barnehagen, og nyttar det i barnehagen der det fell seg naturleg. Barnehagen har ulike flagg som heng oppe heile året, med «velkomen» under, på «deira» språk. Dette er også for at foreldre med annan kulturell bakgrunn skal føla seg sett og kunna få kjenna at «dei høyrer til her». Barnesongar og -regler med teljing kan verta nytta på ulike språk, og eventyr frå andre land.

Barnehagen har fleire gonger hatt prosjektperiodar med språk og land som tema, og barna har «reist frå land til land» og vorte kjende med dei landa og kulturane som er representert i barnehagen.

Markering av feiringar

Når det er barn med andre religionar i barnehagen, er det viktig å markera høgtider og feiringar, då dette kan vera ein god måte å tryggja dei fleirkulturelle barna i sin fleirkulturelle identitet.

Lågterskelaktivitet på fritida

«Kom bli med!» Ein lågterskelaktivitet, lett tilgjengeleg aktivitet ein gong i halvåret som vert arrangert av foreldrerepresentantane i SU, til dømes open idrettshall, aking og bål på Sjusete, piknik på stranda, sykkelturn til fossen.

Andre innspel og tankar

Forslag til korleis ein kan nytta barnehagen sitt potensial som nettverksbyggande integreringsarena:

- Foreldredugnad (gjerne i små grupper der spesifikke foreldre vert spurd).
- Foreldrefadder (med tanke på å informera og følgja til foreldremøte, byggja nettverk/vennskap, køyring til/ frå bursdagsfeiringar, forstå skriv frå barnehagen og anna)
- Vennefamiliar
- Arbeid med vennskap og mangfald i barnehagen.

Utfordringar

- Å ha det på dagsorden til ei kvar tid.
- Implementera integreringsarbeid og fleirkulturell tenking i heile personalgruppa (det hjelper å ha nokon som er opptekne av temaet).
- Per dags dato er det personavhengig i kor stor grad dei tilsette har eit fleirkulturelt fokus i det pedagogiske og didaktiske arbeidet sitt.

FRAMNES VIDAREGÅANDE SKULE

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

Som skule er det friskulelova med tilhøyrande forskrifter, og i nokon grad opplæringslova, som definerer rammene for arbeidet. Som arbeidsplass er det det ordinære lovverket som gjeld (For tilsette arbeidsmiljølova og for elevar Friskulelova generelt, og kap. 9A i opplæringslova spesielt).

Skulen har ein lang visjon av uvisst opphav, og eit verdidokument som er formalisert gjennom eigarorganisasjonane. I tillegg har tilsette over nokre år og mange møte jobba fram ein kortare visjon og verdiar som skal prega kvardagen vår. Dette er ein kontinuerleg prosess som det vert jobba med. Visjonen i kortform: «Framnes – ein skule for fellesskap, framtid og vekst». Vidare er meistring, omsorg og tryggleik ein del av verdiane våre. Dei skal kjennast att i heile organisasjonen, både der dei tilsette møtest og i dei tilsette sine møte med elevane. Verdiane skal hjelpa oss til å skapa og vedlikehalda eit godt psykososialt miljø til beste for kvarandre.

Planar, rutinar og gjennomføring av dette arbeidet

Skulen har ikkje særskilte planar for integrering av elevar eller tilsette med annan kulturell bakgrunn enn den norske. Skulen har ei rutine kalla «*Ordning for arbeidet med skulemiljøet*». Denne rutinen skal sikra alle at elevane får eit godt psykososialt miljø. Vidare har skulen eit sosialpedagogisk team som møtest kvar veke for å jobba med elevane sitt sosialpedagogiske miljø, både på skulen og internatet. Dette vert gjort for å prøva å fanga opp elevar som strevar eller har behov for samtale. For å ta seg av samtalar og elevoppfølging har skulen to sosiallærarar med om lag 40 % stilling til saman. Det er også eit ressursteam som har møte kvar veke. Teamet har stort sett fagleg fokus, det vil seia korleis elevane klarer seg fagleg på skulen, og om dei har behov for ekstra hjelp. Internatavdelinga fylgjer elevane opp på internatet med tanke på sjukdom og korleis dei har det.

Når det gjeld tilsette, så er det den enkelte avdelingsleiar som har ansvar for personalet på si avdeling. I praksis er det likevel slik at vanskelege saker kjem til dagleg leiar. Vidare har skulen tett samarbeid med bedriftshelsetenesta og gjennomfører annakvart år ei arbeidsmiljøundersøking.

Målet på Framnes er å inkludera alle, uansett bakgrunn. Dette vert det jobba kontinuerleg med gjennom heile skuleåret. Skulen opplever at elevar med minoritetsbakgrunn er godt integrerte i miljøet. Elevundersøkinga som me gjennomfører kvar haust, syner at det er svært lite mobbing ved skulen, og at det er høg trivsel blant elevane og mellom elevar og tilsette. Framnes har både kompetanse og vilje til å jobba med integrering, noko som er forankra i verdiane til skulen.

Utfordringar

Den viktigaste utfordringa er om skulen klarar å vedlikehalde og stå i prosessane som er etablerte. Perspektivet til skulen er at sjølv om det på kort sikt ikkje er så stor endring, er det ei forventning at ein vil merka endringar på lengre sikt. Dette ynskjer ein å sikra ved å ha fokus på arbeidet og ved at enkeltpersonar ser dette som nyttig. Vidare er det eit fordel at skulen får nye tilsette som ikkje er del av eksisterande kultur ved skulen, og kan bringa inn nye perspektiv.

Når det gjeld integrering, opplever tilsette ved skulen at dei lukkast med integrering av elevar, men at utfordringa kan vera større når det gjeld å få til god integrering av tilsette. Når skulen har hatt utfordringar i arbeidsmiljøet, har skulen oppsøkt ekstern hjelp for å koma tettare på og prøva løysa situasjonen.

Framtidige mål og tiltak for Framnes er at alle skal føla seg inkluderte, verta respekterte for den dei er ut i frå dei føresetnadane dei har. Dette er det skulen ynskjer å jobba med, både for tilsette og elevane.

KVAM FRISKULE

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

Norheimsund friskule tek inn elevar etter eit eige inntaksreglement, og kan så lenge det er ledige plassar, ikkje la vera å ta inn elevar. Alle kan søkja om plass på skulen, uavhengig av religion, etnisitet og sosial bakgrunn. Elevane i friskulane får dekkja behovet for særskilt norskopplæring, tospråkleg fagopplæring og morsmålsopplæring på lik linje med offentleg skule, gjennom privatskulelova § 3-5.

Planar, rutinar og gjennomføring av dette arbeidet

Det blir avdekkja ved inntak om eleven har behov for særskilt norskopplæring, tospråkleg fagopplæring og morsmålsopplæring, og skulen samarbeider med PPT og Kvam herad om kva tilbod eleven har rett på og bør ha. Skulen bruker kartleggingsverktøyet som Utdanningsdirektoratet har laga for å avdekkja kva nivå eleven er på. Eleven høyrer til i ein klasse, er så langt det er tenleg i lag med klassen, men har gjerne norsktimane og samfunnsfagtimane i eiga gruppe. Dei aller fleste av desse elevane får fritak for vurdering med karakter i sidemål på ungdomstrinnet.

Utfordringar

Det har vore utfordrande å skaffa morsmålsleiar til elevar som treng det. Skulen opplever òg at det er vanskeleg for elevar som er eldre når dei kjem til landet å forstå kulturen i samfunnet vårt. Dei kan fort bli flinke i norsk uttale, men dei har store problem med å skjønna omgrepa som ligg bak.

Kartlegging av næringslivet

NÆRINGSLIVET I KVAM

I det fylgjande vil næringslivet i Kvam verta drøfta i tre ulike perspektiv: Som arbeidsgjevar, som tenesteleverandør og i entreprenørperspektiv. I undersøkinga som prosjektgruppa har gjort, er alle verksemder tilknytte Kvam næringsråd kontakta. Kartlegginga er sendt ut via næringsrådet. Prosjektgruppa har fått 20 svar, frå både heilårs- og sesongbaserte verksemder. Dei som har svara, representerer produksjonsbedrifter, tenesteyting, service og reiseliv. I tillegg har prosjektgruppa hatt eigne intervju med tre aktørar i det lokale næringslivet som leverer tenester som befolkninga i Kvam er avhengige av. Desse aktørane er valde ut fordi dei har tett oppfølging av personar med innvandrarbakgrunn i sin arbeidskvardag, og det er derfor relevant for prosjektet å få innblikk i arbeidsmåtar og utfordringar. Til sist har me også intervju personar med innvandrarbakgrunn som sjølve er innehavarar i verksemder i Kvam, for å få vita noko om deira erfaringar med å driva verksemd i kommunen vår. Det er også ei eiga kartlegging av Handalag Opplæringskontor, sidan denne verksemda har direkte oppfølging av personar i målgruppa som er i eit yrkesretta skuleløp. Det har derfor vore relevant å kartlegga deira erfaringar.

Næringslivet i Kvam som arbeidsgjevarar

I den generelle spørjeundersøkinga kom det fram at fleire av verksemdene har tilsette som er arbeidsinnvandrarar og som er i Noreg med arbeidsløyve. Verksemdene gjev tydeleg melding om at desse arbeidstakarane er naudsynt arbeidskraft. Dei fleste gjev tilbakemelding om at dei har positive opplevingar med arbeidstakarar med innvandrarbakgrunn, men at det også er ein del utfordringar.

Undersøkinga syner også at det er variasjon i kva grad arbeidsgjevar:

- tek ansvar for norskopplæring (både i tid og pengar)
- forventar av språkleg kompetanse og utvikling
- legg til rette for sosiale aktivitetar i og utanfor arbeidstid

Hotella fortel at dei har individuell oppfølging og oppfølgingsplan, og fleire samarbeider med Nav om arbeidstreningstiltak. Fleire verksemder ynskjer oppfølging utanfrå, frå kommunen, Nav, og ynskjer oversikt over kven som har ansvar for kva.

Språk er den største utfordringa sett frå næringslivet si side. Vidare kan det verta opplevd som utfordrande at arbeidstakarar med innvandrarbakgrunn ikkje kjenner til den norske arbeidslivskulturen. I dette kan det liggja ei manglande forståing for arbeidsmiljø, «skikk og bruk» og samfunnsforståing generelt.

For ein del verksemder er arbeidsinnvandrarar/sesongarbeidarar naudsynt arbeidskraft. Det kan ofte vera utfordrande med integreringstiltak for dei som er her og arbeider i kortare periodar.

Næringslivet i Kvam som tenesteleverandør

I kartleggingsarbeidet har prosjektgruppa hatt nærare samtale med Sparebanken Vest, Kvam Kraftverk og Kvamnet. Verksemdene opplever ulike utfordringar, men det er nokre fellestrekk.

Det mest framstående er manglande systemforståing. Det er stor diversitet i forståing av og kompetanse om det norske systemet blant personar med innvandrarbakgrunn. Her spelar det naturleg nok ei stor rolle kva bakgrunn den einkilde har. For dei som strevar med systemforståinga, handlar det i stor grad om vanskane med å forstå kompleksiteten i den norske samfunnsordninga generelt, om kven av aktørane som har ei rolle som offentleg hjelpeteneste, og kven som er private aktørar som ikkje har ei slik rolle. Ut frå dette kjem utfordringa ved at nokre kundar ikkje ser seg sjølve som sjølvstendig kunde som sjølv skal ta ansvar for kundetilhøvet og dei pliktene dei har der.

Språkutfordringar er også noko som alle verksemdene kan oppleva, men det er i Sparebanken Vest denne utfordringa vert opplevd som størst, sidan det er denne verksemda som har mest kontakt med kundegruppa med innvandrarbakgrunn. Banken opplever mellom anna at barn ned i barneskulealder vert tekne med i banken som tolk.

Vidare opplever Sparebanken Vest at det er nokre utfordringar knytt til personvern og forståinga rundt dette. Dersom kundane ikkje har forståing for kva dette inneberer, kan dei enda opp med å gje frå seg innloggingsinformasjon og verta svindla. Banken opplever vidare at det er utfordrande med manglande kompetanse om korleis banken verkar: Banksystemet er komplisert, og bankdrifta svært regulert. Banktilsette kan ikkje overprøva systema. Stadig nye skjema dukkar opp, og det å verta kunde er noko som utviklar seg heile tida. Det er lovverket og EØS-avtalar og overordna retningslinjer som avgjer kva banktilsette kan gjera. Banken meiner det kan vera nyttig kunnskap hjå dei som har ansvar for integrering å vita om kor regulert bankdrifta er.

Entreprenørar med innvandrarbakgrunn i Kvam

Det er eit tosfra tal verksemdar i Kvam som vert drivne av representantar i innvandrarbefolkninga. Dei fleste av desse er knytte til serveringsbransjen. I planarbeidet har prosjektgruppa intervjuar nokre av innehavarane av desse verksemdene. Dei kan fortelja at Kvam er ein god stad å driva verksemd, at dei føler seg velkomne og at lokalsamfunnet i Kvam syner at det er behov for dei.

Eg trivest med å driva verksemd i Kvam. Folk er så hyggelege og smilande. Dei smiler til meg når dei går og køyrer forbi. Eg har aldri opplevd noko negativt med nokon her. - Mannleg innehavar i 50-åra

*Eg synest det er veldig fint å driva verksemd i Kvam.
- Kvinneleg innehavar i 30-åra*

Dei opplever at befolkninga i Kvam er gode til å nytta seg av tilboda, og at dei er høflege og smilande. Dei merkar at det er svingingar i handelen. Som for andre verksemdar i Kvam, har det vore utfordrande no under covid 19-pandemien. Det er ustabile tider, og det er ei utrygg tid for mange. Verksemdene seier at dei prøver å sjå optimistisk på det og at det kjem til å endra seg til sommaren.

Det er vanskelege tider. Det er vanskeleg å vita korleis det skal gå, og kva folk tenkjer. Salet har gått mykje ned under korona, me har vore på eit kritisk punkt. Det er mykje ein må gå gjennom, og framtida er usikker. Men slik er det, og ein må berre venta og sjå kva som skjer. - Mannleg innehavar i 40-åra

«Det er dårlege tider no. Kanskje folk i Kvam ikkje er så vande til å vera ute og eta, og korona har nok forsterka dette. Det er veldig opp og ned: Ulikt frå månad til

månad. Har jobba i by, det er travlare. Mykje meir å gjera. Men det er veldig hyggelege kundar som me set stor pris på. - Mannleg innehavar i 30-åra

KARTLEGGING AV HANDALAG OPPLÆRINGSKONTOR

Mandat og juridiske rammer for arbeidet

Verksemda til opplæringskontoret er regulert gjennom opplæringslova kap. 4, vidaregåande opplæring i bedrift. Handalag opplæringskontor (HO) er organisert som ei foreining med medlemsverksemdar i midtre del av Hordaland.

Gjennomføring, rutinar og planar for dette arbeidet

HO skal ha tett samarbeid med medlemsverksemdar og lærlingar, og vera eit mellomledd mellom dei og fylkeskommunen. Hovudoppgåva til kontoret er å sjå til at opplæringa i medlemsverksemdene er i samsvar med opplæringslova, og at lærebedrift legg til rette at det vert gjeve opplæring i alle læreplanmåla. Kontoret har ingen avgrensingar når det gjeld fag eller bransjar, og arbeider kontinuerleg for at fleire verksemdar kan bli medlem. HO definerer seg sjølv som ein samfunnsaktør, og vil så langt det er ressursar til det, ha dialog med både enkeltpersonar og offentlege aktørar som har spørsmål knytte til fagopplæring. Det vil alltid vera den enkelte lærebedrifta som avgjer kva lærling/lærekandidat dei tek inn.

Utfordringar

- **Kontraksperiode:**
Det er ei utfordring for lærlingar med innvandrarbakgrunn å oppnå god nok fagleg kompetanse innanfor kontraksperioden. Dette fordi kommunikasjon er ein grunnleggjande kvalifikasjon i alle fag. I barne- og ungdomsarbeidarfaget og helsearbeidarfaget er kravet til kommunikasjon særskilt høgt, både skriftleg og munnleg.
- **Språk og kulturelle forskjellar:**
Bruk av ekstra tid for instruktørane i medlemsverksemdene kan medføra slitasje og frustrasjon. Det er flest lærlingar med innvandrarbakgrunn i helsearbeidarfaget. Per mars 2021 er over halvparten av lærlingane i dette faget vaksne med innvandrarbakgrunn.
- **Norskopplæring og dokumentasjon frå skule:**
Dokumentasjon frå skule viser ofte at lærlingen har ei betre språkforståing enn det lærebedrift opplever at han/ho i realiteten har.
- **Språkopplæring:**
Det er i utgangspunktet ikkje ressursar til språkopplæring. Lærlingar med innvandrarbakgrunn vil ofte vera utan ungdomsrett, og det gjer at det heller ikkje er grunnlag for å søkja gjennomføringsmidlar.
- **Løn:**
For vaksne er det ei utfordring å gjennomføra læretida på lærlingløn.
- **Lån:**
Vegring for å ta opp lån til utdanning. Flyktningstipend vert berre innvilga dei første 6 åra, og dei færraste har kome gjennom læretida i denne perioden.
- **Vilje til rekruttering:**
HO opplever i mindre grad enn tidlegare skepsis til å ta inn utanlandsk arbeidskraft. Medlemsverksemdene er i stor grad opptekne av at dei som vert tatt inn i lære, kan verta gode arbeidstakarar i bedrifta etter fullført læretid.
- **Oppsummering:**
Fleirtalet av lærlingane startar i lære med norskkunnskapar, skriftleg og munnleg, som ikkje er gode nok til å gjennomføra læretida innanfor kontraksperioden utan ekstra støtte. Dette krev relativt mykje ekstra ressursar frå HO/lærestad. Bruk av slike ekstra ressursane er ikkje finansierte. Det er utfordrande med finansieringstiltak som stoppar opp før, eller under, læretida.

Kartlegging av frivillige lag og organisasjonar i Kvam

LAG OG ORGANISASJONAR I KVAM

I Kvam er det mange gode tilbud for barn, ungdommar, vaksne og seniorar. Tilboda spenner frå fysisk aktivitet og kultur til humanitære organisasjonar. Det vert gjort eit stort og omfattande frivillig arbeid blant mange personar i Kvam for at kommunen skal ha eit slikt tilbud. Som planen seier noko om innleiingsvis, har desse arenaane ein stor verdi i tilværet til innbyggjarane i kommunen. I eit integreringsperspektiv er det svært viktig for enkeltindividua i samfunnet å ha tilgang til desse arenaane. Måten det norske sivilsamfunnet er organisert på, er svært formelt og byråkratisk i motsetnad til det mange er kjende med frå andre kulturar.

Kartlegginga har gått ut til alle registrerte lag og organisasjonar i to omgangar. Følgjande 14 lag har svara: Øystese fotball, Øystese skulemusikk, Kvam pistolklubb, Hardanger sportsskyttarklubb, Ålvik musikklag, Øystese sanitetslag, Ålvik skulemusikkorps, Norheimsund skulemusikk, Hardanger skøyteklubb, Øystese kvinne- og familielag, Hardanger golfklubb, Kvam gym- og trampettklubb, Lions Club Norheimsund og Kvam kyrkjelege fellesråd.

Lag og organisasjonar gjev utrykk for at det er sjølve aktiviteten som vert driven som er hovudmålet. Integreringsarbeid er ikkje eksplisitt på agendaen, uavhengig av om det enkelte lag meiner dei har behov for å jobba med integrering eller ikkje.

Av organisasjonane prosjektgruppa har vore i kontakt med, seier 8 av 14 at dei har medlemmer frå andre land. Organisasjonar med aktivitet for vaksne har medlemmer frå Aust-Europa. Dei fleste vil gjerne ha fleire medlemmar, både frå inn- og utland, men har ingen spesiell strategi for å jobba med integrering spesielt. Mange framhevar at alle vert behandla likt:

Me jobbar for at dei skal integrerast på ein positiv måte. Dei vert behandla på same måte som våre lokale medlemmer.

Lag og organisasjonar som har aktivitet for barn, seier at dei har erfaring med at barna er enkle å integrera i gruppa.

Utfordringar

Det som kjem fram i kartlegginga, er at det i mange av laga er mangel på kapasitet og kompetanse til å vareta målgruppa, både når det gjeld språkforståing og kulturelle perspektiv. Mange opplever at det er spesielt utfordrande å få informasjon ut til foreldre:

Utfordringa er å få informasjon ut til foreldre og sikra at borna får beskjed vidare. Det er også noko uklart med kva dugnad er og det å vera med på forskjellige arrangement.

Fleire av dei som driv aktivitet for barn, seier at det er utfordrande å få med foreldre på dugnadsbaserte aktivitetar som køyring og organisering. Vidare er oppfølging og medlemspengar ofte utfordrande:

Det er også noko uklart med kva dugnad er og det å vera med på forskjellige arrangement. Nokre gonger ser me også at betaling kan vera ein utfordring, særskild ved ekstra utgifter ved for eksempel sommartur.

Det vert peika på dårleg kommunikasjon mellom foreldre og lag, vanskar med å formidla informasjon og manglande forståing for forventning og krav til involvering. Forslag til kva som kan vera ein veg å gå for å jobba med integrering på ein god måte:

Tydeleg kommunikasjon, personleg involvering, våga kryssa barrierar, informasjon om att og om att, respekt, like-behandling, - og tusen andre ting!

Stiftinga Grannehjelpa

Mandat og rammer for verksemda

Stiftinga Grannehjelpa er frivilligsentralen i Kvam. Styret er stiftinga sitt øvste organ. Grannehjelpa har som føremål å styrkja den frivillige innsatsen i Kvam, og å stimulera grupper og einskildpersonar til å delta i frivillig arbeid gjennom å driva frivilligsentral. Stiftinga vert driven i samsvar med dei lover og reglar som gjeld for alminnelege stiftingar, og eventuelle retningsliner som departementet gjev i samband med statleg økonomisk tilskot. I 2021 er det to fast tilsette i sentralen (1,55 prosent årsverk).

Det er 467 frivilligsentralar i Noreg, og Grannehjelpa er ei av desse. Eit spesielt trekk ved frivilligsentralen er at den engasjerer frivillige som ikkje er eller ikkje vil vera ein del av ein frivillig organisasjon. Denne type frivillig engasjement er aukande, frivillig innsats er blitt meir fleksibel, uformell og prosjektbasert, og mindre direkte knytt til organisasjonar ⁶¹

Grannehjelpa tek mål av seg å vera open og dynamisk. Både einskilde, frivillige lag og organisasjonar, næringsliv og offentlege tenester vender seg til Grannehjelpa med tankar og idéar til aktivitetar og tiltak. Stiftinga er ein velferds- og samfunnsaktør som saman med alle som er knytte til sentralen, jobbar for å skapa eit godt og inkluderande lokalsamfunn. Grannehjelpa jobbar ikkje spesielt med integrering, samtidig har Grannehjelpa sidan 1996 vore ein framoverlent partner i lokalsamfunnet og har etter beste evne forsøkt å bidra til å dekkja behov for lokale møteplassar for ulike målgrupper.

Aktivitetar

Sjølv om det er ikkje er eit mål å arbeida med integrering spesielt, har Grannehjelpa, saman med frivillige, gjennom mange år hatt aktivitetar retta mot målgruppa for planen. Døme på dette er Internasjonal kvinnegruppe, Internasjonal mannsgruppe, KvammaKOMPIS, mentorprogrammet «Kvinner i vekst» og Språktreff. Sentralen har òg frivillige med innvandrarbakgrunn som bidreg i ulike tiltak som Besøksvenn, Ung fritid, Bornas verdsdag med meir.

Bygdemødre

Eit tiltak Grannehjelpa har hatt spesiell god erfaring med er Bygdemødre. Bygdemødre er frivillige kvinner med etnisk minoritetsbakgrunn som går gjennom eit opplæringsprogram om tema som foreldre, arbeid og helse. Bygdemødre har sitt utspring frå Bydelsmor Noreg. ⁶² Etter fullført opplæring startar dei frivillige på oppgåva som brubbyggjarar mellom det offentlege og kvinner og familiar i lokalsamfunnet. Grannehjelpa er prosjekteigar og ansvarleg for rekruttering, gjennomføring og oppfølging. Fagpersonar frå Kvam herad bidreg med fagleg innhald kring tema i kurset.

Hausten 2020 fullførte 11 kvinner i Kvam kurset. Dei representerer seks ulike nasjonalitetar og har frå første stund vore aktive med å dela informasjon om til dømes koronatiltak, fritidstilbod og helse- og skuletilbod. Ei styrking av dette tiltaket vil vera å kursa 40-50 nye kvinner med fleire ulike nasjonalitetar dei neste åra.

⁶¹ <https://www.samfunnsforskning.no/sivilsamfunn/aktuelt/nyheter/fire-utfordringer-for-europeisk-frivillighet.html>

⁶² <https://www.bydelsmor.no/>

DEL 4

***Slik vil me ha det
og slik får me det til***

Overordna mål for det vidare integreringsarbeidet

«Alle innbyggjarar i kommunen vår deltek og bidreg i kvardagslivet i lokalsamfunnet, og kjenner at dei høyrer til i Kvam»

Hovudutfordringar som er kome fram gjennom planarbeidet:

- Behov for meir heilskapleg integreringsarbeid
 - Behov for auka tverrfagleg samarbeid
 - Behov for eit koordinerande organ
- Tilsette som yter tenester til personar med innvandrarbakgrunn, treng meir kompetanse i integreringstematikk
- Innvandrarak treng høgare språknivå
- Det er vanskeleg for innvandrarak å koma seg inn på arbeidsmarknaden
- Det er utfordrande for innvandrarak å skaffa seg sosialt nettverk i lokalsamfunnet
- Oppretthalda opplevinga av at Kvam herad er ein god stad å bu
 - Trygt
 - God stad for barn å veksa opp
 - Gode helse-, barnehage- og skuletilbod

Hovudmål for integrering på kvart av livsområda

For å tetta avviket mellom overordna mål og dei resultata/hovudutfordringane som vert meldt om i Kvam herad i dag, vert det sett hovudmål for dei ulike livsområda:



Etablering og busetjing- Me har tilgjengeleg eigna bustadar og tilbod om støtte og opplæring i buevne.

Økonomi og levekår – Innvandrara i Kvam er i størst mogleg grad økonomisk sjølvforsørgde og har gode levekår. Barn i Kvam skal ikkje oppleva å veksa opp i fattigdom.

Familie, barn og unge – Barn og unge får eit godt og tilpassa tilbod i barnehagen og skulen, hjå helsestasjonen og i hjelpetenestene. Me har eit formalisert tverrfagleg samarbeid og handlingsplanar som gjeld opplæring, oppfølging og integrering av barn, unge og familiar.

Kvalifisering – Flyktningane i Kvam har relevant kompetanse, tilgang til arbeidsmarknaden og moglegheit til å verta økonomisk sjølvstendige⁶³. Me har individuelt tilpassa program på heiltid, der livsmeisting og foreldrettleiing inngår.

Helse – Innvandrarbefolkninga har naudsynt kompetanse til å ta vare på seg sjølv og familien når det gjeld helse.

Arbeid og sysselsetjing – I Kvam herad gjer me oss nytte av ressursane i innvandrarbefolkninga, slik at dette kan vera med på å dekkja behovet for arbeidskraft. Personar i innvandrarbefolkninga har same moglegheiter i arbeidslivet som befolkninga elles. Tilsette med innvandrarbakgrunn vert inkluderte i det sosiale livet på arbeidsplassen og får utvikla språkkompetansen og kulturforståinga si.

Kommunikasjon og informasjon – Alle nye innbyggjarar får tydeleg og god informasjon om lokalsamfunnet frå aktuelle tenester.

Fritid og lokale, sosiale nettverk – I Kvam har me tilsvarande deltaking på fritidsarenaen for innvandrarbefolkninga som befolkninga elles.

Framdrift og måloppnåing

For å nå desse måla er det ein føresetnad at kommunen har eit omfattande og heilskapleg tverrfagleg samarbeid mellom dei kommunale tenestene, og mellom heradet og andre aktørar. Det er også naudsynt å få ei kompetanseheving når det gjeld integreringstematikk hjå tilsette som yter tenester til personar med innvandrarbakgrunn.

⁶³ Me er i denne samanheng avhengig av at fylkeskommunen tilbyr vaksenopplæring på vidaregåande, og at det vert etablert kombinasjonsklassar for dei om er 16 og 17. Dei som er over 25 må pendla for å ta vidare utdanning.


For å sikra framdrift og måloppnåing i integreringsarbeidet utifrå dei rammene som er definert i planen, skal integrering vera eit punkt i årlege rapportar for aktuelle tenester. Det skal her gjerast greie for korleis det vert jobba med integrering utifrå dei overordna måla over. I dette arbeidet er det naturleg at tenestene gjer seg bruk av idébanken (del 4 i planen) slik at operasjonelle mål og tiltak for integrering kan setjast i verk. Gjennomgang og val av mål og tiltak i idébanken vert gjort i samband med det årlege budsjettarbeidet.

Vidare legg Kvam herad opp til ei måling midtvegs i planperioden for å vurdere om integreringsarbeidet fører til betra integrering utifrå hovudmåla i planen. I løpet av hausten 2023 vert det gjort ei oppfølging av kartlegginga som var gjort i kommunale einingar og tenester hausten 2020. Dette er ei prosessorientert fylgjeevaluering med føremål om å gje eit innblikk i korleis integreringsarbeidet vert fylgt opp i einingar/tenester, og vidare om dette arbeidet hjelper til med å tetta avviket mellom overordna mål og dei hovudutfordringane som kom fram gjennom kartlegginga. Målinga skal utførast effektivt med få og fokuserte spørsmål som er tilpassa det faglege ansvarsområdet innan kvar eining. Svara ein får skal brukast til intern evaluering i den enkelte eininga. Det er einingsleiar for kvar av einingane som er ansvarlege for gjennomføringa av denne evalueringa

Idébank for operasjonelle mål og tiltak

Det ligg til rådmannen å organisera arbeidet i kommunen for å nå politisk vedtekne mål for tenestene. Rammer for gjennomføring vert gjevne som del av årleg budsjettvedtak, der prioritering mellom tiltak for ulike planar og mål vert gjort.

Under er oversikt over samanhengen mellom kommuneplan, delplan (som integreringsplan), tiltaksplan og budsjett:



I samband med planarbeidet har prosjektgruppa mange gode og konkrete forslag til operasjonelle mål og tiltak for dei enkelte interne avdelingane i kommunen, og for å sikra betre samhandling mellom tenestene. Måla og tiltaka er utarbeidde for å møta hovudmåla under kvart livsområde.

ETABLERING OG BUSETJING

Overordna mål: Me har tilgjengeleg eigna bustadar og tilbod om støtte og opplæring i buevne.

<u>Ansvarleg aktør</u>	<u>Slik vil me ha det</u>	<u>Slik gjer me det</u>
Flyktingtenesta	<p>Me har bustadar tilgjengelege</p> <p>Me har eit systematisk og tverrfagleg arbeid rundt kommunale bustader</p>	<p>Me melder inn behov til tekniske tenester (fdv)som klargjer til busetjingsdato</p> <p>Prosjekt: Trivselsvert</p>
NAV/Sosialtenesta	<p>Me har husleiger som er tilpassa introduksjonslønn</p> <p>Me har eit systematisk og tverrfagleg arbeid rundt kommunale bustader</p>	<p>Kommunal bustøtte eller behovsvurdert husleige som erstattar supplerande sosialhjelp</p> <p>Prosjekt: Trivselsvert</p>
Kvam herad/Teknisk etat	<p>Me har kommunale husvære å tilby som held normal, god standard, og som ikkje skil seg negativt samanlikna med leigemarknaden elles</p> <p>Me har eit godt samarbeid med dei fleirkulturelle leigebuarane, og leigebuarane veit korleis dei skal be om hjelp til feil som oppstår i husværet</p>	<p>Me sikrar at flyktingane som kjem, får gode husvære gjennom å ha kriterium for dei kommunale husværa som vert leigde ut</p> <p>Trivselsvert</p>
Barnehage	Me er førebudde til å ta i mot barn som kjem som flyktingar til Kvam	Me samarbeider med helsestasjon og flyktingteneste frå før ankomst

ØKONOMI OG LEVEKÅR

Overordna mål: Personar med innvandrarakgrunn i Kvam er i størst mogleg grad økonomisk sjølvforsørgde og har gode levekår. Barn i Kvam skal ikkje oppleve å veksa opp i fattigdom.

<u>Ansvarleg aktør</u>	<u>Slik vil me ha det</u>	<u>Slik gjer me det</u>
Nav/sosialtenesta	Me har god kartlegging	Me skaffar oss kompetanse om kartleggingsmetodar/verktøy
	Me tilbyr god kvalifisering	Me skaffar oss kompetanse om karriererettleiing. Me skal nytta ei vid tiltaksvifte i kvalifiseringsløp. Frå lågterskeltilbod til høgare utdanning. Individuelt retta kvalifiseringsløp
	Me jobbar målretta med vaksne innvandrarak.	Gode tenester i Kvam herad som varetek heile familien
Kvam herad/Flyktingtenesta	Deltaking i introduksjonsprogram gjev rett til introduksjonsstønad.	Auka tilbod om tal timar med undervisning, høve til full skuleveka frå oppstart i program
	Me tilbyr introduksjonsprogram i tråd med lovkravet: Individuelt tilpassa program på heiltid, oppstart seinast tre månadar etter busetjing	Skapa gode samarbeidsrutinar for språkpraksis. Bevisste leiarar i ulike einingar på det særskilde ansvaret kommunen har for å bidra til å integrera flyktingar til arbeidsliv Tilpassa og meiningsfylte introduksjonsprogram som gjev auka mogelegheiter for rask økonomisk sjølvstende og dermed betra levekår
	Større heilskap og tydelegare og retning i den einskilde sitt introduksjonsprogram.	Ein person med pedagogisk kompetanse har rolla som «programlærer», med ansvar for å tilpassa og halda trådane i den einskilde sitt program. Til dømes syta for at norskundervisning og språkpraksis heng i saman, vurderer fortløpande om praksis-staden er rett, og sikra tilpassing i program i takt med kompetanseheving hjå den

		<p>einskilde, sett ut i frå personen sitt karrieremål</p> <p>Tett tverrfagleg samarbeid: Norsklærer, programrådgjevar, programdeltakar og kontaktperson på arbeidsstaden samarbeider tett om målretta og tilpassa praksisperiode</p> <p>Dei ulike einingane har ein person som er særleg ansvarleg for dette</p> <p>Årshjul i introduksjonsprogrammet: Introduksjonsprogrammet vert lagt opp som eit årshjul med fem veker ferie</p> <p>Avklara korleis ein skal få til eit meningsfullt program i skuleferiar</p>
--	--	--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

FAMILIE, BARN OG UNGE

Overordna mål: Barn og unge får eit godt og tilpassa tilbod i barnehagen og skulen, hjå helsestasjonen og i hjelpetenestene. Me har eit formalisert tverrfagleg samarbeid og handlingsplanar som gjeld opplæring, oppfølging og integrering av barn, unge og familiar.

<u>Ansvarleg aktør</u>	<u>Slik vil me ha det</u>	<u>Slik gjer me det</u>
Barnehage	Me har gode rutinar for språkopplæring og integrering, og dei tilsette skal vera trygge på kva ansvar og roller dei har.	Utarbeida ein handlingsplan for integrering i barnehagen. Handlingsplanen skildrar rutinar i etableringsfasen, vidare språkopplæring og integrering og for godt samarbeid mellom barnehage og heim
	Foreldre er trygge på kva barnehagen gjer og er. Dei får rettleiing slik at dei kan verta sjølvstendige i samarbeidet med barnehagen.	Barnehagetilsette er oppmerksame på kva bakgrunnskunnskap den einkilde familien har. Barnehagen er ansvarleg for at det vert brukt autorisert tolk Fadderordning familie-familie om saker som gjeld barnehagen Barnehagen brukar klart språk i skriftleg kommunikasjon med heimen
	Mangfald vert brukt som ein pedagogisk og sosial ressurs	Barna får oppleva at me skal setja pris på og vera nysgjerrige på dei ulike erfaringane, tenkemåtane, språka, moglegheitene og kulturane som alle barna i barnehagen representerer
Grunnskulen	Språkopplæringa er systematisk og av høg kvalitet	Utarbeida ein handlingsplan for språkopplæring og integrering i skulen gjennom tre fasar: <ol style="list-style-type: none"> 1. Introduksjon 2. Særskilt norskopplæring 3. Norskopplæring som ein integrert del av undervisninga, støtta av støttesystemet Bruk av morsmålslærar for å støtta eleven i å utvikla omgrep gjennom alle fasane av norskopplæringa
	Nye elevar skal fort ha basiskunnskap om språk og kultur og verta i stand til å skaffa seg jamaldrande vener	Handlingsplanen for språkopplæring og integrering i skulen må skildra rutinar for introduksjonsfasen for nye elevar, med intensiv rettleiing om kultur, samfunn og fritidstilbod, og for intensiv språkopplæring Bruka autorisert tolk

	Norskopplæring (SNO – særskilt norskopplæring) held høg kvalitet	Handlingsplanen for språkopplæring og integrering i skulen må skildra prinsipp for god andrespråks-opplæring, morsmåls-opplæring, kartleggingsplan og individ- og systemretta tiltak viss forventa progresjon ikkje vert oppnådd
	Tospråklege elevar skal utvikla god språkforståing og omgrepsforståing som del av ordinær undervisning, støtta av støttesystemet	God leseopplæring og omgrepsopplæring som del av ordinær undervisninga i alle fag Undervisninga legg til rette for ei variert og inkluderande undervisning der alle elevar får utvikla språk og refleksjonsevne i munnleg og skriftleg dialog med kvarandre
	Det er eit godt samarbeid mellom heim og skule	Bruka autorisert tolk Fadderordning familie-familie om saker som gjeld skule. Skulen brukar klart språk i skriftleg kommunikasjon med heimen
	Mangfald vert brukt som ein pedagogisk og sosial ressurs	Lærarane viser elevane at me skal setja pris på og vera nysgjerrige på dei ulike erfaringane, tenkemåtane, språka, moglegheitene og kulturane som alle elevane på skulen representerer
Forslag til tverrfagleg samarbeid frå skule		Kommunal koordinator som legg til rette for god integrering Samarbeid med andre tenester og frivillige om integrering i fritida Kommunal koordinator for fritid med ansvar for å gje informasjon til barn, unge og føresette, og praktisk hjelp til at barn og unge kan delta i organisert fritid
PPT	PPT har ei definert rolle i språkopplæring og integrering i barnehagen, på individnivå og systemnivå	Utarbeida ein handlingsplan for integrering i barnehagen
	PPT har ei definert rolle i språkopplæring, fagopplæring og integrering i skulen gjennom fasane introduksjon/oppstart SNO språkopplæring som del av støttesystemet/ordinær undervisning	Utarbeida ein handlingsplan for språkopplæring og integrering i skulen

	på to nivå: individnivå og systemnivå.	
	PPT har god kompetanse om kartlegging av elevar med framandspråkleg bakgrunn	
	Rutinar for språkopplæring og integrering	
	PT har god kompetanse om traume og utgreiing	
Forslag frå PPT til tverrfagleg samarbeid		Tverrfagleg: Samarbeid mellom PPT og NAV flyktning for å gjera ei tidleg kartlegging for å finna ut om det er grunnlag for IMDi-tilskot
Barnevernstenesta	Me innhentar den kunnskapen som er naudsynt for å vareta og bygga tillit til barn og familiar som er i kontakt med tenesta (jamfør tilråding frå Europarådet)	Me hentar inn den informasjonen og kompetansen som er naudsynt for å danna oss eit bilete av den sosiokulturelle og religiøse bakgrunnen til brukarar. Dette kan innebera bruk av kulturell tolk
	Barneverntenesta har god kompetanse om rettar og rutinar knytte til lovverk kring opphald	
Forslag frå barnevernstenesta til tverrfagleg samarbeid	Me har eit godt tverrfagleg samarbeid i enkeltsaker	God informasjon og involvering av føresette. Bruka føresette som dei viktigaste for å forstå og forbetra situasjonen til barnet. Bruk av tolk som grunnlag for informert samtykke
	Me har kunnskap om kva andre tenester gjer, og eit godt tverrfagleg samarbeid på systemnivå	Tverrfaglege møte Kommunal koordinator som legg til rette for god integrering Laga tydelege retningsliner for kva ein familie som kjem til Noreg skal få av opplæring og oppfølging

	Foreldre har generell kunnskap om barnevernet	«Bygga alliansar i fredstid» Barnevernet informerer om kven dei er i vaksenopplæringa. Universelt tiltak: Barnevernet informerer i barnehagen/skulen
Familiesenteret	Me jobbar systematisk med eit godt og tverrfagleg arbeid inn mot ungdomsgruppa i Kvam	Jobba konkret mot ungdom, deltaking gjennom verkemidla Ung fritid, Fritidskortet, Ungdomsbasen
	Me held ved like og utviklar gruppe- og kurstilboda våre	Vidareføra gruppe- og kurstilbod, jamfør Foreldrestøtte-prosjektet
	Me har god kompetanse når det gjeld målgruppa til planen	Me sikrar at me har god kompetanse på arbeid med målgruppa, og aukar kompetansen ved behov
	Me har tydelege planar og rutinar for dette arbeidet	Me lagar skriftlege planar og rutinar
Forslag frå familiesenteret til tverrfagleg arbeid	Som kommune jobbar me heilskapleg rundt familiar i målgruppa	Målretta tverrfagleg og tverrsektorielt arbeid
Helsestasjonen	Me har gode rutinar for varetaking av målgruppa, og godt tverrfagleg samarbeid.	Me lagar eit årshjul og implementerer arbeidet.
	Me jobbar heilskapleg rundt familiarne	Me formaliserer det tverrfaglege samarbeidet med andre tenester på dette området
Kulturskulen	Barn og unge i målgruppa har tilgang til kulturskulen som fritidsarena	Kulturskulen har tilbod som er tilpassa slik at dei kan femna om målgruppa. Ordningar for at økonomiske barrierar, t.d. når det gjeld utstyr, ikkje står i vegen for deltaking

Kvam herad/oppvekst	Me har fokus på målgruppa i skriftleg planarbeid	Me sikrar at det vert fokusert på målgruppa i den komande oppvekstplanen
NAV NAV- flyktning	Me deltek i tverrfagleg samarbeid rundt familie	Samarbeid med BTI-prosjektet. Oppretta stafettlogg
	Informerer om ulike tilbod/ oppmodar om deltaking	Delta aktivt med å informera og vidareformidla familiar når det gjeld Fritidskortet Pluss

KVALIFISERING

Overordna mål: Flyktingane i Kvam har relevant kompetanse, tilgang til arbeidsmarknaden og moglegheit til å verta økonomisk sjølvstendige⁶⁴. Me har individuelt tilpassa program på heiltid, der livsmeisting og foreldrettleiing inngår.

<u>Ansvarleg aktør</u>	<u>Slik vil me ha det</u>	<u>Slik gjer me det</u>
Overordna: Kvam herad	Me kan tilby heilårleg fulltidsprogram for flyktingar, med kvalifisering som er betre tilpassa den einskilde sin bakgrunn	Me utarbeider dette fulltidsprogrammet gjennom tverrfagleg samarbeid
	Me har eit årshjul som sikrar aktivitet i alle periodar av året	Einingar/tenester utarbeider dette saman (helsestasjon, vaksenopplæring, ROP, tannhelsetenesta, flyktingtenesta, tekniske tenester, legevakta)
Vaksenopplæringa	Me har kvalifiseringsløp som er tilpassa det som kjem fram etter obligatorisk karriererettleiing, som igjen peikar på eit studieretta eller arbeidsretta løp	Gjev undervisning som er tilpassa kvalifiseringsløpa som kjem fram etter obligatorisk karriererettleiing, som igjen peikar på eit studieretta eller arbeidsretta løp Tverrfagleg samarbeid
Flyktingtenesta	Introduksjonsprogram som er målretta og individuelt tilpassa den einskilde sitt karrieremål. Program på heiltid og heilårleg (jamfør det som står under økonomi og levekår).	Viser til punkta under økonomi og levekår
	Sikra målretta overgang etter endt introduksjonsperiode mot vidare skulegang, arbeid eller andre kvalifiserande tiltak.	Sikra kunnskap om karriererettleiing Kjennskap til arbeidsmarknaden Ta i bruk NAV sine verkemiddel

⁶⁴ Me er i denne samanheng avhengig av at fylkeskommunen tilbyr vaksenopplæring på vidaregåande, og at det vert etablert kombinasjonsklassar for dei som er 16 og 17. Dei som er over 25 må pendla for å ta vidare utdanning.

<p>Kvam herad NAV/flyktningtenesta</p>	<p>Me bidrar til at arbeidsgjevarar kjenner seg trygge på å ta i mot praksiskandidatar</p>	<p>Nettverk /opplæring av verksemder</p> <p>Trygga arbeidsgjevarar så dei kjenner seg klare til å ta i mot praksiskandidatar</p>
<p>Kvam herad Nav/flyktningtenesta</p>	<p>Me har samarbeid og rutinar som sikrar at kvalifiseringa er god nok</p>	<p>Samarbeid med opplæringsinstitusjonane om at opplæringa som vert gjeven, er i tråd med den einsskilde sitt karrieremål.</p>

HELSE

Overordna mål: Innvandrarbefolkninga har naudsynt kompetanse til å ta vare på seg sjølv og familien når det gjeld helse.

<u>Ansvarleg aktør</u>	<u>Slik vil me ha det</u>	<u>Slik gjer me det</u>
Alle	Helserelaterte tenester i Kvam er rusta for, og har kompetanse til, å vareta pasientar med annan religiøs, kulturell og språkleg bakgrunn	
Legekontora/legevakta	Me har kunnskap om korleis dei andre etatane jobbar med integreringsarbeid	Det vert oppretta gode samarbeidsrutinar mellom Legekontora/legevakta og kommunale einingane og tenestene rundt integreringsarbeid
	Me møter pasientar i målgruppa slik dei har behov for, ut frå sin bakgrunn	Legekontora og legevakta syter for at dei har tilstrekkeleg kompetanse om målgruppa. Kompetanseheving dersom naudsynt
Helsestasjonen/ vaksenopplæringa/ legekontora	Innbyggjarar i målgruppa veit korleis helsesystemet i Noreg fungerer og kva dei ulike helseinstansane kan hjelpa med	Det vert laga rutinar for informasjon/opplæring av ulike innvandrargrupper som gjeld det norske helsesystemet
Helsestasjonen	Me fylgjer opp flyktningane til me er sikra at dei har naudsynt kompetanse til å vareta seg sjølv og familien når det gjeld helse	Me tilbyr fagleg påfyll til flyktningane vidare
	Me har tilbod for andre innvandrargrupper dersom dei har behov, slik at dei kan få same opplegg som flyktningane får tilbod om	Me utvidar tilbodet og endrar rutinane våre slik at andre innvandrargrupper også vert varetekne
Skulehelsetenesta	Elevar i målgruppa som går i grunnskulen, er trygge på kor dei kan få hjelp til fysiske og psykiske helsespørsmål	Me lagar rutinar der andre innvandrargrupper også vert inkludert i rutinane til helsestasjon for flyktningar
	Elevar i målgruppa har aldersrelevant kunnskap og kompetanse om helse, kropp og seksualitet.	Me sikrar at alle elevar med innvandrarbakgrunn kjenner tilbodet til skulehelsetenesta. Me gjev utvida opplæring til elevar i målgruppa om helse, kropp og seksualitet. Me har eit eige opplegg/rutinar, som ligg fast på ulike trinn.

Pleie og omsorg	Som teneste er me rusta for, og har kompetanse til, å ta vare på pasientar med annan kulturell og språkleg bakgrunn	Me sikrar at det vert fokusert på målgruppa i framtidig planarbeid
Avlastning	Brukarar og pårørande i målgruppa er trygge på avlastningstilboda, og kan gjera seg nytte av dei	Gje god rettleiing og oppfylging til familiar med innvandrarbakgrunn som treng å nytta seg av avlastinga i kommunen. Auka den fleirkulturelle kompetansen hjå tilsette, dersom naudsynt
Ergo- og fysioterapi	Som teneste er me rusta for, og har kompetanse til, å vareta pasientar med annan religiøs, kulturell og språkleg bakgrunn	Spesifikk fagleg kompetanseheving innanfor traume og kulturell familieforståing for dei med innvandrarbakgrunn. Spesielt ha fokus på kvinnehelse
Forslag til tverrfagleg samarbeid frå ergo- og fysioterapitenesta	Me har kommunale bustadar som er tilrettelagt for funksjonshemma og det er plass til hjelpemiddel i desse	
	Me har tydeleg ansvarsfordeling	Ha en gjennomgang på og gjera tydeleg kven som koordinerer kva når det er mange tenester inne i ei sak. Kven informerer om kva til familien og når. Når det er språklege barrierar er det viktig at me samordnar oss betre for å unngå misforståingar
	Me er kvalitetsbevisste i bruk av tolketenester	Me treng meir fleksible tolketenester
	Me sikrar oss at målgruppa får naudsynt informasjon og opplæring om fysisk aktivitet, og har eit tydeleg folkehelseperspektiv	Me informerer om og introduserer fysiske aktivitetar

ARBEID OG SYSSELSETTING

Hovudmål: I Kvam herad gjer me oss nytte av ressursane i innvandrarbefolkninga, slik at dette kan vera med å dekkja behovet for arbeidskraft. Personar i innvandrarbefolkninga har like moglegheiter i arbeidslivet som befolkninga elles. Tilsette med innvandrarbakgrunn vert inkluderte i det sosiale livet på arbeidsplassen og får utvikla språkkompetansen og kulturforståinga si.

<u>Ansvarleg aktør</u>	<u>Slik vil me ha det</u>	<u>Slik gjer me det</u>
Kvam herad	Kommunen er ein føregangsfigur når det gjeld å tilsetja personar med innvandrarbakgrunn	Ansaret forankra i kommuneleiinga, som jobbar for å verdsetja mangfaldet på dei kommunale arbeidsplassane
	Personar i målgruppa får tilgang til kommunale praksisløp når det er ynskjeleg	Einingar og tenester tek i mot kandidatar i språkpraksis
	Praksiskandidatar får tett og god oppfylging av praksisplassen	Einingane i kommunen har ein eigen fagressurs når det gjeld arbeidssøkande med innvandrarbakgrunn
Vaksenopplæringa	Verksemdene i heradet kjenner til det kommunale vaksenopplæringstilbodet i norsk	Vaksenopplæringa lagar informasjon om språkopplæringa dei kan tilby til næringslivet i Kvam
	Arbeidsinnvandrar og flyktingar forstår den norske arbeidskulturen og norske verdiar	Meir tilrettelagde kurs for å undervisa i norsk arbeidskultur og norske verdiar
Kvam herad/ Flyktingtenesta	Me legg til rette for gode praksisløp som gjev god kvalifisering	
Nav	Verksemdene kjenner til ordningane og tiltak hjå Nav i målgruppa Målgruppa får den hjelpa dei har behov for hjå Nav	Aktiv og direkte informasjon om Nav - tenester til verksemdar Nav fangar opp dei som har behov – avklarar forventingar og gjev naudsynt opplæring
Kvam herad/ Næringslivet	Arbeidstakarar med innvandrarbakgrunn deltek i det sosiale livet på arbeidsplassen	Arbeidsgjevar legg til rette for dette

KOMMUNIKASJON OG INFORMASJON

Hovudmål: Alle nye innbyggjarar får tydeleg og god informasjon om lokalsamfunnet frå aktuelle tenester.

<u>Ansvarleg aktør</u>	<u>Slik vil me ha det</u>	<u>Slik gjer me det</u>
Kommunal administrasjon	<p>Alle nye innbyggjarar får tydeleg og god informasjon om lokalsamfunnet: Barnehage- og skulesystemet, helsetilbod, fritidsaktivitetar, og annan viktig informasjon</p> <p>I målgruppa finst det sjølvstendige og trygge opinionsleiarar med innvandrarbakgrunn som har tillit i innvandrarbefolkninga og som kan bringa viktig informasjon vidare</p>	<p>Kvam herad lagar ei sida på nettsidene side: <i>Ny i Kvam</i>. Her skal all naudsynt informasjon leggest inn tematisk. (sjå t.d. Voss sine sider)</p> <p>Kvam herad skal vera med og finansiera og støtta opp under bygdemødreprosjektet</p>
Barnehage	All kommunikasjon mellom barnehage og heim er så tydeleg og god at foreldre kan forstå han	Me har rutinar for å sikra oss at foreldre med ein annan språkleg bakgrunn kan forstå informasjon frå barnehagen
Skule	All kommunikasjon mellom skule og heim er så tydeleg og god at foreldre kan forstå han	Me har rutinar for å sikra oss at foreldre med ein annan språkleg bakgrunn kan forstå informasjon frå skulen
Nav	Målgruppa kan forstå og nytta seg av skriftleg og munnleg informasjon dei får frå Nav lokalt	Rutinar for å sikra seg at informasjonen vert forstått og motteken.
Teknisk eining	Målgruppa kan forstå og nytta seg av informasjon frå dialogar med tilsette i teknisk eining	Me har den kompetansen som er naudsynt for å sikra at kommunikasjonen med målgruppa vert forstått
Politietaten	Nyleg komne innvandrara skal vera kjende med norsk lov, korleis det norske samfunnet fungerer, korleis politiet arbeider, i tillegg til politiet si rolle i samfunnet og overfor einskildindivid	<p>Gje informasjon til nyleg komne innvandrara, slik at dei blir gjort kjende med norsk lov, korleis det norske samfunnet fungerer, korleis politiet arbeider og politiet si rolle i samfunnet og ovanfor einskildindivid.</p> <p>Informasjonsmøte på vaksenopplæring</p>

FRITID OG LOKALE, SOSIALE NETTVERK

Hovudmål: Alle nye innbyggjarar får tydeleg og god informasjon om lokalsamfunnet frå aktuelle tenester.

<u>Ansvarleg aktør</u>	<u>Slik vil me ha det</u>	<u>Slik gjer me det</u>
Kvam herad	Me har areal i sentrumsområde som fungerer som uformelle møtestader og som innbyr til aktivitet for alle aldersgrupper	Det er ynske om å få til eit samarbeid mellom kommune, næringsliv, frivillige og andre aktuelle aktørar for få til dette
Kvam herad	Fleire personar med innvandrarbakgrunn er aktive deltakarar i lag og organisasjonar	I Kvam herad samarbeider me med frivilligheita om å laga gode tiltak som aukar innvandrarbefolkninga si moglegheit for deltaking på fritidsarenaen, dette gjeld spesielt for barn og unge Gjennom informasjon og samarbeid med dei frivillige, skal kommunen leggja til rette at målgruppa får auka deltaking i lag og organisasjonar/fritidsarenaen Personar i målgruppa skal få systematisk informasjon om tilboda frå: Helsestasjon Flyktingtenesta Vaksenopplæringa Grannehjelpa
	Foreldre med innvandrarbakgrunn har kunnskap om, og er trygge på fritidsarenaen, og kjenner det lokale fritidstilbodet	Språk: Omsetting, tolk. Informasjonsarbeid og utdanning av foreldre gjennom tiltak som bygdemødre
Kvam herad / fritidskortprosjektet saman med bygdemødrene	Foreldre med innvandrarbakgrunn har kunnskap om og er trygge på fritidsarenaen, og kjenner det lokale fritidstilbodet	Gjennom fritidskortprosjektet involverer me foreldre med innvandrarbakgrunn i barnas fritidsaktivitetar i større grad. Gje dei kunnskap og tryggleik til å kunna delta på denne arenaen og senda dei dit
Skule	Elevar og foreldre får informasjon på skulen om kommunalt fritidsarbeid. Skulen har dialog med elevar rundt fritid	Me informerer elevar og foreldre om fritidsarena og fritidskortordninga. Dette skal gjerast i foreldremøte og elevsamtalar. Det bør inngå i kvar elevsamtale at læraren tek opp temaet «fritid» for å finna ut om eleven er i aktivitet
PPT	Me har dialog rundt fritid med barn, unge og foreldre i målgruppa som har kontakt med PPT	Me utarbeider rutinar for å ta dette temaet opp med foreldre, barn og unge som er i kontakt med tenesta

Barneverntenesta	Me har dialog rundt fritid med barn, unge og foreldre i målgruppa som har kontakt med barneverntenesta	Me utarbeider rutinar for å ta dette temaet opp med foreldre, barn og unge som er i kontakt med tenesta
Rus og psykisk helse (ROP)	Me har dialog rundt fritid med barn, unge og foreldre i målgruppa som har kontakt med ROP	Me utarbeider rutinar for å ta dette temaet opp med foreldre, barn og unge som er i kontakt med tenesta
Nav	Me har dialog rundt fritid med familiar i målgruppa som har kontakt med Nav	Me utarbeider rutinar for å ta dette temaet opp med foreldre, barn og unge som er i kontakt med tenesta
Kvam herad/eining for samfunn, næring og kultur	Me har fokus på målgruppa i skriftleg planarbeid	Me sikrar at det vert fokusert på målgruppa i den komande oppvekstplanen
Kvam herad	Me jobbar aktivt med å motverka utanforskap og radikalisering	Fylgjer opp regjeringa sin handlingsplan mot radikalisering. Lagar kommunal handlingsplan som vert implementert i kommunen

Vedlegg

Vedlegg 1:

Spørjeundersøkinga som vart nytta i kartlegginga av kommunale einingar og tenester (leiarnivå og medarbeidarnivå).

Vedlegg 2:

Informasjon til foreldre til ungdommar som vart intervjuet.

Vedlegg 3:

Tema til intervjuet med ungdomane.

Vedlegg 4:

Intervjuguide til intervjuet med vaksne i målgruppa.

Vedlegg 5:

Spørjeundersøkinga som vart nytta til kartlegging av frivillige lag og organisasjonar

Vedlegg 6:

Spørjeundersøkinga som vart nytta til kartlegginga i næringslivet.

Strategiplan for integrering i Kvam 2021-25

– Manual til kartlegging i einingane

Om prosjektet

Det vert arbeidd med å laga ein ny strategiplan for integrering i Kvam herad. Planen er meint å skapa ei brei fagleg plattform for integreringsarbeidet i heradet vårt.

Arbeidet er lagt under Flyktingtenesta, og underteikna er prosjektleiar. Leiargruppa til rådmannen fungerer som styringsgruppe. Det er også sett ned ei prosjektgruppe, som skal syta for at ulike kommunale einingar og tenester er med i arbeidet med planen. Prosjektgruppa har utforma eit hovudmål for arbeidet:

«Alle innbyggjarar i kommunen vår skal kunna delta og bidra i kvardagslivet, og få kjenna at dei høyrer til i Kvam».

Planen omfattar integreringsarbeid rundt alle innvandrargruppene: Flyktingar, arbeidsinnvandrarar og familiegjennforeinte.

Informasjon om kartlegginga

Prosjektet er no inne i ein kartleggingsfase, der kommunale einingar og tenester, andre etatar, næringsliv og organisasjonar skal delta i ei spørjeundersøking.

I dei kommunale einingane, vert spørjeundersøkinga gjennomført med eitt sett av spørsmål for leiamivå, og eitt anna for medarbeidamivå.

Kartlegginga skal danna grunnlaget for kva mål og tiltak som vert formulerte for integreringsarbeidet i kommunen framover.

I kartlegginga vil me undersøkje integreringsarbeidet ut frå fylgjande livsområde:

Etablering og busetjing

Helse

Økonomi og levekår

Arbeid og sysselsetjing

Familie, barn og unge

Kommunikasjon og informasjon

Kvalifisering

Fritid og sosiale nettverk

Utføring av kartlegginga på medarbeidarnivå

1) Leiinga på kvar arbeidsplass organiserer ei fokusgruppe på 3-4 personar som skal jobba med kartlegginga på medarbeidarnivå (NB: Det er viktig at gruppene vert mest mogleg heterogene, og at det ikkje berre vert valt ut medarbeidarar med relevant kompetanse og erfaring. Dette for å få eit mest mogleg reelt bilete av situasjonen på kvar arbeidsplass).

2) Medlemene i gruppa les gjennom spørsmåla på førehand, og møter førebudd til gruppearbeid.

3) Gruppa jobbar saman 1-2 timar med drøfting og refleksjon rundt spørsmåla. Det er viktig at alle spørsmåla vert forsøkt svara på.

4) Arbeidet skal skriftleggjerast og sendast til krisve@kvam.no.

Kartlegginga på leiarnivå

Leinga på den enkelte arbeidsplass vurderer sjølv kor mange som deltek i spørjeundersøkinga på leiarnivå.

Omgrepsavklaring:

Omgrepet «integreringsarbeid» går att i spørsmåla. Integreringsarbeid kan forståast som alt arbeid som handlar om å leggja til rette for at personar frå minoritetsgrupper med annan kulturell og/eller språkleg bakgrunn, får den naudsynte oppfylginga dei treng for å få verta sjølvstendige aktørar i samfunnet.

Norheimsund 15/9 2020,
Kristin Lundblad, prosjektleiar



Strategiplan for integrering 2021-25

Spørjeundersøking på leiarnivå

Før de svarar på spørsmåla:

Skriv opp kva arbeidsplass/teneste/eining de jobbar i.

- Diskuter og skriv ned kva (eitt/fleire) livsområde (sjå manual) dykkar eining jobbar med.

Juridisk forankring for integreringsarbeidet

- 1) Kva er dykkar eining/teneste sitt mandat når det gjeld arbeid med innvandrarbefolkninga i Kvam? Er rammene for arbeidet lovregulert? Er det andre føringar som gjev rammer for arbeidet?

Noverande mål og tiltak

- 2) Kva mål har de sett opp for integreringsarbeidet i dykkar eining/teneste?

Kva tiltak har de sett opp for å nå måla? Opplever de at de når måla gjennom tiltaka de har sett opp?

Kompetanse og ressursar i einingane

- 3) Har de eigne ressursar knytte til integreringsarbeid? Dette kan vera både personell, tidsressurs, kompetanse.
- 4) Kva kompetanse (erfaring, kunnskap og bevisstheit) har de når det gjeld innvandrarbefolkninga på arbeidsplassen dykkar?
- 5) Er dei som skal utføre oppgåvene, trygge i rollene sine? Kva kunne eventuelt vore gjort for å heva kompetansen og trygga dei tilsette når det gjeld dette arbeidet?

Tverrfagleg samarbeid

- 6) Har de i dykkar eining/teneste kunnskap om korleis andre tenester, etatar, einingar og frivillige organisasjonar jobbar med integrering?

Korleis opplever de det tverrfaglege samarbeidet på dette område?

Interne rutinar og planar, ansvar og organisering

- 7) Kva rutinar (interne rutinar og eventuelle rutinar for tverrfagleg samarbeid) har de når det gjeld integreringsarbeidet?
- 8) Er det handlingsplanar som dei tilsette kan orientera seg i? Viss ja, vert desse brukt?
- 9) Kven er det som har ansvar for at dykkar teneste/eining gjev den oppfylginga som innvandrarbefolkninga skal ha/har rett på?
- 10) Korleis vert det tilrettelagt for medarbeidarar med innvandrarbakgrunn i arbeidsmiljøet?

Vert det jobba medvite med integrering av desse?

Framtidige mål og tiltak

- 11) Har de forslag til kva mål og tiltak som skal til for at integreringsarbeidet skal verta betre i dykkar teneste?

Eventuelle innspel

Kom gjerne med innspel dersom det er noko de ynskjer å leggja til.

Til sist:

Send svara som vedlagt Word-dokument til: krisve@kvam.kommune.no.

Tusen takk for innsatsen!

Strategiplan for integrering 2021-25

Spørjeundersøking på medarbeidarnivå

Før de svarar på spørsmåla:

Skriv kva teneste/eining de jobbar i.

- Diskuter og skriv ned kva (eitt/fleire) livsområde (sjå manual) dykkar eining jobbar med.

Rammene for integreringsarbeidet

- 1) Kan de skildra kva behov det er for å jobba med integrering på dykkar arbeidsplass?

Noverande mål og tiltak

- 2) Kva mål har de sett opp for dette arbeidet i dykkar eining/teneste?
- 3) Kva tiltak har de sett opp for å nå måla?
- 4) Opplever de at de når måla gjennom tiltaka de har sett opp?

Kompetanse i einingane

- 5) Opplever de at det er god nok kompetanse når det gjeld denne gruppa på arbeidsplassen dykkar?
- 6) Er dei som skal utføre oppgåvene trygge i rollane sine? Kunne det vore gjort noko for å heva kompetansen og trygga dei tilsette når det gjeld dette arbeidet?

Interne rutinar og planar, ansvar og organisering

- 7) Opplever de at det er gode nok rutinar for integreringsarbeidet på dykkar arbeidsplass?
- 8) I kor stor grad opplever de at integreringsarbeidet vert aktualisert og tematisert på dykkar arbeidsplass?
- 9) Kven er det som har ansvar for at dykkar eining/teneste gjev den oppfylginga som innvandrarbefolkninga skal ha/har rett på?

Tverrfagleg samarbeid

- 10) Korleis opplever de at samarbeidet med andre einingar/tenester rundt integreringsarbeidet fungerer?

Framtidige mål og tiltak

- 11) Har de forslag til kva mål og tiltak som skal til for at integreringsarbeidet skal verta betre på dykkar arbeidsplass?

Eventuelle innspel

Kom gjerne med innspel dersom det er noko de ynskjer å leggja til.

Til sist:

Send svara som vedlagt Word-dokument til: krisve@kvam.kommune.no.

Tusen takk for innsatsen !

Kvam herad ynskjer innspel om integrering



Det vert hausten 2020 laga ny plan for integrering i Kvam, og me som jobbar i prosjektet ynskjer seg innspel frå innvandrara i kommunen. Arbeidet er lagt under Flyktingstenesta, og Kristin Lundblad er prosjektleiar.

Hovudmål for arbeidet er:

«Alle innbyggjarar i kommunen vår skal kunna delta og bidra i kvardagslivet, og få kjenna at dei høyrer til i Kvam».

Alle tenester i kommunen, næringsliv og organisasjonar er med på ei stor spørjeundersøking om integrering på dei ulike arbeidsplassane. Det skal også gjennomførast intervju med innvandrara

i Kvam, som kan seia noko om korleis integreringsarbeidet i Kvam faktisk vert opplevd. Me ynskjer å snakka både med arbeidsinnvandrara, dei som har kome gjennom familieinnvandring og dei som har kome som flyktningar.

Me vil gjerne snakka både med vaksne og med ungdommar, om korleis de har opplevd integreringa i kommunen vår. Det vil ikkje verta kjend kven som har vorte intervjuet, så alle som er med vert anonymisert. Intervjua handlar kun om at me skal danna oss eit bilete av korleis det vert opplevd å koma til Kvam, sidan dette er viktig for å vita korleis me skal leggja opp arbeidet for integrering vidare.

Me har lagt opp til samtalar med ungdommar på Ungdomsbasen onsdag 14/10 (gutar) og 21/10 (jenter) klokka 18.

Me håpar at dei som me spør har moglegheit til å vera med 😊

Ved spørsmål ta gjerne kontakt med Kristin på tlf 995 14 810.

Beste helsing Kristin 😊



Tema til samtalar med unge innvandrarar

- På Basen 14/10 (gutar) og 22/10 (jenter)

Samtalar i grupper; tema gitt som utgangspunkt for samtalen.

Må vurdere gruppedynamikk og klima for openheit når det gjeld å ta opp dei mest sensitive tema.

Skulen:

- Generell trivsel i skulevardagen; - timane? - i friminutta?
- Opplevinga av venskap i klassen og på skulen.
Få tak i: Opplevinga ungdommane har av fellesskap og tilhørsla: - innad i gruppa med innvandrarungdom? - kontakt med dei øvrige elevane?
- Opplevinga av trivsel og meistring rundt det faglege: Kva er kjekt/lett/vanskeleg?
- Kontakt med og støtte frå lærarane når det gjeld skularbeid/heimeforhold/anna.
Få tak i: Opplevinga ungdommane har av skulen si oppfylging av dei som minoritetsspråklege.
- Tankar om vidare skulegang: Veit ungdommane noko om kva moglegheiter dei har? Har dei lagt planar for kva dei vil?

Fritida:

- Kva som skjer på fritida; - aktivitetar? - tilhaldsstader? - vener?
- Trivsel på fritida: Kva er eventuelt bra og kva er eventuelt eit sagn?

- Gjer ungdommane aktivitetar saman med familien? Har familien vener, er dei del av noko nettverk?

Økonomi:

- Oppleving av å råd til:
 - å vera med på aktivitetar?
 - kunna kjøpa klede/utstyr som ein har behov for ?
- Er det tilgang til det ungdommane ein har behov for heime (mat, klede, utstyr)?
- Tankar og bekymringar rundt dette?

Helse og trivsel:

- Kunnskap om kven ungdommane kan snakka med om dei ikkje har det bra. Trygheit rundt dette? Erfaringar med det?
Få tak i: Kunnskap rundt og bruken av skulehelsetenesta og merksemd hjå lærarane når noko ikkje fungerer.
- Dersom dei er sjuke: Opplever ungdommane at dei får den hjelpa dei treng når dei sjølve eller andre i familien er sjuke?
- Trivsel i heimen; opplever ungdommane at dei har det bra heime? (NB: Sensitivt tema. Ta inn kun dersom ein vurderer at det ligg til rette for det)



Intervjuguide for samtalar med vaksne

- strategiplan for integrering 2021-25

Tema:

- Korleis opplevde du møtet ditt med Kvam: Kven tok i mot deg, og korleis vart du teken i mot? Kva var bra? Kva kunne vore annleis?
- Kva forventningar hadde du på førehand?
- På kva måte har fått bruka evnene og kompetansen din etter at du kom til Kvam?
- Opplever du at du når dei måla du har sett deg for livet i Kvam? Kvifor/Kvifor ikkje?
- Opplever du at du vert rekna med og er ein del av lokalsamfunnet? Forklar kvifor du opplever det som du gjer.
- Opplever du at du får den informasjonen du treng frå kommunen? Kva manglar?
- Opplever du at busituasjonen din er tilfredsstillande? Kvifor/Kvifor ikkje?
- Opplever du at det er gode møteplassar der du kan treffa andre kvenningar, og kvar er kva møteplassar er eventuelt dette?
- Opplever du at du har meningsfulle aktivitetar på fritida? Kva aktivitetar er dette?
- Opplever du at du har eit nettverk i lokalsamfunnet? Korleis vil du skildra nettverket ditt?
- Korleis opplever du den økonomiske situasjonen din?
- Korleis opplever du helsesituasjonen din? Dersom du har behov for helsehjelp: Får du hjelp til det du ynskjer?
- Er det noko spesielt du vil trekkja fram som du tenkjer at det er viktig når det gjeld integreringsarbeidet i kommunen? Kva syns du skulle vore annleis ?

Kommentar til intervjuguiden: Det går heilt fint å tilpassa måten ein stiller spørsmål på etter korleis ein organiserer intervjuet. Det er likevel veldig fint om ein kjem innom alle spørsmåla slik at me får inn svar på desse tema frå alle som er intervjuet.

Strategiplan for integrering i Kvam 2021-25

- Informasjon til frivillige lag og organisasjonar

Om prosjektet

Det vert arbeidd med å laga ein ny strategiplan for integrering i Kvam herad. Planen er meint å skapa ei brei fagleg plattform for integreringsarbeidet i heradet vårt.

Arbeidet er lagt under Flyktingtenesta, og underteikna er prosjektleiar. Leiargruppa til rådmannen fungerer som styringsgruppe. Det er også sett ned ei prosjektgruppe. Prosjektgruppa har utforma eit hovudmål for arbeidet:

«Alle innbyggjarar i kommunen vår skal kunna delta og bidra i kvardagslivet, og få kjenna at dei høyrer til i Kvam».

Planen omfattar integreringsarbeid rundt alle innvandrargruppene: Flyktingar, arbeidsinnvandrarar og familiegjeforeinte.

Informasjon om kartlegginga

Prosjektet er no inne i ein kartleggingsfase, der ein ynskjer at kommunale einingar og tenester, andre etatar, næringsliv og frivillige lag og organisasjonar, skal delta i ei spørjeundersøking.

Denne undersøkinga finn de på neste side.

Kartlegginga som vert gjort no, skal danne grunnlaget for kva mål og tiltak som vert formulerte for integreringsarbeidet i kommunen framover.

I kartlegginga vil me undersøkje integreringsarbeidet ut frå fylgjande livsområde:



Det er fyrst og fremst den blå firkanten, «fritid og sosiale nettverk», som gjeld frivillige lag og organisasjonar.

Alle spørsmåla vil ikkje «treffa» alle, men det er flott om de svarar så godt det let seg gjera. Det er svært viktig for planarbeidet at ein får eit overblikk det frivillige arbeidet i Kvam på dette området, så innsatsen som vert gjort vil verta sett stor pris på.

Omgrepsavklaring

Omgrepet «integrering» går att i spørsmåla. Integrering kan forståast som den prosessen der menneske med ein annan kulturell og språkleg bakgrunn vert innlemma i majoritetssamfunnet. Integreringsarbeid kan forståast som alt arbeid som handlar om å leggja til rette for at personar frå minoritetsgrupper får den naudsynte oppfylginga dei treng for å få verta sjølvstendige aktørar i samfunnet.

Norheimsund 29/9 2020,
Kristin Lundblad, prosjektleiar

Spørjeundersøking for frivillige lag og organisasjonar

- Strategiplan for integrering 2021-25

Tips til gjennomføring:

Det er flott om ein kan gjennomgå undersøkinga på eit styremøte, slik at fleire i organisasjonen vert involvert.

Det er ynskjeleg med svar pr. mail innan **5. november**. Send svara til: krisve@kvam.kommune.no som vedlagt word-dokument.

Spørsmål:

1. Kva type organisasjon har de?
2. Kva del av befolkninga har de tilbod for?
3. Kan de skildra tilboda de har?
4. Har de medlemmer som har bakgrunn frå andre nasjonalitetar? Kva erfaring har de med å integrera desse ?
5. Er det eit mål for dykkar organisasjon å ha medlemmar med ulik landbakgrunn?
6. Har de ein strategi/rammer for korleis de jobbar med integrering i dykkar organisasjon? Forklar gjerne korleis.
7. Kva forslag har det for tiltak som kan vera positive når det gjeld integrering i dykkar organisasjon?
8. Sett frå dykkar ståstad: Har de tankar om kva som er viktig å ha med i ein kommunal plan for integrering?

Tusen takk for innsatsen!

Strategiplan for integrering i Kvam 2021-25

- Informasjon til næringslivet i Kvam

Om prosjektet

Det vert arbeidd med å laga ein ny strategiplan for integrering i Kvam herad. Planen er meint å skapa ei brei fagleg plattform for integreringsarbeidet i heradet vårt.

Arbeidet er lagt under Flyktingtenesta, og underteikna er prosjektleiar. Leiargruppa til rådmannen fungerer som styringsgruppe. Det er også sett ned ei prosjektgruppe. Prosjektgruppa har utforma eit hovudmål for arbeidet:

«Alle innbyggjarar i kommunen vår skal kunna delta og bidra i kvardagslivet, og få kjenna at dei høyrer til i Kvam».

Planen omfattar integreringsarbeid rundt alle innvandrargruppene: Flyktingar, arbeidsinnvandrarar og familiegjennforeinte.

Informasjon om kartlegginga

Prosjektet er no inne i ein kartleggingsfase, der ein ynskjer at kommunale einingar og tenester, andre etatar, næringsliv og frivillige lag og organisasjonar, skal delta i ei spørjeundersøking. Denne undersøkinga finn de på neste side.

Kartlegginga som vert gjort no, skal danna grunnlaget for kva mål og tiltak som

vertformulerte for integreringsarbeidet i kommunen framover.

I kartlegginga vil me undersøkje integreringsarbeidet ut frå fylgjande livsområde:

Etablering og busefjing	Helse
Økonomi og levekår	Arbeid og sysselsetjing
Familie, barn og unge	Kommunikasjon og informasjon
Kvalifisering	Fritid og sosiale nettverk

Me ynskjer også å involvere næringslivet i denne prosessen. Og vonar at de kan tenkje dykk å svara på spørsmåla som de finn vedlagt.

Omgrepsavklaring

Omgrepet «integrering» går att i spørsmåla. Integrering kan forståast som den prosessen der menneske med ein annan kulturell og språkleg bakgrunn vert innlemma i majoritetssamfunnet. Integreringsarbeid kan forståast som alt arbeid som handlar om å leggja til rette for at personar frå minoritetsgrupper får den naudsynte oppfylginga dei treng for å få verta sjølvstendige aktørar i samfunnet.

Norheimsund 17/11 2020,
Kristin Lundblad, prosjektleiar



Spørjeundersøking for næringslivet

- Strategiplan for integrering 2021-25

Det er ynskjeleg med svar pr mail innan **30. november**. Send svara til: krisve@kvam.kommune.no som vedlagt word-dokument.

Spørsmål:

1. Kva type bedrift har de?
2. Kva tenester tilbyr de?
3. Har de kundar frå andre nasjonalitetar? Dersom ja: Kva erfaring har de ?
4. Har de tilsette frå andre nasjonalitetar? Dersom ja: Kva erfaring har de med å integrere desse på arbeidsplassen?
5. Har de ein strategi/rammer for korleis de jobbar med integrering i dykkar bedrift? Forklar gjerne korleis.
6. Kva forslag har det for tiltak som kan vera positive når det gjeld integrering i dykkar bedrift?
7. Sett frå dykkar ståstad: Har de tankar om kva som er viktig å ha med i ein kommunal plan for integrering?

Tusen takk for innsatsen!